




Kartlegging og verdisetting av

Naturtypar i Etne



Etne kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2009

Kartlegging og verdisetting av

Naturtypar i Etne

Etne kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2009

MVA-rapport 3/2009

Foto på framsida, frå toppen (foto Geir Gaarder):

1) Svært artsrik og idyllisk beitemark ovafor Hjelmervik, vest for Skånevik (lok. 67). Ei rad sjeldsynte og truga beitemarkssopp veks på dette storfebeitet. **2)** Raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT) er ein av dei vakraste beitemarkssoppene vi har. Arten krev gamle, helst ugjødsle enger og veks i Noreg spreitt i beitemarker langs kysten. **3)** Grov, gammal lind i Lundavågen nær austenden av Stordalsvatnet. Gamle edellauvtre er vekseplass for fleire av dei sjeldnaste og mest truga artane ein finn i Etne. **4)** Kornfylltav *Parmeliella testacea* (EN) på ei grov, gammal eik ut mot Vannes nordaust for Skånevik. Dette er ein av dei mange sjeldne lavartane som veks på gamle edellauvtre i kommunen. **5)** Der skogen i fjordliene i Etne står frodig og skuggefullt kan miljøet føre tankane til tropiske regnskogar (frå lok. 32). **6)** Bratte bekkegjel som stupar ned mot fjorden finn ein fleire stader i Etne. Her trivst fuktkevjuande mosar og planter. Slike miljø kan vere truga av småkraftutbygging, og biletet er frå Bjørgjo som no er utbygd. **7)** Ei av dei få havstrandmiljøa av særleg omfang i Etne, på nordsida av Taraldsøy (lok. 41).

Ansvarlege institusjonar og finansiering Etne kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga		Rapport nr: MVA-rapport 3/2009
Tittel: Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Etne		ISBN: 978-82-8060-066-0
Forfattar: Gaarder, G. & Fjeldstad, H.		Tal sider: 38 + vedlegg
Kommunalt prosjektansvarleg: Erik Kvalheim, miljøvernleiar		Dato: 20.04.2009
<p>Samandrag: Eit utval naturtypar i Etne kommune er kartlagt og verdisett i samsvar med DN-handbok 13 "Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold". Denne rapporten presenterer resultatane frå arbeidet, som i hovudsak er basert på feltarbeid i 2006.</p> <p>I Etne kommune er det registrert 106 naturtypar fordelte på seks av dei sju hovudtypane. Kulturlandskap er hovudnaturtypen med flest registrerte lokalitetar (45), deretter kjem skog (34), fjell (11), ferskvatn og våtmark (9), kyst og havstrand (4) og myr (3).</p> <p>I samsvar med DN-handboka er lokalitetane verdisette etter ein tredelt skala: A - svært viktige område (29 lokalitetar), B - viktige område (57 lokalitetar) og C - område med lokal verdi (19 lokalitetar). I tillegg kjem ein lokalitet som ikkje er verdisett (uprioritert). Korleis lokalitetane fordeler seg på dei ulike naturtypane er presentert i tabellform, og den geografiske fordelinga er vist på kart. Kvar enkelt lokalitet har ein eigen omtale bak i rapporten.</p> <p>Det er i tillegg utarbeidd ei oversikt over registrerte raudlista karplanter, mosar, sopp, lav, amfibium og virvellause dyr i Etne kommune, med kortfatta kommentarar. I alt er det kjent 72 raudlisteartar i kommunen, inkludert to kritisk truga artar, 10 sterkt truga artar og 30 sårbare artar. Særleg blant lav er det mange nasjonalt svært sjeldne artar.</p>		
<p>Referanse: Gaarder, G. & Fjeldstad, H. 2009. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Etne. – Etne kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 3/2009: 38 s. + vedlegg.</p>		
<p>Emneord: Biologi, botanikk, flora, naturtypar, raudlisteartar, vegetasjon</p>		
<p>Etne kommune Postboks 54 5590 Etne</p> <p>Tlf: 53 75 80 00, Faks: 53 75 80 01 www.etne.kommune.no</p>	<p>Miljøfaglig utredning AS</p> <p>Bekkjen 6630 Tingvoll</p> <p>Tlf: 97 97 84 20 gaarder@mfu.no</p>	<p>Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavingdelinga Postboks 7310 5020 Bergen</p> <p>Tlf: 55 57 22 00, Faks: 55 57 22 01 http://fylkesmannen.no/hordaland http://miljostatus.no/hordaland</p>

1. FORORD

I Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" vart det sett som mål at alle kommunane i Noreg skulle ha gjennomført kartlegging og verdisetting av det biologiske mangfaldet i kommunen innan 2003. I samband med dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok med ei oversikt over viktige naturtypar og ei rettleiing for korleis naturtypane skal kartleggast (DN-handbok 13 – 1999, revidert i 2007). Eit utval av naturtypar i Etne kommune er no kartlagt og verdisett i samsvar DN-handboka.

Registreringane i felt vart utført av Geir Gaarder og Helge Fjeldstad frå Miljøfaglig Utredning i 2006. I tillegg var Olav Overvoll frå Fylkesmannen i Hordaland og Ingerid Angell-Petersen frå Direktoratet for naturforvaltning med nokre dagar. Kontaktperson i kommunen var Erik Kvalheim, som både har hjelpt til med kart, mykje opplysningar og var med i felt. I tillegg kom det gjennom samtalar med fleire lokale naturinteresserte, ikkje minst Reidar Leknes og Lars Ketil Flesland, fram viktige opplysningar om verdi-fulle miljø. Også fleire fagfolk utanfrå har gitt bidrag. Etne kommune var uvanleg tidleg ute med naturty-pekartlegging, og fekk alt midt på 1990-talet samanstillt mykje av denne kunnskapen (Eldegaard 1996). Dette har vore eit viktig grunnlag for den nye kartlegginga etter DN-handbok 13.

Det vart gjennomført feltarbeid spreidd rundt i kommunen, inkludert båtturar over til nordsida av Åkra-fjorden og ut på Taraldsøy. Særleg rike skogsmiljø og kulturlandskap har vore prioritert, medan høgare- liggande skog og fjellområda i liten grad har blitt sjekka.

Rapporten er skriven av Geir Gaarder og Helge Fjeldstad. Olav Overvoll ved Fylkesmannen i Horda- land si miljøvernavdeling har stått for digitalisering av karta og redigering av rapporten.

Rapporten gir Etne kommune eit underlagsmateriale som vil gjere kommunen betre i stand til å ta nød- vendige omsyn til naturverdiar i framtidig arealplanlegging, og slik ta vare på det biologiske mangfaldet i kommunen.

Tingvoll, 20.03.2009

Geir Gaarder og Helge Fjeldstad

2. INNHALD

1. FORORD	5
2. INNHALD	7
3. INNLEIING	8
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	8
BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD	8
KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?	8
4. FRAMSTILLING OG BRUK AV BIOMANGFALDKART	9
KVA SKAL KARTLEGGAST?	9
KARTFRAMSTILLING	9
BRUKARAR AV KART OVER BIOMANGFALD	9
OPPDATERING OG REVISJON	9
5. NATURGRUNNLAGET I ETNE	10
GEOGRAFI OG AREALBRUK	10
LANDSKAP OG GEOLOGI	10
KLIMA	11
VEGETASJON	11
6. NATURTYPAR	12
GENERELT	12
NATURTYPAR I ETNE	12
Myr (A)	12
Rasmark, berg og kantkratt (B)	13
Fjell (C)	14
Kulturlandskap (D)	14
Ferskvatn/våtmark (E)	17
Skog (F)	20
Havstrand/kyst (G)	22
7. RAUDLISTEARTAR	24
GENERELT	24
RAUDLISTA PLANTAR OG SOPP I ETNE	24
8. FORSLAG TIL OPPFØLGJANDE KARTLEGGING	28
9. LITTERATUR	29
GENERELL LITTERATUR	29
LITTERATUR OM ETNE	29
REGISTRERTE OBSERVATØRAR OG INFORMANTAR	30
SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERNPOLITIKKEN	30
AKTUELLE WEBADRESSER	30
10. LOKALITETSLISTE (tabell 3)	31
11. KART	33
12. VEDLEGG (lokalitetsomtalar)	39

3. INNLEIING

KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, livsformene sitt arvestoff og det samspelet desse livsformene er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå: Økosystem, artar og genar.

Dei ulike artane er avhengige av bestemte økosystem for å kunne eksistere. Eit økosystem kan definerast som ei samling plantar og dyr som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypene i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald av økosystem er den beste måten å sikre artsmangfaldet på, fordi ein på denne måten tek vare på ulike artar sine leveområde. Å ta vare på tilstrekkeleg mange einingar av kvar naturtype er viktig med tanke på genetisk variasjon. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt.

BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD

I 1993 underteikna Noreg Riokonvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land å kjenne til og ivareta det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser. Bakgrunnen for ein slik internasjonal avtale er at areala av ulike naturtypar, som ei følgje av ulike former for menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har bestandane av fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake, og mange artar er truga av utrydding dersom dei negative faktorane held fram. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområde rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur, blir også våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald. Utbygging av bustadhus, fritidshus, næringsverksemd og infrastruktur utgjør eit stadig større press på desse areala.

I tråd med avtalar gjennom Riokonvensjonen vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" uttrykt ei politisk målsetting om at alle landets kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet på kommu-

nen sitt areal innan år 2003. Som ei oppfølging av dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok i kartlegging av naturtypar og verdisetting av biologisk mangfald (DN-håndbok 13-1999), for å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommunegrensene.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen. Men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er ofte svært mangelfullt. For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar kartfestast. Deretter må dei på forsvarleg vis bli integrerte i det lokale planarbeidet. Ved ei god oversikt over dei mest verdfulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige naturområde vil vere eit viktig bidrag til å kunne utføre ei meir presis og framsynt arealforvaltning i kommunen.

Data frå kartlegginga vil òg inngå i regional og nasjonal miljøstatistikk og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regionalt og nasjonalt nivå.

Ikkje minst er det eit ønske at kartlegginga skal medverke til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltninga finn stad. Riokonvensjonen (også kalla Biodiversitetskonvensjonen) frå 1993 er den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan, fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkande, kommuneviss kartlegging av biologisk mangfald.

Grunnen til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både internasjonale og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske og materielle argument: Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osv. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nyttige, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkjast å bli viktig for oss i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspelet mellom organismane, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og motarbeiding av sjukdommar.

Kulturelle argument: Aktivitetar som jakt/fangst og sanking har lange tradisjonar, og sjølv om dei færraste av oss lever like nært naturen i dag, er slike aktivitetar ein viktig trivselsfaktor for mange menneske. Er eit stort biologisk mangfald kan vere ei kjelde til rike naturopplevingar også for dei som nyttar naturen til andre friluftaktivitetar.

Etiske argument: Nokon meiner at alle levande organismar har den same retten til liv, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Mennesket er den einaste arten som med fullt medvit kan utrydde andre artar, dette gir oss eit særskilt ansvar. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine behov for naturbruk og naturopplevingar.

4. FRAMSTILLING OG BRUK AV BIOMANGFALDKART

KVA SKAL KARTLEGGAST?

Metoden for kartlegging og verdisetting av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999, revidert 2007)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996, revidert internettutgåve 2001)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, berre internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001)
- Førekomst av raudlisteartar (Artsdatabanken, Kålås mfl. 2006)

Denne rapporten omhandlar naturtypar og raudlista planteartar. Etne kommune har tidlegare gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde (Auestad mfl. 2004).

KARTFRAMSTILLING

Alle temakart blir digitaliserte med grunnlag i manuskart utarbeidd gjennom kartlegginga. Digitaliseringa gjer at datasetta lett kan tilpassast digitale kartsystem, og kommunen kan etter ønskje og behov, relativt enkelt utarbeide egne kart for dei ulike tema.

Til bruk i arealplanlegginga er det ønskjeleg at kommunen får utarbeidd samlekart over område med høg verdi for biologisk mangfald. Dette går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde, ferskvatn, marine område og raudlisteartar). Direktoratet for naturforvalt-

ning har gitt ut ein rettleiar for framstilling av slike kart (DN 2000).

BRUKARAR AV KART OVER BIOMANGFALD

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til endringar og nye lokalitetar.

OPPDATERING OG REVISJON

Denne kartlegginga av naturtypar er ikkje fullstendig, og ei kartlegging av det biologiske mangfaldet kan heller aldri bli endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg, ved klimaendringar og suksesjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap, er det viktig at karta blir oppdaterte med jamne mellomrom. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.

5. NATURGRUNNLAGET I ETNE

GEOGRAFI OG AREALBRUK

Etne kommune ligg på sørvestlandet, lengst søraust i Hordaland fylke, på grensa mot Rogaland. Landskapsmessig er kommunen prega av Etnefjorden i sør og den lange, tronge Åkra fjorden i nord. Etnevassdraget er eit av dei største vassdraga i regionen med eit nedbørsfelt på 252 km².

Totalt dekkjer kommunen eit areal på 708 km² og har ei kystlinje på 103 km. Høgaste punkt er Folgefonna i nord på 1639 m o.h., som også er einaste breområde i kommunen. På sørsida av Åkra fjorden dannar Helgedalsnuten, på grensa mot Sauda, høgaste punkt på 1443 m o.h. Kommunen har i alt rundt 30 km² ferskvatn, med Stordalsvatnet (51 m o.h.) som det største og viktigaste. Elles dekkjer Folgefonna om lag 40 km², fjell og utmark 397 km² og myr 29 km². Av meir produktive areal er det ca. 25 km² dyrka mark og 180 km² skog. Rundt 7 km² reknast som nedbygd.

LANDSKAP OG GEOLOGI

Landskapet i Etne er kontrastrikt, som det meste av naturen på Vestlandet. Det er djupe fjordar, bratte lier og høge fjell. Særleg Åkra fjorden utmerkar seg som trong og vill. Fjorden er òg stort sett veglaus på nordsida, der det ligg ei rekkje

nedlagte gardsbruk. Berre på Eikemo er det framleis fast busetnad og ein liten vegstubb ned til fjorden. Nedre delar av Etnevassdraget og terrenget på sørsida av Etnefjorden skil seg likevel litt ut frå det typiske for fjordstrøka i Hordaland, ved å vere ganske rikt på lausmassar og med meir rolege landskapsformer. Her finn ein store lausmasseterrassar og Etneelva meandrerar (slynger seg) gjennom landskapet, noko som er svært uvanleg for ein vestlandskommune. Dette gir grunnlag for fleire spesielle og verdifulle naturtypar som er sjeldne i regionen elles.

Geologisk er det meste grunnfjellsbergartar i nordre delar av kommunen, og rundt Åkra fjorden, mykje granitt og ein del metabasalt og gabbro (grå, brune og lyseraude farger). I sørlege delen av kommunen er det gamle, sedimentære bergartar som har vorte omdanna til fyllitt eller glimmerskifer (grøn farge), samt restar av gamle skyvedekke av gneis (mørkeraud farge), sjå figur 5.1.

Gneis og granitt er harde bergartar som sjeldan gir grunnlag for særleg frodig eller artsrik vegetasjon. Unntak kan vere i rasmark og bratte lier. Gabbro, glimmerskifer og fyllitt er derimot betre bergartar for plantedekket, og kan av og til gi opphav til kravfulle og verdifulle plantesamfunn. Det er òg i første rekkje på stader med fyllitt/



Figur 5.1. Utsnitt av geologisk kart over sørlege delen av Hordaland, der Åkra fjorden kan sjåast sentralt på biletet. Kjelde: Noregs geologiske undersøkingar 2008, www.ngu.no.

glimmerskifer at ein på snaufjellet kan få innslag av kalkrike fjellplantesamfunn. Dette gjeld både på halvøya mellom Skånevik og Etne, i fjella på sørsida av Stordalsvatnet inn mot Sauda, og på eit mindre fjellparti inn mot Folgefonna. I fjordliene fører nok gabbroen, til frodig edellauvskog, ikkje minst når den har innslag av grønstein, sjølv om det kuperte landskapet nok i seg sjølv fleire stader gir grunnlag for rike skogsmiljø.

KLIMA

Moen (1998) sitt kart over vegetasjonssonene i Noreg, viser at Etne kommune har både boreonemoral, sørboreal, nordboreal og alpine soner. Det boreonemorale området omfattar berre små areal rundt Skånevik, men kunne kanskje ha vore utvida noko meir, då varmekjære innslag i floraen er markante også austover mot Tungesvikstranda og til Sævareidberget, samt på nordsida av Stordalsvatnet. Sørboreal sone dekker store delar av låglandet i kommunen, langs fjordliene og oppover langs Etnevasdraget. Det aller meste av edellauvskog og dyrkemark ligg innanfor denne sona. Dei høgstliggande gardsbruka og mykje av den boreale skogen med mindre varmekjære treslag som furu, bjørk, osp og gråor finst innanfor den mellomboreale og nordboreale sona (det er litt uklare overgangar mellom desse to typane på Vestlandet, ofte går ein nesten rett over frå mellomboreal skog til snaufjell, og typisk fjellskog kan vere dårleg utvikla). Oppe på snaufjellet har ein alpine soner. Det meste kan nok førast til lågalpin sone, men dei høgstliggande partia, særleg inn mot Folgefonna, høyrer nok til mellomalpin eller høgaltalpin sone.

Dei store nedbørsmengdene fører til at kommunen har eit oseanisk klima. Det er likevel store lokale skilnader i nedbørsmengdene. I låglandet, på halvøya mellom Etnefjorden og Skånevikfjorden, kjem det under 2000 mm i året, medan det fell over 2500 mm i året inst i Åkrafjorden, og i områda inn mot Folgefonna kan det kome over 4000 mm nedbør i året. Moen (1998) fører dei høgareliggande områda i indre delar av kommunen til sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon, medan resten av kommunen kjem inn i klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Det store innslaget av regnskogstilknytte lav i Skånevikfjorden og Åkrafjorden, samt nokre plantefunn (som hinnebregne) i same området, tilseier kanskje at areala med sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon skulle ha vore noko utvida her.

VEGETASJON

Vegetasjonen i Etne er skapt ved ein kombinasjon av ulike faktorar, der klima, berggrunn, topografi og menneskeleg bruk er sentrale. Av biologisk interesse er nok særleg det kystprega klimaet med mykje nedbør, lokale innslag av rik berggrunn og ei lang utnytingshistorie med m.a. styving av edellauvtre. I låglandet må det aller meste av arealet i stor grad reknast som gammalt kulturlandskap, som no anten er i intensiv bruk eller har fått gro att fordi det etter dagens standard er for tungt tilgjengeleg. Også den høgareliggande skogen og snaufjellet vart mykje utnytta tidlegare, men har heile tida hatt eit sterkare preg av mindre påverka naturlandskap.

Generelt er mykje av landskapet opp til om lag 200 m o.h. prega av enten å vere oppdyrka eller på andre måtar sterkt påverka av menneskeleg utnytting (nedbygd, tilplanta med gran osv.) eller det står varmekjær edellauvskog der. På grunnlendt mark og fattig berggrunn står det òg noko furuskog eller bjørkeskog. Over 200 m o.h. tek den mindre varmekjære lauvskogen oftast over, med bjørka som dominerande treslag. Nokre stader står det òg mykje furuskog. Skoggrensa varierer noko. Den er lågast i vest og ligg der for det meste mellom 400 og 500 m o.h, medan den stig rundt 100 meter innover i Åkrafjorden mot aust. Over 600 m o.h. er det for det meste snaufjell, i form av hei og myr i mosaikk med mange små og store vatn.



Figur 5.2. Der skogen i fjordliene i Etne står frodig og skuggefullt kan miljøet føre tankane til tropiske regnskogar. Dette er slett ikkje så gale tenkt, då fleire av dei mest karakteristiske artane i desse skogane (i første rekkje lav) er knytt til regnskogsmiljø. Sjølv om mangfaldet ikkje kan måle seg med dei tropiske regnskogane, er dette likevel artsrike og særprega miljø, og fleire av førekomstane i Etne kan reknast som såkalla boreonemorale regnskogar. Fotoet er frå lokalitet 32.

6. NATURTYPAR

GENERELT

Direktoratet for naturforvaltning har plukka ut 56 naturtypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald og som difor skal kartleggast (DN-handbok 13, 1999). 50 av desse naturtypane finst også i Hordaland. Naturtypane som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriterium som er brukte ved utveljinga av kva naturtypar som skal kartleggast er:

Førekost av raudlisteartar, dvs. artar som på ein eller anna måte er truga, ofte ved at veksestaden eller leveområdet blir øydelagt.

Kontinuitetsområde, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og kulturlandskap med gamle, ugjødsle beite- og slåttemarkar.

Særlig artsrike område, område som har eit stort artsmangfald på eit avgrensa areal. Omgrepet "artsrik" er relativt og må sjåast i samband med det potensialet som finst i regionen. Rikmyr og fukteng er døme på naturtypar som ofte er artsrike.

Sjeldne naturtypar. Dette gjeld naturtypar som er sjeldne på landsbasis. På kommunenivå er det likevel òg viktig å få registrert naturtypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader. I andre tilfelle kan ein naturtype som er relativt sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg lokalt. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda.

Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugium og spreingskorridorar.

Spesielle artar og samfunn. Ein del naturtypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikkje nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturtypar er fossesprøytsone, brannfelt og kjelder.

Høg biologisk produksjon. Naturtypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av sporvefugl, er eit typisk døme på dette.

Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturtypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttemarkar, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle lokalitetar med ein bestemt naturtype er ikkje alltid like viktige. Verdisettinga kan variere frå lokalitet til lokalitet, sjølv om vi har med den same naturtypen å gjere. Her bruker ein eit sett kriterium som støtte under verdivurderinga.

Kriterium for verdsetting:

- Storleik
- Grad av tekniske inngrep
- Førekost av raudlisteartar
- Kontinuitetspreg
- Sjeldne utformingar

Skala for verdsetting:

- A: Svært viktig
- B: Viktig
- C: Lokal verdi

NATURTYPAR I ETNE

I Etne kommune er det registrert 24 naturtypar av dei 56 som er skildra i DN-handbok 13. I tillegg kjem ein naturtype som ikkje er omtalt i handboka (skog med barlind). Naturtypane er fordelte på seks av dei sju hovudtypane (det er ikkje registrert miljø der rasmark og berg er hovudtype, sjølv om slike nok finst i kommunen). Totalt 106 lokalitetar er kartlagt. Korleis desse fordeler seg på dei ulike naturtypane går fram av Tabell 1. Den geografiske fordelinga er vist på Kart 2 og ei liste over lokalitetane er gitt i Tabell 3. Kvar enkelt lokalitet er til slutt gitt ein eigen omtale (s. 37-56).

I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei ulike naturtypane og førekosten av dei i Etne. For ei generell og meir detaljert skildring av hovudnaturtypane viser ein til Fremstad (1997) og DN (2007).

Myr (A)

Myr er eit økosystem med høg grunnvasstand som blir danna der klimaet er relativt kjølig og nedbøren høgare enn fordampinga. I store delar av Hordaland er dei klimatiske føresetnadene for å få danna myr gode. Der jorda er metta med

Tabell 1. Kartlagte naturtypar i Etne fordelt på naturtype og verdi.

Hovudtype (tal lokalitetar)	Undertype	Kode	Verdi			Total*
			A	B	C	
Myr (3)	Intakt låglandsmyr	A01	-	-	1	1
	Kystmyr	A08	1	-	-	2**
Fjell (11)	Kalkrike område i fjellet	C01	-	9	2	11
Kulturlandskap (45)	Naturbeitemark	D04	4	2	4	10
	Hagemark	D05	-	8	-	8
	Parklandskap	D13	-	1	-	1
	Artsrik vegkant	D03	-	1	-	1
	Haustingsskog	D18	9	8	2	19
	Store gamle tre	D12	1	4	1	6
Ferskvatn/våtmark (9)	Fossesprøytsone	E05	1	-	-	1
	Dam	E09	-	1	3	4
	Deltaområde	E01	-	1	-	1
	Naturleg fisketom innsjø	E10	1	-	-	1
	Kroksjøar, flaumdammar o.a.	E03	-	2	-	2
Skog (34)	Rik edellauvskog	F01	6	6	-	12
	Gammal fattig edellauvskog	F02	2	1	3	6
	Gråor-heggeskog	F05	1	2	-	3
	Rik sumpskog	F06	-	3	2	5
	Gammal lauvskog	F07	1	1	-	2
	Bekkekløft og bergvegg	F09	1	3	-	4
	Kystfuruskog	F12	1	-	-	1
	Anna viktig førekomst***	-	-	1	-	1
	Kyst og havstrand (4)	Strandeng og strandsump	G05	-	2	-
Brakkvassdelta		G07	-	1	1	2
Totalt*			29	57	19	106

* Det er kartlagt 106 lokalitetar i Etne (sjå Tabell 2 og Kart 2 bak i rapporten).

** Ei kystmyr har fått verdi "U" – uprioritert.

*** Lokalitet med "anna viktig førekomst" er Langebudalen NR, der det m.a. veks barlind (VU).

vatn blir det mangel på oksygen, og nedbrytinga av dødt organisk materiale stoppar heilt eller delvis opp. Difor skjer det ei opphoping av planterestane, og det blir danna organisk jord eller torv. Det finst fleire måtar å klassifisere myr på, m.a. etter korleis dei har blitt danna, hydrologi, utforming og vegetasjonstypar (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 1999).

Myrane har både direkte og indirekte verknad på biologisk mangfald. Mange artar er direkte knytt til myr som veksestad eller leveområde, og myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin og naturlege reinseanlegg.

I Etne er det ein del myrareal, men for det meste i fjellskogen og oppe på snaufjellet. Det som har vore av myr i låglandet er stort sett grøfta og oppdyrka, og berre små flekkar står att. Det er for det aller meste snakk om fattige myrtypar. Noko intermedier myr finst, men velutvikla rikmyr er ikkje funne i kommunen så langt. Det meste er fastmattemyrer, truleg ofte bakkemyrer i noko hellande terreng. I tillegg kan ein finne mindre areal med mjukmatte- og lausbotnmyr.

Rasmark, berg og kantkratt (B)

Denne naturtypen omfattar vegetasjon på grunnlendt eller ustabil, tørr mark og finst i overgangen mellom skog og opne habitat, på bergknausar, tørre, steinete bakkar og skrentar. Naturtypen dekkjer generelt nokså små areal, men kan likevel vere veksestad for interessante og sjeldne artar som er bundne til tørre, opne stader. Fleire forhold gjer at rasmarker ofte er nøkkelhabitat for plantar: Sør- og austvendte rasmarker har ofte eit varmare lokalklima enn områda rundt, ekstrem topografi gjer ofte lokalitetane lysopne og rørsler i lausmassane og skredaktivitet opnar for konstant gode forhold for pionérsamfunn.

Til dels bratte fjordlier og dalsider fører til at det finst ein del berg og rasmark i Etne, men ingen lokalitetar har vorte registrert så langt. Eit par av dei rike fjellområda som er fanga opp har riktig nok preg av rasmark, men desse ligg over skoggrensa og fell derfor ikkje under denne hovudnaturtypen. Også innanfor lokalitetar frå andre registrerte hovudnaturtypar er det element av rasmark og berg. Dette gjeld m.a. fleire bekkekløftmiljø der det veks fuktrevjande planter og mosar som er typiske for nordvendt rasmark og kystberg. Ein typisk art er den oseaniske

hinnebregna, som m.a. finst fleire stader på sørsida av Åkrafjorden. Eit anna døme er prakttivilbladmosen som ofte finst i same miljø. Fleire verdifulle miljø med slike artar er kjent i dei bratte, nordvendte fjordliene i Etne, og ein må rekne med at det finst fleire som enno ikkje er kartlagt. I dei fleste tilfella er det likevel mest naturleg å ta desse miljøa med under hovudnaturtypen skog. Kanskje kan det òg finnast meir opne urer av interesse som også burde ha vore kartlagt.

Mangel på kalkkrevjande vegetasjon fører til at meir soleksponerte og sørvendte, tørre rasmarker og bergveggar ikkje er registrert i Etne, og truleg finst det få lokalitetar av høg verdi av denne naturtypen i kommunen. Det same gjeld for kantkratt, der det særleg er varmekjære og litt kalkrike utformingar som har interesse. Kratt med bringebær og høgstauder er meir vanlege, men sjeldan av særleg biologisk interesse. Ut mot Vannes, nordaust for Skånevik, er det riktig nok innslag av interessante artar typisk for slike miljø, som t.d. bergflette, men landskapet er mest prega av skog, og kantsonemiljøa dekkjer små areal og manglar sjeldne artar og utformingar.

Fjell (C)

Naturtypen fjell er definert som område over den klimatiske skoggrensa. Som økosystem er fjellet sårbart, fordi ein her nærmar seg yttergrensa for kor det er mogleg å leve. Sjølv om mange fjellområde tilsynelatande er urørte, er store område likevel påverka når vi reknar med beiting frå husdyr.

Langvarig snødekke og kort vekstsesong med låg temperatur, gjer at fjellet kan vere sårbart sjølv for små endringar i klimaet. Dei klimatiske faktorane er svært viktige i fjellet, men ein annan viktig faktor er plantane sin tilgang på næring. Mange fjellplantar er mineraljordsplantar som krev skifrige bergartar som forvitrar lett. Dette fordi jordsmonnet i fjellet ofte er dårleg utvikla, og fjellplantane må vekse i bergsprekker, rett på steingrunnen. Bergartar som glimmerskifer, fyllitt eller gabbro er difor heilt avgjerande for å få danna ein rik fjellvegetasjon. I samanheng med kartlegging av biologisk mangfald, er det baserik grunn eller dei kalkrike områda som skal kartleggast. Kalkrike område i fjellet (C01) er ein samlenaturtype for all kalkrik vegetasjon i fjellet.

Det meste av fjellområda i Etne er fattige lågpine fjell. Mykje nedbør, både vinter og sommar, fører til at fuktige heitypar er dominerande. Det kystnære klimaet fører òg til at både snøleie- og rabbesamfunn er dårlegare utvikla enn i meir innlandsprega område. Det er særleg lesidesamfunna som pregar fjellvegetasjonen. I tillegg

er det, som tidlegare nemnt, ofte ein mosaikk med myrparti og/eller berg og ur.

Likevel finst det fleire botanisk ganske interessante, men små, fjellparti spreidd i kommunen. Lokalt rikare berggrunn fører til at det her finst fleire kalkkrevjande planter som er ganske sjeldne så langt vest. Slike lokalitetar er kjent både i austre del av kommunen, aust for Storevatnet, i fjellet mellom Etne og Skånevik og inn mot Folgefonna i nord. På stader som dette hender det at ein finn artar som bergstorr, svartstorr, hårstorr, taggbregne, bergveronika, fjellbakkestjerne, flekkmure, grønkurle, fjellkvitkurle, rynkevier, reinrose, snøildre, raudsildre og gulsildre.

Kulturlandskap (D)

Svært mykje av naturen rundt oss er påverka av menneske og kan slik sett kallast kulturlandskap. Men i denne samanhengen brukar ein omgrepet på naturtypar der menneska har hatt, og har ei avgjerande rolle for utforminga av vegetasjonen og utvalet av artar (DN 1999). Dette gjeld først og fremst område i tilknytning til jordbrukslandskapet.

Gjennom ulike driftsformer og lang kontinuitet, har det blitt danna mange ulike leveområde for plantar og dyr i kulturlandskapet. For mange av sopp- og planteartane er det truleg dei gode lystilhøva som er spesielt viktige. Mange av artane er også tilpassa eit heller magert jordsmonn, utan særleg gjødsling, og forsvinn etter kort tid, dersom ein tilfører kunstgjødsel eller gylle.

Etter ca. 1950 har det skjedd store endringar i landbruket. Utmarksareala i låglandet blir i mindre grad enn før nytta til beiting og hausting, og slåtteeingene blir drivne meir intensivt med kraftig gjødsling og eit fåtal grasartar. Fleire av naturtypane knytte til det gamle jordbrukslandskapet er i ferd med å forsvinne. Dette har igjen ført til at mange artar som tidlegare var vanlege i kulturlandskapet etterkvart har blitt sjeldne eller er i tilbakegang. Naturtypar i kulturlandskapet som er plukka ut for denne kartlegginga er i stor grad område med restar av gamle driftsformer, område som inneheld eit høgt artsmangfald eller særeigne artar.

Etne kommune har i så måte ein noko uvanleg kombinasjon av gamle og nye kulturlandskapsmiljø. Det meste av jordbruksareala blir utnytta intensivt, med gjødsling, jordbearbeiding, sprøyting m.m. Dette er for det meste artsfattige miljø. Likevel har kommunen framleis ganske mykje restar av gamle kulturmarkstypar med stort artsmangfald.



Figur 6.1. Idyllisk og svært artsrik beitemark ovanfor Hjelmervik, vest for Skånevik (lok. 67). I denne naturbeitemarka, som i dag blir beita av storfe, veks det fleire sjeldne og truga beitemarkssopp.



Figur 6.2. Styvingstre er først og fremst viktige som kulturhistoriske element, men òg til ein viss grad for artsmangfaldet fordi styvingstrea ofte er dei einaste trea som har fått stå til dei blir verkeleg gamle (gamle tre er viktig levestad andre organismar). Tradisjonen med styving av lauvtre har etter kvart gått ut, både i Etne og resten av landet. Det er tungt arbeid som gir heller lite av seg. Her er vi her i ferd med å tape ein viktig del av kultur- og naturarven vår! Heldigvis har styresmaktene så smått fått augene opp for desse verdiane, og stønadsordningar saman med lokal interesse har ført til at fleire gardbrukarar no har tatt opp att tradisjonen som her ved Tungesvik (lok. 46).

Slåtteeenger (D01)

Artsrike slåtteeenger er ein naturtype som nesten har forsvunne pga. driftsendringar, først og fremst ved kraftig gjødsling og endring i slåtteeidspunkt. Ved auka næringstilførsel blir dei store, breiblada grasa favoriserte, og mange av urtene forsvinn. I dag finn ein restar av gamle slåtteeenger på små, avgrensa areal der det er vanskeleg å kome til med moderne reiskap. I ulendt terreng har gamle slåtteeenger ofte blitt til beiteland.

Under naturtypekartlegginga i Etne i 2006 fann vi ikkje ei einaste artsrik slåtteeeng, og fekk heller ikkje tips om nokon! Denne vakre, artsrike og kulturhistorisk verdifulle naturtypen kan med andre ord vere gått fullstendig tapt i Etne. Saman med den har nok òg fleire spesielle artar forsvunne. Det er nok lettast å legge merke til blomsterplantar som solblom og kvitkurle (begge er i Etne anten utrydda eller står i fare for å bli det), men også eit stort tal insekt, ikkje minst ulike sommarfuglar, trivst best i gamle og lite gjødsla slåtteeenger. Restar av slåtteeengfloraen kan i dag finnast i ulike kantsoner, m.a. i vegkantane, og ein slik lokalitet er kartlagt i Etne (lok. 60 på Hovland).

Naturbeitemark (D04)

Naturbeitemark er ikkje tresett beitemark i langvarig hevd som har vore lite eller ikkje gjødsla eller jordbearbeidd (DN 1999). Naturbeitemark med lang kontinuitet og god hevd er ein artsrik naturtype, som har blitt stadig sjeldnare. Naturtypen har ofte eit stort innslag av urter, men er likevel som regel meir grasdominert enn slåtteeenger. Areal med indikasjon på langvarig hevd, utan bruk av gjødsel er viktige.

Sjølv om dei fleste beitemarkene i Etne er såpass oppgjødsla at dei har mindre interesse for det biologiske mangfaldet, viste kartlegginga i 2006 at det framleis finst nokre gamle og artsrike beitemarker i kommunen. Dette er nok særleg slike som ligg litt tungt tilgjengeleg for traktor og tunge maskiner, men som likevel har vore av interesse å bruke som beitemark. Hard gjødsling, anten det er med kunstgjødsel eller gylle (og for så vidt også store mengder fast husdyrgjødsel), fører til at berre eit fåtal vanlege engplantar klarer seg. Men gamle beitemarker som stort sett ikkje har blitt tilført meir gjødsel enn det dyra sjølv legg frå seg, er oftast mykje artsrike, og fleire av artane her kan vere sjeldne både nasjonalt og internasjonalt. Ikkje minst gjeld det såkalla beitemarkssopp, ei stor gruppe marklevande sopp (kanskje rundt 150 artar), som best trivst på gamle, lite gjødsla enger som blir halde i hevd med slått eller beite. Fleire av desse er raudlista og nærmare omtala i kap. 7. Typiske

blomsterplantar i naturbeitemark er t.d. blåklokke, harerug, prestekrage, hårsveve, kattedot, tepperot og lækjeveronika, saman med fleire gras- og storrartar.

Sidan naturbeitemark ofte har lågare produksjon pr. arealeining enn dei gjødsla beitemarkene, har mange etter kvart gått ut av bruk og er i atgroing. Men med statlege tilskot, og om brukaren har interesse av det, kan det ver mogleg å halde oppe ei drift som etterliknar gamle metodar. Også i Etne, som ved Aksland vest for Skånevik, finst det døme på at artsrik og verdifull beitemark har blitt rydda for tette einerkratt dei seinare åra, og på den måten fått oppretthalde dei biologiske verdiane. Fleire stader er det nok likevel framleis fare for at dei verdifulle beiteområda går ut av bruk eller kan bli øydelagt av meir intensiv utnytting.

Haustingsskog (D05)

Denne naturtypen omfattar dei fleste tresette kulturmarksområde, som tresett beitemark og slåttemark. Trea er ofte er avstandsregulerte. Ein ønskjer spesiell fokus på område med styvingstre (DN 1999). Gamle styvingstre kan vere viktig levestad for sopp, lav, mosar og virvellause dyr, fordi dette ofte er dei einaste trea som har fått sjansen til å bli verkeleg gamle.

Haustingsskog er ein viktig naturtype i Etne. I eit nasjonalt, og truleg også internasjonalt perspektiv, er det dei talrike styvingstrea som samla sett utgjer det mest verdifulle naturelementet i kommunen. Etne har uvanleg mykje grove og gamle styva asketre. Sjølv om dei aller fleste har gått ut av bruk, står det sikkert nokre tusen slike tre her enno. Særleg mange finn ein rundt Åkrafjorden, men òg rundt Stordalsvatnet står det mange. Saman med askane er det fleire stader styva alm. Styva eik finst det òg i hundretals av, m.a. på nordsida i ytre delar Åkrafjorden, samt hist og her på sørsida av fjorden, utover forbi Skånevik, og på nordsida av Etnefjorden. I tillegg er det litt styva lind, særleg rundt Åkrafjorden.

Styvingstre blir ofte mykje eldre enn tre som ikkje har vorte hausta, både fordi dei har fått stå, men òg fordi greinstrukturen hindrar dei i å gå over ende, og dei kan bli svært grove og ofte hole. Den styva hovudstammen er ofte ikkje så mange meter høg, og om greinene ikkje blir kutta jamleg, kan krona etter kvart bli for stor og tung og treet går over ende. På gamle styvingstre, særleg om dei står i halvopne landskap (dvs. ikkje heilt ope, men heller ikkje i lukka skog), kan det vere eit stort mangfald av artar. Særleg ein del lav, men òg spesielle mosar, sopp, virvellause dyr, fuglar og flaggermus kan ha nytte av slike tre. Mange av dei mest sjeldne



Figur 6.3. Store, gamle tre er viktige element i kulturlandskapet mange stader, både visuelt og biologisk, og blir i DN-handbok 13 rekna som ein eigen naturtype (D12). Den gamle eika i Skånevik sentrum (lok. 81) er ein god representant for naturtypen. Treet må vere mange hundre år gammalt og er både biologisk og kulturhistorisk eit minnesmerke. Fleire sjeldne og truga artar av sopp og lav veks på treet. Ein får håpe at kommunen og lokalsamfunnet vernar om treet også i åra framover.

og truga artane som er funne i Etne veks på styvingstre (sjå eige kapittel). Gjennom statlege stønadsordningar har det positivt nok vore litt oppsving i styvinga av edellauvtre, særleg ask, i Etne dei seinare åra. Døme på fint styva asketre står fleire stader i kommunen, særleg rundt Stordalsvatnet. For Sævareidberget landskapsvernområde er det laga ein skjøtselsplan som ikkje minst tek for seg styvinga. Diverre står dei aller fleste styvingstrea i kommunen likevel til nedfalls, og få nye blir etablert. Særleg for dei store styvingслиene på nordsida av Åkrafjorden, samt mange på sørsida av fjorden, er dette synd og biologisk sett eit stort tap.

Skogsbeite (D06)

Naturtypen omfattar skog som blir beita eller som framleis har sterkt beitepreg (DN 1999). Naturtypen ligg vegetasjonsmessig i grenselandet mellom kulturmark og kulturpåverka skog, men trea er ikkje avstandsregulerte som i hagemarker. Område med lang beitekontinuitet er særleg viktige, på slike lokalitetar kan det finnast sjeldne artar.

Vi har, under litt tvil, ikkje kartlagt eigne skogsbeite i Etne kommune. Det går framleis stadvis mykje beitedyr i skogsmark i kommunen, også

innanfor verdifulle naturmiljø. M.a. gjeld dette på sørsida av Åkrafjorden. Innanfor Kyrping og Tjelmeland går det ein del sau i utmarka, som er med på å skjømte det biologisk verdifulle landskapet der. Sidan dei største naturverdiane i områda er knytt til dei gamle styvingstrea, er det likevel valt å rekne desse miljøa som haustingskogar og ikkje skogsbeite. Noko av det same gjeld for fleire andre beitemarksområde som har innslag av styvingstre. Det er òg døme på miljø med karakter av skogsbeite, men der verdiane er såpass mykje knytt til open eng at dei er rekna som naturbeitemark (som ved Aksland/Hjelmervik). Det er difor viktig å hugse på at sjølv om ingen skogsbeite er registrert i kommunen, så er likevel husdyra med på å ta vare på store naturverdiar mange stader der dei går i meir eller mindre skogdekt utmark.

Ferskvatn/våtmark (E)

Naturtypen omfattar område med ope ferskvatn som elvar, bekkar, større og mindre innsjøar og innsjøområde (DN 1999). Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i skogsområde og i intensivt drivne jordbruksområde kan ferskvasslokalitetar vere artsrike habitat og viktige spreingskorridorar. Mange ferskvasslokalitetar

har stor grad blitt utsette for ulike inngrep. Viktige trugsmaal er m.a. regulering, drenering, attfylling, bekkelukking, bekkeutretting og forureining. Etne har mange bekkar og elvar. Dei viktigaste vassdraga er Etneelva med sidevassdrag og nokre litt større elvar i Åkrafjorden: Eikemoelva, Fjæraelva og Mosneselva. Dei fleste vatna i kommunen ligg oppe på snaufjellet. I låglandet er det færre vatn, men det finst også der både store (Stordalsvatnet) og små vatn, og fleire små dammar og sumpar i nærområdet til Etneelva. Heller lite lausmassar, bortsett frå langs Etnevassdraget, fører til at det er avgrensa med flaummarksmiljø i kommunen.

Deltaområde (E01)

Vassdrag fraktar i varierende grad med seg lausmassar. For store vassdrag kan det vere snakk om store mengder i løpet av eit år, og under kraftig flaum kan sjølv små bekkar ta med seg store steinar. Ved utløpet i innsjøar blir det difor over tid ofte bygd opp store lausmasseavsetningar. Slike miljø kan vere varierte som følgje av skiftande vasstilgang og stadig elvegraving (erosjon), og dei er ofte produktive. Det er difor vanlegvis viktig å registrere og ta vare på slike miljø.

Etne ser ikkje ut til å ha særleg store eller interessante, intakte deltaområde (Etneosen er rekna som eit brakkvassdelta – sjå s. 23), og berre ein lokalitet er fanga opp i denne kartlegginga (lok. 96, Kjerungebotn ovanfor Blådalsvatnet, på grensa mot Kvinnherad). Fleire mindre delta/elveutløp av noko verdi finst nok i tillegg.

Mudderbankar (E02)

Naturtypen omfattar opne, skjerma strandsoner og gruntvassområde på fint substrat (leire, mudder, silt og finsand), og er karakterisert av såkalla pusleplantar; små, eittårige periodevis vasslevande plantar (DN 1999). Mange av desse plantane er sjeldne.

I Etne finst det berre små og fragmentariske innslag av slike miljø langs vatn og vassdrag, og ingen lokalitetar er kartlagt som spesielt verdifulle. Heilt lokalt bør ein likevel prøve å ta vare på slike område, både fordi dei kan innehalde sjeldne plantar og fordi dei ofte er viktige for våtmarksfugl. I tilknytning til eit par flaummarkskogar med gråor-heggeskog og flaumdammar langs Etneelva er det truleg også små innslag av mudderbankar.



Figur 6.4. Lausmasseavsetningane mellom Stordalsvatnet og Etnefjorden er blant dei mektigaste i Hordaland fylke, og gir grunnlag for fleire regionalt særprega og sjeldne naturmiljø. Her frå sumpområde og flaummark langs Etneelva, nær utløpet ved Fitja (lok. 2).

Kroksjøar, flaumdammar og meanderande vassdrag (E03)

På same måten som for deltaområde er dette miljø som oftast er skapt av lausmassetransporten til vassdraga, og dei er på same måten også ofte varierte og produktive (deltaområde inneheld gjerne desse miljøtypene i tillegg). Dette er samtidig sjeldne miljø på Vestlandet, sidan vassdraga vanlegvis er bratte og har kort avstand ned til havet. Difor er det òg generelt lite lausmassar langs vestlandsvassdraga, samanlikna med vassdrag lenger aust.

To slike lokalitetar er registrert i Etne: Lokalitet 2 nær utosen til Etneelva og lok. 5 oppe ved Håfoss. Slike naturfenomen er svært sjeldne i Hordaland, og i det heile er Etnevassdraget nedanfor Stordalsvatnet nokså uvanleg til Vestlandet å vere. Elva renn for det meste nokså roleg gjennom eit produktivt landskap på djupe lausmassar. Regionalt sett har difor Etne kommune her eit stort forvaltningsansvar for å ta vare på ulike vassdragstilknytte miljø i låglandet.

Fossesprøytsoner (E05)

I nærområdet til store fossefall blir berg og vegetasjon dusja av vatn store delar av vekstsesongen. I tillegg fører fosserøyken oftast til ein ganske jamn og kraftig lokal vindpåverknad. Dette skapar heilt spesielle miljø der t.d. mange litt høgvakne artar (m.a. tre) trivst dårleg. Dette skapar betre forhold for meir lågvakne artar, og dermed blir vegetasjonssamansetjinga ofte særprega, sjølv om det ikkje nødvendigvis er snakk om sjeldne artar. I tillegg er dette eit miljø som vi i Noreg har eit særskilt ansvar for – det er ikkje mange andre land i verda som har så mykje fossefall som oss. Nokre artar viser seg òg å vere relativt sterkt knytt til slike miljø.

Etne kommune har òg ein del fossefall. Det er ikkje så mange som er kartlagt, men ein foss er godt kjent (som landskapselement også internasjonalt) – Langfoss i Åkrafjorden (lok. 94). Under denne kartlegginga er dei mest fossesprøyt påverka områda rundt nedre del av fossen registrert som ein naturtype av høg verdi, fordi det her veks fleire mindre vanlege, fuktkevjande moseartar.

Viktige bekkedrag (E06)

Roleg strøymande bekkar i frodige landskap er produktive miljø som kan ha stor artsrikdom. I intensivt utnyttta kulturlandskap utgjør bekkedraga dessutan ofte nokre av dei få delvis intakte naturmiljøa som er att – dei blir ofte karakteriserte som "blodårer i landskapet". Bekkane med kantvegetasjon kan vere tilhaldsstad for artar som er heilt knytt til slike små vassdrag, men minst like viktig er det at dei nesten alltid er av

stor verdi for ei rad andre artar som berre indirekte treng dei (skjul, drikkevatt, matsøk m.m.).

Ingen bekkedrag er fanga opp i naturtypekartlegginga for Etne, men truleg kunne det ha vore grunnlag for å registrera nokre slike miljø, særleg i det intensivt utnyttta jordbrukslandskapet frå Stordalsvatnet og ned til Etne.

Rike kulturlandskapssjøar (E08)

Naturtypen omfattar næringsrike innsjøar i kulturlandskapet, med rik vassvegetasjon og kantvegetasjon (DN 1999). Naturtypen er ofte artsrik og viktig habitat for næringskrevjande plantar og dyr i ferskvatn. Frodig og høgvakne vassvegetasjon i strandsona er ofte viktig hekke- og skjulestad for våtmarksfuglar.

Etne kommune manglar naturleg rike innsjøar. Lokalt har likevel næringstilsig, særleg frå jordbruket, ført til auka næringsinnhald i fleire vatn og vassdrag, særleg langs nedre delar av Etneelva. Verdifulle miljø som kan førast til denne naturtypen er likevel ikkje kartlagt så langt.

Dammar (E09)

Dammar, ikkje minst i kulturlandskapet, er artsrike oasar som det er viktig å ta vare på. Medan dei var ettertrakta og viktige for folk i før i tida, m.a. for å skaffe vatn til husdyra og til bruk i ev. brannslukking, har mange blitt øydelagde i nyare tid. Folk ser ikkje lenger nytten av dei, og nokre ser òg på dei som ein risiko. Om dei ikkje blir fylte att blir dei ofte sett på som eigna boss plassar sidan ein ikkje kan utnytte dei til noko anna. Diverre ser dette ut til å vere ei vanleg haldning også i Etne. Eit par dammar er registrert, men nokre av dei potensielt finaste og mest verdifulle, oppover langs Etneelva, var meir eller mindre øydelagde av søppel og næringstilsig frå jordbruk og industri.



Figur 6.5. Dammar og små tjørn i kulturlandskapet er særprega miljø og skapar verdifull variasjon i eit ofte artsfattig og einsformig landskap. Diverre blir dei ofte lågt verdsett og mange har blitt øydelagt i nyare tid. Dette ser òg ut til å vere situasjonen i Etne. Her frå Nedre Grindheim (lok.6).

Naturleg fisketomme innsjøar (E10)

Dette kan sikkert for mange verte sett på som ein noko underleg og kanskje ikkje heilt logisk naturtype, men biologisk sett er den viktig nok. Sjølv om utsetting av fisk har lange tradisjonar over heile landet (all fisk ovanfor den marine grense er sett ut), har dette biologisk sett sine baksider. Ein påverkar økosystemet svært kraftig når ein set ut fisk i tidlegare fisketomme vatn. Mange virvellause dyr og nokre amfibium ser ut å forsvinne raskt om det blir sett ut fisk. Etter kvart har det vorte så få fisketomme vatn att i låglandet at enkelte artar har blitt sjeldne og dels truga.

Ein slik interessant lokalitet er hittil kjent frå Etne kommune. Dette er Dalatjørna ved Vatndal. Ikkje minst er den kjent fordi det skal vere stor-salamander her – den einaste førekomsten i kommunen. Arten er òg svært sjeldan andre stader på sørvestlandet, med unntak av eit lite område nord for Hardangerfjorden i grenseområdet mellom Kvam, Kvinnherad og Fusa (Geitaknottane). Det ser så langt ikkje ut til at den finst på andre stader i Etne. I fjellet er det mange små fisketomme vatn. Desse ligg for høgt for salamander, men det kan vere spesielle virvellause dyr der. Dette er så langt lite undersøkt, og ingen interessante miljø har kome fram i denne kartlegginga.

Skog (F)

Skog omfattar område der tre er dominerande, men blant naturtypene finst det også tresette område som blir rekna som kulturlandskap (t. d. hagemark og parklandskap). Nest etter fjell er skog den mest utbreidde naturtypen i Noreg. Om lag 37% av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet på landsbasis er ca. 55% barskog og 45% lauvskog (berre 1% er edellauvskog). Det skogdekte arealet stig etterkvart som utmarka gror att.

Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmonn og topografi, og dannar dermed mange ulike leveområde. Over halvparten av alle landlevande dyr som er registrerte her i landet, er knytt til skogen. Også mange raudlistearter høyrer til dette økosystemet, dei fleste innan artsrike grupper som insekt og sopp.

Etne har mange verdifulle skogsmiljø, særleg blant varmekjære skogstypar. Den tidlegare utbreidde tradisjonen med styving av edellauvtre har òg ført til at det er mykje gamle edellauvtre i kommunen, både av ask, alm, eik og lind (sjå under omtalen av haustingsskog). Hard utnytting til ved, tømmer m.m. har ført til at det derimot er mindre å finne av verdifulle nordlege (boreale)

lauvskogstypar og furuskog i kommunen. Berre nokre få slike er avgrensa.

Rik edellauvskog (F01)

Rik edellauvskog er skog av varmekjære lauvtre som ask, alm, eik, hassel, lind, bøk, svartor og spisslønn. Dette er artsrike og frodige skogar med krav til varmt sommarklima, ofte på næringsrik jord med rike bergartar. Ofte er skogane prega av tradisjonell bruk som styving og beite (DN 1999). På landsbasis er edellauvskog ein sjeldan naturtype, og utgjør berre omlag 1% av skogarealet.

I dei frodige fjordliene på Vestlandet er det fleire stader rike edellauvskogar, og sjølv oppover i fleire av dalføra finst det slik skog. Typiske treslag er ask og alm, og i nokre tilfelle også lind. Feltsjiktet i edellauvskog kan innehalde ei rad interessante urter, gras og storr. Blant dei mest utbreidde er myske, junkerbregne, lundgrønaks, skogsvingel, sanikel og ramslauk. Meir sjeldan finn ein òg slakkstorr (i varmekjær kjeldelauvskog), stortrollurt (EN – sterkt truga), bergfaks (NT – nær truga), skjelrot, kjempesvingel og falkbregne. Gamle edellauvtre kan ha ein uvanleg rik flora av fuktkevjangande lav, inkludert regnskogslav. I tillegg kjem diverse mosar og sopp, og sikkert også mange spesielle og interessante virvellause dyr (som er svært dårleg undersøkt). Dei største og viktigaste rike edellauvskogane i Etne ligg aust for Skånevik, på begge sider av Åkrafjorden, samt på nordsida av Stordalsvatnet.

Gammal edellauvskog (F02)

Dette er edellauvskog med tre av høg alder. Omfattar særleg fattige vegetasjonsutformingar (DN 1999). Naturtypen er viktig som vekse- og levestad for sopp, lav mosar og insekt, og kan vere svært rik på raudlistearter.

Edellauvskogar som både er rike og gamle blir metodisk ført under rik edellauvskog. I tillegg finst det òg gamle, men fattige edellauvskogar som har stor biologisk verdi. Nokre spreidde slike lokalitetar er kartfesta i Etne, i første rekkje skog med innslag av gammal eik. Blant desse er skogen rundt Rivåsen (lok. 3) på nordsida av Etnefjorden den viktigaste. Det er særleg kravfulle sopp som er funne på desse gamle eiketrea, slik som ssvovelkjuke, eikebroddsopp, eikegreinkjuke (NT), oksetungesopp (NT) og korallkjuke (NT). I tillegg er det ikkje usannsynleg at sjeldne og truga insektartar lever hole eiker i området. Dei fleste av desse sopp- og insektartane trivst best der det er nokså tørt og varmt, i motsetnad til mange lav- og moseartar. Difor er det særleg i sørvende fjordlier ein finn verdifulle, gamle eikeskogar. Det finst nok nokre



Figur 6.6. I Nord-Europa er truleg eika det treslaget som har flest artar knytt til seg, og ikkje minst grove, gamle og hule eiketre er svært verdifulle som levestad for fleire av dei mest sjeldne og truga artane vi har. Her frå Rivåsen på nordsida av Etnefjorden (lok. 3), kanskje det finaste eikebestandet i Etne.



Figur 6.7. Frå den rike svartorsumpen på Trøskenes (lok. 26). Stamma er enno unge, og sjansen for å finne raudlistearter i område vil auke etter kvart som trea blir eldre.

fleire slike lokalitetar spreidd i kommunen, som ikkje er fanga opp under denne kartlegginga, ikkje minst på nordsida av Åkrafjorden.

Gråor-heggeskog (F05)

Skog der gråor, bjørk, hegg, selje og svartor er viktige treslag. For at skogen skal vere aktuell som kartleggingsobjekt, bør den vere frodig og artsrik og dominert av urter og høge gras (DN 1999). Det næringsrike, fuktige miljøet i denne skogtypen gir grunnlag for høg biologisk produksjon, og slike lokalitetar kan ha svært tette bestandar av virvellause dyr og fuglar.

I Etne er det registrert eit par verdifulle gråor-heggeskogar. Dette er særleg flaummarksskogar inntil Etneelva. Tidlegare har det nok vore mykje større areal med slik skog langs elva nedanfor Stordalsvatnet, men det meste er forsvunne under plogen. Truleg finst det nok òg spreidde mindre bestand av oreskog i lisider rundt i kommunen som burde ha vore registrert, men dei er i mindre grad fanga opp i denne omgang. Også i ravinelandskapet opp mot Stordalsvatnet og Litledalsvatnet kan det stå att mindre, men verdifulle restar av rik oreskog.

Rikare sumpskog (F06)

Næringsrike typar av lauvskog og kratt på sumpjord som t.d. langs innsjøar og bekkefar (DN 1999). Slike område har ofte ein rik flora og fauna. Særleg når trea har oppnådd litt alder vil barken kunne vere gunstig habitat for sopp, lav og insekt.

Det aller meste av rik sumpskog i Noreg har vorte meir eller mindre øydelagt av grøfting, oppdyrking og andre inngrep, og dette har hatt stort omfang sjølv i nyare tid. Dette gjeld nok òg i Etne, sjølv om det nok aldri har vore så mykje slik skog i kommunen. Det er særleg skog med svartor som er interessant, og fire lokalitetar er registrert under naturtypekartlegginga (lok. 26, 42, 44 og 72). Karakterartar for rik sumpskog er m.a. slakkstorr og, i kjeldepåverka parti, kystmaigull, samt fleire moseartar på bakken. Av spesielle funn i Etne kan nemnast eit funn av den sørleg, oseaniske arten dvergperlemose på oretre i sumpskogen ved Helleland (lok. 44). Det finst nok nokre fleire små flekkar med restar av rik sumpskog i Etne som enno ikkje er kartlagt.

Gammal lauvskog (F07)

Naturtypen omfattar m.a. eldre skog av osp og bjørk. Slike skogar er først og fremst interessante når trea har blitt gamle og grove og dermed viktige levestader for sopp, lav, mosar og insekt (DN 1999). Store ospelæger er ofte levestad for raudlista, vedbuande sopp og insekt.

Dei fleste boreale (nordlege) treslaga vart hardt utnytta over lang tid i Etne, som dei fleste andre stader. Rundt førre århundreskiftet var det svært lite gammal lauvskog att i kommunen. Men etter kvart har mykje skog fått stå i fred ganske lenge, og det er i ferd med å bli meir bjørk-, selje- og ospeskog med gamle og døde tre. Nokre få lokalitetar er registrert under naturtypekartlegginga, i første rekkje holt med storvaksen osp. Her kan det m.a. vekse ein del kravfulle, fuktrevjande lav og dels moseartar. Gammal osp er òg av stor verdi for fuglelivet, ikkje minst for spettar, som m.a. kvitryggspetten (NT).

Gammal barskog (F08) og kystfuruskog (F12)

Naturtypene omfattar gammal og dels kystnær barskog som har blitt lite påverka av menneske. Gammal barskog kjenneteikna ved god førekomst av død ved, både liggjande (læger) og ståande (gadd), og tre av store dimensjonar. Skogen er ofte fleiraldra og fleirsjikta. For kystfuruskogen er det typisk med innslag av fleire oseaniske karplanter, mosar og lav.

Det finst ein del ganske gammal furuskog i Etne, men under naturtypekartlegginga kom det ikkje fram opplysningar om så gammal skog at den vart rekna som aktuell å kartlegge. På avsidesliggjande stader, m.a. rundt Åkrafjorden, er det nok sannsynleg at det kan finnast verdifulle førekomstar av gammal furuskog. Elles har nok furuskogen overalt Etne vore så hardt utnytta at kontinuiteten i daude eller gamle tre er dårleg, bortsett frå enkeltstående tre opp mot snaufjellet og i fjellbjørkeskogen. Furuskogmiljøa på Vestlandet har òg ofte innslag av kystbundne artar, og det kan ofte vere vanskeleg å skilje mellom naturtypene kystfuruskog (F12) og gammal furuskog (F08). Særleg ytst på halvøya mellom Etnefjorden og Skånevikfjorden har skogen eit tydeleg oseanisk preg, m.a. med innslag av kristtorn. Her er det kartfesta ein lokalitet med kystfuruskog (lok. 12).

Havstrand/kyst (G)

Havstrand/kyst omfattar naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø, og i tillegg nokre habitat under vatn i svært grunne område (grunne straumar, undervasseng, brakkvasspoljar og brakkvassdelta). Områda mellom land og hav byd på spesielle livsvilkår og inneheld fleire naturtypar og artar som er sjeldne. Eit generelt stort press på strandområda mange stader gjer det viktig å få kartlagt dei viktigaste områda, slik at ein i størst mogleg grad kan unngå inngrep her.

Etne har ein god del sjøareal og lang kystline, men det er berre registrert nokre få verdifulle havstrandmiljø i kommunen. Grunnen er i første

rekke topografien, med berg som stuper bratt i sjøen eller berre litt grov rullesteinstrand der få artar trivst. Grunne bukter, strandområde, sumpar og brakkvassmiljø er det lite av.

Brakkvassdelta (G07)

Brakkvassdelta er ofte svært produktive område. Naturtypen omfattar grunne område der elvar og bekkar møter havet. Flate mudder, sand- og grusbankar er viktigaste kjenneteikn (DN 1999). Særleg i område med stor ferskvasstilførsel kan ein få innslag av sjeldne planteartar, og litt større brakkvassdelta er ofte viktige rasteområde for ande- og vadefuglar under trekket. Naturtypen er dessutan sjeldan og har gått sterkt tilbake på grunn av utfylling og utbygging.

I Etne er det berre nokre få stader det har blitt danna delta av særlig storleik i sjøkanten. Det som måtte ha vore i Skånevik er omtrent heilt

nedbygd, men ved utløpet av Fjæraelva, inst i Åkrafjorden, er det registrert ein lokalitet (lok. 83). Her er det tidlegare funne pusleblom, ein art som no er raudlista som sterkt truga (EN) pga. bestandstilbakegang. Utosen til Etneelva har opphavleg vore eit av dei største, mest varierte og velutvikla brakkvassdelta på Sørvestlandet. Gamle bilete viser store strandenger og gruntvassområde her. I moderne tid har det aller meste blitt bygd ned, fylt ut og øydelagt. I dag er det berre mindre restar er ved sjølve elveosen. Lokalt er dette området likevel framleis av verdi, og kommunen bør i det minste ta vare på dei små restane som enno finst her. Dette er trass alt ein svært produktiv og biologisk viktig naturtype, som både kan vere levestad for sjeldne og truga artar, og for mange fugleartar er deltaområda kvileplass og matstasjon under trekket.



Figur 6.8. Topografien gjer at det er få velutvikla havstrandmiljø i Etne. Ei av dei få med litt omfang ligg på nordsida av Taraldsøy (lok. 41).

7. RAUDLISTEARTAR

GENERELT

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald. Både som kriterium for verdisetjing av naturtypeområde og som kartleggingsobjekt.

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, med ei vurdering av risikoen for at arten skal dø ut i nær framtid. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte artar med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering av leveområda. Mange artar på raudlista er naturleg sjeldne og krev av den grunn spesielle omsyn. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis, og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister.

Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Artsdatabanken. Enkelte Fylkesmenn har utgitt fylkesvise (regionale) raudlister for å rette fokus på

artar som er truga regionalt og lokalt og som kanskje ikkje blir fanga opp i nasjonal samanheng. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar. Situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt. Denne rapporten byggjer på *Norsk rødliste 2006* (Kålås mfl. 2006). Den førre norske raudlista kom i 1999 (Direktoratet for naturforvaltning 1999) og den neste er planlagt i 2010.

Ansvarsartar

I forvaltningssamanheng opererer ein òg med omgrepet ansvarsart. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi ein har store delar av totalbestanden innan sine landegrensar. Omgrepet kan òg nyttast regionalt og lokalt, der t.d. eit fylke eller ein kommune har ein stor del av den nasjonale bestanden av ein art.

RAUDLISTA PLANTAR OG SOPP I ETNE

I alt er det kjent 75 raudlisteartar i kommunen. Det er flest lavartar, men også mange sopp og karplantar. Alle kjende raudlisteartar i Etne er lista i tabell 2, her er det òg oppgitt kva habitat dei helst er knytt til og kvar dei er funne.

Karplantar

Minst 15 raudlista karplanter er kjent frå Etne. Det er ein del skilnader i økologi og status til desse. Nokre er nok alt utrydda eller sterkt truga, medan andre framleis har att mange lokalitetar. Vasstelg har berre eit svært gammalt og usikkert funn, og denne søraustlege arten har nok for lengst utrydda frå Etne som følgje av grøfting av rik sumpskog og småvatn, om den då nokon gong verkeleg har vokse her. Det gamle funnet av bakkesøte er nok meir sikkert, men også denne kulturmarkstilknyttarten kan vere utrydda frå kommunen. Den er knytt til magre, lite gjødsle enger, noko det er lite att av i kommunen. Ein art med liknande økologi er solblomen. Den har vore funne fleire stader i kommunen, og seinast på 1990-talet vaks den enda på eit par stader m.a. på vestsida av Stordalsvatnet (Lars Ketil Flesland pers. meld.). Den har ikkje vorte sett på nokre år nå, og vart forgjeves ettersøkt på ein av dei siste kjente vekseplassane i 2006 (ein vegkant ved Hovland). Også kvitkurle og brudespore veks gjerne i artsrike enger med tradisjonell, ekstensiv bruk, og har sikkert gått

Kategoriar i den norske raudlista frå 2006

RE Regionalt utdøydd (Regionally Extinct)

Ein art er "Regionalt utdøydd" når det er svært liten tvil om at arten er utdøydd frå aktuell region (her Noreg). For at arten skal bli inkludert i denne kategorien må den ha vore etablert reproduserande i Noreg etter år 1800.

CR Kritisk truga (Critically Endangered)

Ein art er "Kritisk truga" når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for "Kritisk truga" er oppfylt. Arten har då ekstremt høg risiko for utdøying (50 % sjansse for utdøying innan 3 generasjonar, minimum 10 år).

EN Sterkt truga (Endangered)

Ein art er "Sterkt truga" når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for "Sterkt truga" er oppfylt. Arten har då svært høg risiko for utdøying (20 % sjansse for utdøying innan 5 generasjonar, minimum 20 år).

VU Sårbar (Vulnerable)

Ein art er "Sårbar" når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for "Sårbar" er oppfylt. Arten har då høg risiko for utdøying (10 % sjansse for utdøying innan 100 år).

NT Nær truga (Near Threatened)

Ein art er "Nær truga" når den ikkje tilfredsstillar nokre av kriteria for CR, EN eller VU, men er nær ved å tilfredsstille nokre av desse kriteria no eller i nær framtid.

DD Datamangel (Data Deficient)

Kategorien Datamangel blir brukt når det ikkje kan gjerast ei gradert vurdering av risiko for utdøying, men det samtidig blir vurdert som svært sannsynleg at arten ville blitt med på Raudlista dersom ein hadde tilstrekkeleg informasjon.

Tabell 2. Funn av raudlista plantar, lav, mosar, sopp og virvellause dyr i Etne kommune (Kjelder: Eigne funn, Artskart (som inkluderer m.a. Norsk Lavdatabase, Norsk Soppdatabase, Norsk Mosedatabase). Dei fleste udaterte funna er truleig gamle funn frå 1800-talet.

Artsgruppe	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Habitat	Raudlistestatus	Lokalitetar
Karplantar (15)	Pusleblom	<i>Anagallis minima</i>	Strandeng	EN	Fjæra (1920)
	Solblom	<i>Arnica montana</i>	Slåtteeng, naturbeitemark	VU	60, Stødle, Eino, Gjerde, Søreim (alle før 1921)
	Marinøkkel	<i>Botrychium lunaria</i>	Naturbeitemark, enger	NT	75, 76, 77, 97
	Bergfaks	<i>Bromus ramosus</i>	Rik edellauvskog	NT	82
	Jøkulstorr	<i>Carex rufina</i>	Snølæger i høgjellet	NT	96
	Stortrollurt	<i>Circaea lutetiana</i>	Rik oreskog	EN	Fjæreurene (1920), Fordal (1920), Kyrkjehelle (1974)
	Vasstelg	<i>Dryopteris cristata</i>	Rik sumpskog	EN	Søreimsmyrene (udatert)
	Purpurlyng	<i>Erica cinerea</i>	Kystlynghei	NT	Etne (1939)
	Søterot	<i>Gentiana purpurea</i>	Enger i fjellskog	NT	92, 97, Kvandal sæter (1922), Springborg i Londalen (1920), Sandvikevatnet V-side (1974), Jugeborgsnuten (1922)
	Bakkesøte	<i>Gentianella campestris</i>	Naturbeitemark	NT	Etne prestegard (udatert)
	Brudespore	<i>Gymnadenia conopsea</i>	Kalkrike enger	NT	74, Lilledalen (udatert)
	Kvitkurle	<i>Pseudorchis albida</i>	Slåtteenger	VU	Stødle (18xx), Søreimsjordet (udatert)
	Barlind	<i>Taxus baccata</i>	Rik, varm skog	VU	12, 92, Londal under Kjekalonsnuten (1974), Askekleiv og Kjekalono i Londalen (1920)
	Krabbekløver	<i>Trifolium campestre</i>		VU	Rygg (udatert)
	Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Rik edellauvskog	NT	4, 22, 25, 32, 38, 51, 55, 86, 89, 90
Mosar (4)	Skoddemose	<i>Brachydontium trichodes</i>	Fuktig, høgareliggjande berg	DD	Skånevikfjellene (udatert)
	Torvsåtemose	<i>Campylopus pyriformis</i>		VU	Kvernhusåna ved Rullestadvatnet (1989)
	Stammesigd	<i>Dicranum viride</i>	Gamle edellauvtre	VU	32, 46, 47
	Beitesteinmose	<i>Hedwigia integrifolia</i>	Solstekte berg	VU	Fitja (1914)
Sopp (20)	Gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	Naturbeitemark	NT	67
	Stanknarrevokssopp	<i>C. foetens</i>	Naturbeitemark	VU	67
	Halmgul slørsopp	<i>Cortinarius anserinus</i>	Naturbeitemark	EN	Milje (1952)
	Røykfarga kølle-sopp	<i>Clavaria fumosa</i>	Naturbeitemark	NT	64
	Fiolett greinkølle-sopp	<i>C. zollingeri</i>	Naturbeitemark	NT	67
	Ramneraudskive-sopp	<i>Entoloma corvinum</i>	Naturbeitemark	NT	64
	Lillagrå raudskive-sopp	<i>E. griseocyanum</i>	Naturbeitemark	NT	Melandskogen (1952)
	Mjølrudskivesopp	<i>E. prunuloides</i>	Naturbeitemark	NT	64
	Oksetungesopp	<i>Fistulina hepatica</i>	Gamle eiketre	NT	Skånevik (1975)
	Slimjordtunge	<i>Geoglossum difforme</i>	Naturbeitemark	EN	65, 66
	Korallkjuke	<i>Grifola frondosa</i>	Gamle eiketre	VU	80
	Gulfotvokssopp	<i>Hygrocybe flavipes</i>	Naturbeitemark	NT	48
	Raudskivevokssopp	<i>H. quieta</i>	Naturbeitemark	NT	64
	Raud honningvokssopp	<i>H. splendidissima</i>	Naturbeitemark	NT	48, 64, 65, 66
	Narrepiggisopp	<i>Kavinia himantia</i>	Gamle almetre, lauvtre-læger	NT	87
	Grøngul vokspigg	<i>Mycoacia uda</i>		VU	55
Eikegreinkjuke	<i>Pachykytospora tuberculosa</i>	Gamle eiketre	NT	68	
Grå narremusserong	<i>Porpoloma metapodium</i>	Naturbeitemark	VU	65, 67	

Artsgruppe	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Habitat	Raudlistestatus	Lokalitetar
Lav (30)	Indigobarksopp	<i>Pulcherricium caeruleum</i>	Lauvtrelæger	NT	Nernes-Norheim (1952)
	Vranglodnetunge	<i>Trichoglossum walteri</i>	Naturbeitemark	VU	67
	Klosterlav	<i>Biatoridium monasteriensis</i>	Gamle edellauvtre	NT	Stordalsvatnet vest (1985)
	Kystkorallav	<i>Bunodophoron melano-carpum</i>	Beskytta berghamre	NT	100
	Praktlav	<i>Cetrelia olivetorum</i>	Bergvegger, gamle lauv-tre	VU	39, 86, 87, 100
	Skorpefylllav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Gamle edellauvtre og osp	VU	3, 22, 25, 29, 31, 32, 33, 39, 68, 69, 87, 90
	Olivenfylllav	<i>F. mediterranea</i>	Gamle lauvtre og berg	VU	43, 87, 104
	Kastanjefylllav	<i>F. sampaiana</i>	Gamle edellauvtre og berg	VU	32, 33, 46, 86, 88, 90
	-	<i>Gomphillus calycioides</i>	Gamle edellauvtre	CR	90
	Bleik kraterlav	<i>Gyalecta flotowii</i>	Gamle edellauvtre	VU	22, 55, 86, 87, 90
	-	<i>G. truncigena</i>	Gamle edellauvtre	VU	55
	Almelav	<i>G. ulmi</i>	Gamle edellauvtre	NT	86
	Smårosettlav	<i>Hyperphyscia adglutinata</i>	Parktre	VU	81
	Grå buktrinslav	<i>Hypotrachyna laevigata</i>	Fuktig lauvskog, særlig med or	EN	28, 104
	Gul buktrinslav	<i>Hypotrachyna sinuosa</i>	Fuktig lauvskog	EN	42
	Kranshinnelav	<i>Leptogium burgessii</i>	Gamle edellauvtre	VU	22, 29, 86, 87, 88, 90, 100
	Prakthinnelav	<i>L. cochleatum</i>	Gamle edellauvtre	EN	4, 86, 90, Lindehaug (1995)
	Irsk hinnelav	<i>L. hibernicum</i>	Gamle edellauvtre	EN	86, 88, 90
	-	<i>Megalospora pachycarpa</i>	Gamle edellauvtre	EN	90
	Sørlandsbrunlav	<i>Melanothalea laciniatula</i>	Berg	VU	Skånevik aust (1968)
	Hodeskoddelav	<i>Menegazzia terebrata</i>	Fuktig lauvskog, særlig med or	VU	28, 29, 40, 42, 86, 87, 100
	-	<i>Opegrapha vermicellifera</i>	Gamle lauvtre	VU	88, 90
	-	<i>Pachyphiale carneola</i>	Edellauvtre i fuktig skog	VU	100, 105
	Kornfylllav	<i>Parmeliella testacea</i>	Gamle edellauvtre	EN	23, 86, 87, 2,5 km SV for Skånevik (1994)
	Gul pærelav	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Hassel i fuktig skog	NT	90, 100
	-	<i>Rinodina isidioides</i>	Gamle edellauvtre	CR	90
	Bleikdoggnål	<i>Sclerophora pallida</i>	Gamle edellauvtre	NT	87
	Kystdoggnål	<i>S. peronella</i>	Gamle lauvtre	NT	Fossa (1947)
	-	<i>Thelopsis flaveola</i>	Gamle edellauvtre	DD	Stordalsvatnet vest (1985)
	-	<i>Th. rubella</i>	Gamle edellauvtre	VU	2, 25, 31, 36, 86, 90
Hasselrurlav	<i>Thelotrema sueticum</i>	Hassel	NT	88, Eikemo (2004)	
Hornstry	<i>Usnea cornuta</i>	Kystfuruskog	VU	Nordstranda ved Brennland (1978)	
Virvellause dyr (5)	Almepraktmåler	<i>Abraxas sylvata</i>	Edellauvskog	VU	Stordalen (1977)
	-	<i>Lampronia morosa</i>		VU	Skånevik (1963)
	Elvemusling	<i>Margaritifera margaritifera</i>	Vassdrag	VU	Skånevik (1963), Sørrelva (udatert)
	- (møkkbille)	<i>Trypocoprpris vernalis</i>	På møkk	EN	Skånevik (udatert)
- (møkkbille)	<i>Aphodius pusillus</i>	På møkk	NT	Skånevik (udatert)	
Amfibium (1)	Storsalamander	<i>Triturus cristatus</i>	Fisketomme vatn	VU	93

* Fleire kjelder oppgjer kvit skogfrue *Cephalantera longifolia* (NT) frå Etne kommune, men alle dokumenterte funn (herbariebelegg) er frå nordsida av Skånevikfjorden (som tidlegare var ein del av Skånevik herred). Det finst også opplysningar om at arten er funne like aust for Skånevik, men dette er så langt ikkje stadfesta.

kraftig tilbake i nyare tid. Brudespore finst framleis i kalkrike enger i fjellet i kommunen, og forhåpentlegvis er det også nokre plasser der kvitkurla trivst, sjølv om det er ei stund sidan botanikarar har sett arten. Krabbekløver er ein annan kulturlandskapsart med eit gammalt funn frå

kommunen. Den har nok kome inn med folk for ei tid, og har helst aldri vore bufast i kommunen. Purpurlyng veks helst i lynghieier ute på kysten, og eit eldre funn frå Etne ligg overraskande langt inn i fjorden. Om det er snakk om ein naturleg førekomst og om den enno veks her er



Figur 7.1. a) Bergfaks *Bromus ramosus* (NT) er eit sjeldant skogsgras som i Noreg veks nokre stader på Sørvestlandet, og så vidt i Møre og Romsdal. Området rundt Hardangerfjorden er truleg det viktigaste for arten hos oss. I Etne er bergfaks så langt berre funne på ein stad, i ei lita edellauvskogslit rett på austsida av Skånevik (lok. 82).
b) Stammesigd *Dicranum viride* (VU) er ein internasjonalt sjeldan og truga moseart som veks på gamle edellauvtre, særleg lindetre. Det finst spreidde, eldre funn av arten frå Austlandet, men i nyare tid er den særleg kjent frå edellauvskogsområde på Vestlandet, frå Etne i sør til Nordfjord i nord. I Etne vart arten funnen på tre lokalitetar i 2006 (lok. 32, 46 og 47).
c) Lok. 65: I beitemarkene i Etne veks fleire raudlista beitemarkssopp. Nokre av dei er både vakre og gode matsoppar, som den rauda honningvokssoppen på framsida av rapporten. Andre er langt mindre iaugefallande, slik som slimjordtunga *Geoglossum difforme* (EN). Dette er likevel ein av dei internasjonalt sett mest sjeldne og truga artane vi har i kulturlandskapet i Noreg, og i Etne vart arten funnen på to ulike stader på Aksland i 2006 (lok. 65 og 66).
d) Lok. 28: Dei fleste raudlista lavartane i Etne veks på gamle, grove edellauvtre, helst tre som står litt i halvskugge. I tillegg er det òg nokre artar som trivst best i sumpskogar o.l. Desse er ikkje like nøye på kor store eller gamle trea er, men ser ut til å krevje svært fuktige miljø. Grå buktrinslav *Hypotrachyna laevigata* (EN) er ein slik art. Noko uventa har arten ein stor bestand i eit attgroande kulturlandskap ut mot Vannes nordaust for Skånevik (lok. 28) og det vart òg gjort funn på gråor på Aksland (lok. 104).

ukjent. Av andre raudlista karplanter så kan nokre edellauvskogsartar trekkjast fram. Alm er det enno ganske mykje att av i Etne, men ikkje minst hardt hjortebeite har mange stader på Vestlandet ført til at treslaget har store problem med å forynge seg. Det ser hittil ikkje ut til å vere eit omfattande problem i Etne, men det er viktig å overvake situasjonen og redusere hjortebestanden kraftig om det skulle bli skader på trea. Enno verre er hjortebeitet for barlind, og også i Etne har dette kulturhistorisk viktige treslaget som kan bli svært gammalt truleg alvorlege problem. Bergfaks og stortrollurt er to sjeldsynte planter som også veks i rike edellauvskogar, og som nok er meir truga av tilfeldige inngrep og tilplanting med gran.

Mosar

Fire raudlista moseartar er så langt kjent frå Etne, men det er all grunn til å tru at talet bør kunne aukast ein del. Kombinasjonen av både varmt og fuktig klima gjer tilhøva for mange mosar optimale i kommunen. Dei fleste er lite krevjande og vidt utbredt, men ikkje minst ein del artar med avgrensa søraustleg utbreiing kan ha viktige førekomstar i Etne. Dette er likevel ei dårleg undersøkt gruppe og dei få funna må nok seiast å ha eit nokså tilfeldig preg.

Lav

Lav er derimot ein god del betre undersøkt enn mosar, og lavfloraen i Etne har vakt nasjonalt og til dels internasjonalt merksemd. Heile 30 raud-

lista lavartar er så langt funne i kommunen, og mange av dei er svært sjeldsynte og høgt raudlista. Det er ikkje minst blant dei fuktkevande, sørvestlege lavartane at kommunen har mange interessante artar. Framfor alt gjeld det artane innanfor denne store gruppa som trivst på gamle edellauvtre. For desse er Etne kommune nok kanskje den viktigaste i Noreg saman med Hjelmeland i Rogaland. Dei gamle styvingstrea som ein ikkje minst finn på Tungesvikstranda og vidare nordaustover inn i Åkrafjorden (m.a. i Sævareidberget), men også dels rundt Stordalsvatnet og på nordsida av Åkrafjorden, har ein uvanleg rik flora av slike sørleg, oseaniske lavartar. Ein må til dei britiske øyane for å finne noko liknande i Europa, og sjølv der er dette ikkje noko vanleg miljø. Artane krev både høg luftfukt og veks til dels berre på verkeleg gamle edellauvtre. Hadde det ikkje vore for den gamle styvinga av slike tre, som tidlegare var utbredt i distriktet, så hadde dei fleste av desse artane aldri hatt sjanse til å overleva den intensive utnyttinga av landskapet i dei siste par hundreåra. Nå er dette nesten snudd på helt om. Styvinga er sterkt redusert og attgroing med busker og kratt er eit aukande trugsmål. Heldigvis er det framleis litt styving i Etne, men det ser no ut til å vere avhengig av statleg støtte for å haldast oppe. Sjølv om styvingstrea (ikkje minst av ask, men også av eik, alm og lind) er viktigaste miljø for raudlista og truga lavartar, så er det også grunn til å trekkje fram fleire artar som best trivst i fuktige sumpskogar. Desse treng vanlegvis ikkje skjøtsel, og er truga av både vedhogst og treslagsskifte til granplantasjar.

Sopp

Eit 20-tals raudlista sopp er kjent frå Etne. Dei fleste av desse kan delast i to økologiske hovudgrupper. Den eine er vedbuande artar som

særleg veks på gamle levande eiketre (som oksetungesopp, eikegreinkjuke og korallkjuke), og dels helst på daude, liggande tre (som grøngul vokspigg, indigobarksopp og narrepigg-sopp). Den andre gruppa er marklevande artar som helst veks i gamle og lite gjødsla enger som vert halden i hevd med beite og/eller slått, såkalla beitemarkssopp. Desse artane tilhøyrer slekter/grupper som raudskivesopp, vokssopper, fingersopper og jordtunger. Dei fleste av artane vart fyrst funne hausten 2006 under naturtypekartlegginga, og det viser seg at Etne kommune enno har att nokre beitemarker rike på slike sopp, inkludert eit par nasjonalt sjeldsynte og ganske høgt raudlista artar (som slimjordtunge og grå narremusserong). Noko overraskande er berre ein marklevande skogssopp registrert i kommunen – halmgul slørsopp – og denne til og med i ei bøkeplanting. Dette viser nok mest at sopp er generelt dårleg undersøkt i Etne, med berre eit par avgrensa registreringar av bestemte grupper.

Virvellause dyr og amfibium

Enda dårlegare undersøkt enn sopp er nok dei virvellause dyra. Berre eit par artar er registrert, og helst er det snakk om heilt tilfeldige undersøkingar som seier lite om kva slags kvalitetar kommunen har innanfor denne svært store organismegruppa. Diverre er det ganske sikkert at ein av artane – elvemusling – alt er utrydda frå kommunen. Ei undersøking i 2003 (Larsen 2005) konkluderte med at arten truleg forsvann frå kommunen på 1970-talet. Grunnen ligg truleg i sur nedbør, urening eller ein kombinasjon av desse to. Storsalamander er kjend frå berre ein lokalitet i Etne, Dalatjørna. Dette er den einaste kjende lokaliteten for storsalamander sør for Åkrafjorden, og om arten framleis finst her er litt usikkert.

8. FORSLAG TIL OPPFØLGJANDE KARTLEGGING

I denne kartlegginga har det ikkje vore mogleg å rekke over heile kommunen. Ein har difor, naturleg nok, konsentrert seg om å dekke dei områda av kommunen i låglandet der det er størst sjanse for å finne dei naturtypene som skal kartleggast.

Furuskogen i dei veglause områda, nordaust i kommunen er heller ikkje undersøkte. Det er ikkje utenkeleg at det kan finnast furuskog med preg av gammalskog her, helst på vanskeleg tilgjengelege stader.

Elles kan det kanskje finnast verdiar i bratte, sørvende, trelause rasmarker somme stader. Og på sørsida av Åkrafjorden er det fleire bekkekløfter som det kunne vere interessant å undersøke nærmare. Nokre av desse vil bli undersøkte i ei nasjonal kartlegging av bekkekløfter, der Hordaland står for tur i 2009.

9. LITTERATUR

GENERELL LITTERATUR

- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. - DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2007: 1-258 + vedlegg.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. - DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2000. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. - DN-notat 2000-5.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. - NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truede vegetasjonstyper i Norge. - Norges teknisk-naturvitenskap. Univ. Vit.skapsmus. Rapp. bot. serie 2001-4. 231 s.
- Frisvoll, A.A. og Blom, H. 1997. Trua mosar i Noreg med Svalbard. Førebels faktaark. - Botanisk notat 1997-3, NTNU. 170 s.
- Kålås, J. A., Viken, Å. & Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006 – 2006 Norwegian Red List. Artsdatabanken, Norway.
- Lid J. & Lid D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. - Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Sigmond, E.M.O. 1998. Geologisk kart over Norge, Berggrunnsgeologisk kart ODDA, M 1:250.000. Noregs geologiske undersøkelse.

LITTERATUR OM ETNE

- Dolmen, D. 1995a. Befaringsrapport fra herpentilundersøkelsene i Hordaland 1995: Sveio og Ølen kommuner. UNIT, Vitenskapsmuseet. Notat.
- Dolmen, D. (red.) 1995 b. Ferskvannlokaliteter og verneverdi. Vitenskapsmuseet. Rapport Zoologisk Serie nr. 6-1995: 1-105.
- Eldegaard, K. 1996. Nøkkelbiotoper i Etne kommune. Kartlegging og skildring. Upubl. rapport, 44 s.
- Fylkesmannen i Hordaland 1980b. Utkast til verneplan for edellauvskog i Hordaland fylke. Rapport, 88 s.
- Gaarder, G. 2005. Småkraftverk i Eikemoelva i Åkrafjorden, Etne kommune. Virkninger på biologisk mangfold. Miljøfaglig Utredning. Upublisert rapport. 24 s. + vedlegg.
- Hansen, S. udatert. Omtale av kulturlandskapet på Rullestad. Planteforsk Fureneset. Notat, 6 s.
- Kofoed, J-E. 1979. Myrundersøkingar i Hordaland i samband med den norske myrreservatplanen. Supplerande undersøkingar. K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1979-5: 1-51.
- Korsmo, H. 1975. Naturvernrådets landsplan for edellauvskogsreservater i Norge, IV. Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Bot. inst. NLH. 204 s.
- Kvalheim, E. 2001. Naturen i Etne. I: Brekke, N. G. (red.). Kulturhistorisk vegvisar Etne: 16-23.
- Larsen, B. M. (red.) 2005. Overvåking av elvemusling Margaritifera margaritifera i Norge. Årsrapport 2003. NINA Rapport 37. 46 s.
- Lindmo, S., Salvesen, P. H. & Skogen, A. 1991. Verneverdige forekomster av barlind og kristtorn i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Univ. Bergen, bot. inst. rapport 50.
- Losvik, M. H. 1990. Skjøtselsplanar og skjøtselstiltak for 4 verna edellauvskogar i Hordaland. Sogn og Fjordane distriktshøgskule. SFdh skrifter 1990:8. 70 s.
- Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. DN-rapport 1992-2.
- Moe, B. 1992. Skjøtselsplan for Sævareidberget landskapsvernområde, Etne kommune. Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga. Rapport.
- Moe, B. 1995. Vernet edelløvsskog i Hordaland; tilstand, fastruteanalyser, floraoversikt og skjøtselsbehov 20 år etter registreringene. Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga. MVA-rapport nr. 5/95. 36 s. + vedlegg.
- Moe, B. 2000. Botanisk registrering i forbindelse med konsekvensutredningen av Folgefonna nasjonalpark. MVA-rapp. nr 2/2000. 25 s. + vedlegg.
- Natlandsmyr, B. 2004. Trønskeneset. Notat av 8. juli 2004. 1 s.
- Odland, A., Sivertsen, S., Nordmark, O., Botnen, A. & Brunstad, B. 1985. Stordalsvassdraget i Etne og Åbødalsvassdraget i Sauda. Konesjonsavgjørende botaniske undersøkelser. Bot. inst. Univ. Bergen, rapport 35. 139 s.
- Spikkeland, O. K. 2001. Verdier i Vaulaelva, Etne kommune i Hordaland. DN & NVE. VVV-rapport 2001. 46 s. + vedlegg.

- Svendsen, B. E. 1985. Kulturlandskapsstudier i Etne - endringer i kulturlandskapet og vegetasjonsbildet det siste hundreåret. Upubl. hovedfagsoppg. Geogr. inst. Univ. Bergen. 177 s.
- Sørli, S. G. 1994. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Stordalen. Hordaland fylkeskommune, kulturreta-ten. Rapport, 54 s. + vedlegg.
- Tysse, T. 2005. Konsekvenser for biologisk mangfold ved bygging av Håfoss kraftverk, Etne kommune. Ambio. Rapport 25516-1. 16 s.
- Tønsberg, T. 1994. *Leptogium cochleatum* and *Rinodina isidioides* new to Scandinavia. *Graphis Scripta* 6: 85-88.
- Tønsberg, T., Gauslaa, Y., Haugan, R., Holien, H. & Timdal, E. 1996. The threatened macrolichens of Norway - 1995. *Sommerfeltia* 23: 1-258.

REGISTRERTE OBSERVATØRAR OG INFORMANTAR

Ingerid Angell-Petersen	Jon Tellef Klepsland	Arvid Odland
Torveig Bjelland	Asbjørn Knutsen	Olav Overvoll
Astri Botnen	Jan-Erik Kofoed	Arnfinn Skogen
Dag Dolmen	Harald Korsmo	Rune Solvang
Helge Fjeldstad	Erik Kvalheim	Jens Stordal
Lars Ketil Flesland	Reidar Leknes	Einar Timdal
Geir Gaarder	Anders Lundberg	Toralf Tysse
Silke Hansen	Bjørn Moe	Tor Tønsberg
Tom Hellik Hofton	Trude Myhre	
Svante Hultengren	Brith Natlandsmyr	

SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERNPOLITIKKEN

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til biologisk mangfold. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. meld. nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfold
- St. meld. nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndep. sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning
- St. meld. nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand

AKTUELLE WEBADRESSER

Miljøverndepartementet	www.odin.dep.no/md
Direktoratet for naturforvaltning	www.naturforvaltning.no
Fylkesmannen	www.fylkesmannen.no
Miljøstatus i Norge	www.miljostatus.no
Naturbasen	www.dirnat.no/nbinnsyn
Artsdatabanken	www.artsdatabanken.no
Norsk Lavdatabase	www.toyen.uio.no/botanisk/lav
Norsk Soppdatabase	www.toyen.uio.no/botanisk/bot-mus/sopp/soppdb.htm
Norges Sommerfugler	www.toyen.uio.no/norlep
Norsk Soppforening	www.nhm.uio.no/botanisk/nsf
Norsk Botanisk Forening Vestlandsavd.	www.uib.no/bot/nbfv
Norsk Botanisk Forening	www.alun.uio.no/botanisk/nbf/index.htm
Norsk Entomologisk Forening	www.entomologi.no






Tabell 3. Registrerte og kartfesta naturtypelokaliteter i Etne kommune (sjå kart 2 og 3). Ein prikk i kolonne 1 under Artsdata viser at det er lagt inn viltfunn (særleg fugl og pattedyr) på lokaliteten, prikk i kolonne 2 viser til karplantefunn, medan ein prikk i kolonne 3 viser til andre artsfunn (lav, mosar, sopp, virvellause dyr).

Nr	Namn	Naturtype	Verdi	Artsdata		
1	Fitja vest	Haustingsskog	B			
2	Fitja	Kroksjøar, flaumdammar og meanderande elveparti	A		•	•
3	Rivåsen 1	Gammal fattig edellauvskog	A		•	•
4	Rivåsen 2	Rik edellauvskog	A		•	•
5	Håfoss	Kroksjøar, flaumdammer og meanderande elveparti	B	•	•	
6	Nedre Grindheim NA	Dam	C		•	
7	Nedre Grindheim N	Dam	C			
8	Austrheim 1	Haustingsskog	B		•	•
9	Austrheim 2	Gråor-heggeskog	B		•	
10	Austrheim 3	Hagemark	B			
11	Austrheim 4	Gråor-heggeskog	B			
12	Hellelandsåsen	Kystfuruskog	A		•	•
13	Ebna	Hagemark	B			
14	Tveit	Hagemark	B			
15	Helleland	Gammal fattig edellauvskog	C		•	
16	Osphaugen V, Hjelmervik	Rik edellauvskog	B		•	•
17	Osphaugen aust, Mortveit	Intakt låglandsmyr	C		•	•
18	Mortveitvatnet sør	Dam	B	•		
19	Morveitvatnet	Dam	C			
20	Hjelmervik nord	Rik edellauvskog	B		•	•
21	Molnes	Haustingsskog	C			•
22	Frettsstranda	Rik edellauvskog	A		•	•
23	Timpeltut SV, ved Vannes	Rik edellauvskog	A		•	•
24	Vannes: Djupnevik N	Rik edellauvskog	B		•	•
25	Lundavågen	Rik edellauvskog	A		•	•
26	Trønskenes, Ytre Nes	Rik sumpskog	B		•	
27	Lauareidvika	Haustingsskog	B		•	•
28	Kastet ved Vannes	Gråor-heggeskog	A			•
29	Skardsvika	Gammel fattig edellauvskog	A		•	•
30	Bjelland	Store gamle tre	C			•
31	Bjelland SV	Haustingsskog	A			•
32	Bjelland-Strond	Haustingsskog	A		•	•
33	Strond	Store gamle tre	B			•
34	Hammarsland	Store gamle tre	B			
35	Hammarsland-Kvandal	Haustingsskog	A			•
36	Kvandal	Haustingsskog	A		•	•
37	Kvandalselva - nedre del	Bekkekløft og bergvegg	B		•	•
38	Ripelsgjuvet, Teigland	Bekkekløft og bergvegg	A		•	•
39	Teigland A	Haustingsskog	A		•	•
40	Taraldsøy: Gml eiketree	Store gamle tre	A			•
41	Taraldsøy: nordsida	Strandeng og strandsump	B		•	
42	Taraldsøy: svartorskog	Rik sumpskog	A			•
43	Taraldsøy: Gamlatunet	Store gamle tre	A			•
44	Helleland ved Skogly ungdom.hus	Rik sumpskog	B			•
45	Bjærgjo	Bekkekløft og bergvegg	B		•	•
46	Skjela S, Indre Tungesvik	Haustingsskog	A		•	•
47	Skjela N, Ytre Tungesvik	Gammal fattig edellauvskog	A		•	•
48	Tjelmeland	Naturbeitemark	B		•	•
49	Lunda NV	Naturbeitemark	C		•	•
50	Lunda A	Hagemark	B		•	
51	Frette	Haustingsskog	B		•	
52	Lussnes aust	Haustingsskog	B			
53	Bakka	Naturbeitemark	B		•	•
54	Aksdal vest	Gammal fattig edellauvskog	C			•
55	Norheimsstranda	Rik edellauvskog	A		•	•
56	Håfjellet NA	Kalkrike område i fjellet	B		•	
57	Stigetjørna, Bjørndalsvåg	Kalkrike område i fjellet	B		•	
58	Kvamselva vest for Kvamsstølen	Kalkrike område i fjellet	C		•	
59	Aksdal aust (Stegane)	Rik edellauvskog	B		•	•
60	Hovland - vegkant	Artsrik veikant	A		•	
61	Hovland - beitemark	Naturbeitemark	C		•	•
62	Hovland - styvingstre	Haustingsskog	B			
63	Osnes: Naustvik	Strandeng og strandsump	B		•	

Nr	Namn	Naturtype	Verdi	Artsdata		
64	Brøllom	Naturbeitemark	A		•	•
65	Aksland sør	Naturbeitemark	A		•	•
66	Akslandselva austside	Naturbeitemark	A		•	•
67	Hjelmervik sør	Naturbeitemark	A		•	•
68	Eintveit-Djuve	Haustingsskog	A		•	•
69	Kalvik	Hagemark	A		•	•
70	Akslandselva	Bekkekløft	B		•	•
71	Eteosen	Brakkvassdelta	B		•	
72	Kambe N	Rik sumpskog	C		•	
73	Stødle vest	Hagemark	B		•	
74	Litlafjellet	Kalkrike område i fjellet	B		•	
75	Middagsskard	Kalkrike område i fjellet	B		•	
76	Håfjellet vest	Kalkrike område i fjellet	B		•	
77	Hovlandsskuten	Kalkrike område i fjellet	B		•	
78	Tjellenuten	Kalkrike område i fjellet	C		•	
79	Hjelmervik	Naturbeitemark	C		•	
80	Skånevik, Peparholmen	Parklandskap	A			•
81	Skånevik, ved Skånevik skule	Store gamle tre	A			•
82	Skånevik, Ytre Nes	Rik edellauvskog	A		•	
83	Fjæra	Brakkvassdelta	C		•	
84	Holmavatnet-Kattatjørna	Kystmyr	A		•	•
85	Rullestad	Haustingsskog	B			
86	Sævareidberget LN	Haustingsskog	A		•	•
87	Vidjehaugen	Haustingsskog	A		•	•
88	Storatåna-Perahaugen	Haustingsskog	A			•
89	Mikjelsæter	Rik edellauvskog	B		•	
90	Tungesvikstranda	Haustingsskog	A		•	•
91	Eljarvik	Rik edellauvskog	B		•	
92	Langebudalen NR	Anna viktig førekomst	A		•	
93	Dalatjørna - Vatndal	Naturlig fisketomme innsjøer	A	•		
94	Langfoss	Fossesprøytsone	A			•
95	Flåteskar	Kalkrike områder i fjellet	B		•	•
96	Kjeringebotnen	Deltaområde	B		•	
97	Skjeggeshøset	Kalkrike område i fjellet	B		•	
98	Skjeggesnuten	Kalkrike område i fjellet	B		•	
99	Ilsvatnet nord	Kystmyr	U			
100	Susheia NV	Gammal lauvskog	A			•
101	Fjæra, Håfoss	Rik sumpskog	C			
102	Tøsse	Gammal fattig edellauvskog	C			
103	Eikemo - naturbeitemark	Naturbeitemark	C		•	
104	Aksland	Gammal lauvskog	A			•
105	Ebna, Teigane	Hagemark	A			•
106	Ebna, hagemark	Hagemark	B			•

Etne kommune


Kart 1. Skog og jordbruksareal

-  Lauvskog
-  Bar- og blandingskog
-  Jordbruksareal
-  Myr
-  Område verna etter Naturvernlova

Det meste av barskogsarealet er furu, men særleg i lågareliggande område rundt Etnebygda og mot Sørstranda er det planta ein god del gran.




Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK)



Etne kommune

Kart 2. Prioriterte naturtypar (sør)


- A - Svært viktig
- B - Viktig
- C - Lokalt viktig
- Uprioritert (ikkje undersøkt)
- Naturvernområde




Etne kommune

Kart 3. Prioriterte naturtyper (nord)

- A - Svært viktig
- B - Viktig
- C - Lokalt viktig
- Naturvernområde



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk



Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

1 Fitja vest

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2679, N: 1926

Naturtype: Høstingsskog D18

Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Gjengroing &

Feltsjekk: 08.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 06.04.2007, ut frå eigen tur 08.05.2006.

Lokalisering: Det er snakk om ein liten askehage i ei ganske bratt sørvendt fjordli, rett på utsida av elveosen i Etne. Lokaliteteten er ganske klart avgrensa mot bergvegg i overkant og åpen eng på nedsida.

Naturtypar: Det er snakk om ein liten askehage med 15-20 styva asketre. Trea står soleksponert og truleg er fleire av dei innhole. Enga er truleg av gulaks-engkvein-type.

Artsmangfald: Det er såpass tørt her at det er dårleg med bladlav og moser på trestammene, men dei hule trea har potensial for kravfulle insekt knytt til slike miljø. Enga er grasdominert og truleg litt gjødsla, slik at ho er utan så mykje interessante planteartar.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er snakk om ein ganske intakt, liten askehage, med innslag av soleksponerte og dels hule tre. Lokaliteten kan med fordel undersøkjast betre, men dette bør truleg rettast mot insektartar.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Naturverdiane er avhengig av at engene vert slått eller beita slik at dei ikkje gror att. I tillegg må asketrea lauvast, og nye askestuvar må dannast.

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

2 Fitja

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 275, N: 191

- Naturtype:** Kroksjøer, flomdammer og meandrerende elveparti E03
- Utforming:** Kompleks med meandrerende elveparti og kroksjøer E0304
- Verdi:** Viktig B
- Vegetasjon:** Ikke registrert
- Vernestatus:** K-plan, båndlagt område etter § 20-4, 1. ledd nr. 4
- Trusler:** Drenering/gjenfylling & Nedbygging
- Feltsjekk:** 08.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 06.04.2007, hovudsakleg ut frå eigen tur 08.05.2006. Lokaliteten er også registrert i gamal Naturbase for kommunen (lok. nr. 121100501) og av Korsmo (1975).

Lokalisering: Lokaliteten ligg langs nedre del av Etneelva, like ovafor utløpet i Etnefjorden. Avgrensinga er ganske skarp mot sør og aust (dyrka mark), litt dårlegare mot nord (dels veg, dels fattigare skog). Lokaliteten ligg innafor eit større areal som er sikra som spesialområde naturvern i reguleringsplanen for Etnesjøen II.

Naturtypar: Det er dels snakk om restar av gamle elveløp (kroksjøer, sumpparti) og tilhøyrande flommarksskog. I tillegg er generelt kantsonar mot Etneelva teke med, samt eit lite parti med edellauvskog i skråninga langs vegen på nordsida av elva. På flata langs elva er det noko gråor-heggeskog (med innslag av ask). Det er litt blottlagt sand og grus langs elva.

Påvirkning: Området er i stor grad påverka av ulike inngrep og har nok vore det i lang tid. Av viktige inngrep som kan sjåast nå er bilvegen, samt ein liten veg inn til nokre hus sentralt i lokaliteten. Det finst litt søppel, men ikkje så mykje. Ein del av vegetasjonen er ganske nitrofil og indikerar noko ureining. Det er også planta inn litt gran her, platanlønn finst og det er også planta inn andre treslag (m.a. utenlandske furuarter). Langs vegen står det nokre tidlegare styva, innhole asketre. Elveløpet er ganske intakt på strekninga, men med ei enkel, gamal forbygging på sørsida av elva.

Artsmangfald: I gråor-heggeskogen veks typiske artar som kvitveis, vårkål, strutseving, samt noko sølvbunke. Korsmo (1975) nevner også m.a. kjempesvingel og jordnøtt herifrå. Partia med blottlagt sand langs elva har potensial for elvebreddsinkt. I eit sumpparti mellom elva og vegen veks ein del sverdlilje, og i øvre kant av sumpa noko slakkstorr. I eit fuktsig står det skogsivaks. På berg inntil vegen veks blyhinnelav og på ei av dei grove asketrea inntil vegen nokre skorpelav typiske for gamle edellauvtre, inkludert *Thelopsis rubella* (VU). I den gamle naturbasen er også m.a. kjempesvingel nevnt frå området.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er eit delvis intakt og nokså variert lite flommarksområde langs eit større vassdrag i låglandet. Slike miljø er sjeldsynte og truga i landsdelen. Det finst også fleire kravfulle og dels raudlista artar her, og kanskje burde verdien vorte sett enda høgare.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge mest mogeleg i fred for inngrep, inkludert forbygging langs elva, bygging av hus, dumping av avfall og endring av kantsonar langs vegen. Miljøet er også sårbart for ureining.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Kartlantereregistreringer på lokaliteten (totalt 6 registreringer):

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

2 Fitja

Ask	08.05.2006
Jordnøtt	10.07.1974
Kjempesvingel	10.07.1974
Slakkstorr	08.05.2006
Sumphaukeskjegg	10.07.1974
Sverdliilje	08.05.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

<i>Leptogium cyanescens</i>	Blyhinnelav	Busk- og bladlav
<i>Thelopsis rubella</i>		Skorpelav

Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

3 Rivåsen 1

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 235, N: 180

Naturtype: Gammel fattig edellauvskog F02
Utforming: Eikeskog F0201
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 08.05.2005 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 06.04.2007, ut frå eigen tur 08.05.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg litt ut etter nordsida av Etnefjorden. I den ganske tørre solvendte lia opp til den nedlagte plassen Rivåsen står det spredt med grove og gamle eiketre. Området er nokså diffust avgrensa mot skog utan slike eiketre. Svendsen (1985) har også omtala området, og ho har ei litt anna avgrensing av hagemarka med styvingstre.

Naturtypar/påvirkning: Vegetasjonen er ikkje særleg rik. For det meste er det truleg riktig å rekne det for blåbærskog til fattig lågurtskog, og generelt ganske tørt. Edellauvskogsartar manglar i feltsjiktet. Hagemark hadde vore ein alternativ naturtypeeining, men området ber preg av lite påvirkning i fleire ti-år (ikkje noko styving av tre eller beitetrykk av særleg omfang lenger). Bjørka er halvgammal og har ikkje fått så mykje daudt trevirke enno. Eit par av eiketrea er daude (ein handfull av trea låg nede) eller har mista grove greiner. I alt er det nok minst 50 grove og oftast hule eiketre her. Dei fleste av desse er mellom 80-100 cm i dbh, men einskilde er grovere. Svendsen (1985) har for øvrig skildra noko av brukshistoria til Rivåsen.

Artsmangfald: Bjørk er dominerande treslag, men det finst også jamnt med eik. I tillegg er det sparsamt med ask, også eit par tidlegare styva tre. Det vart ikkje funne interessante planteartar her. Det var lite å finne på dei gamle eiketre. Berre nokre funn av tobakkbrodssopp samt eit funn av kystruskjuke, men trea har også godt potensial for kravfulle og raudlista insekt knytt til holtre. Det var også lite lav på trea, men litt vanleg rurlav. Lungenever-samfunnet er sparsamt og berre med vanlege artar med unntak av eit funn av skorpefiltlav (NT).

Verdsetting: Lokaliteten får ein klar verdi som svært viktig (A), sidan det er snakk om ein ganske stor førekomst av grove og hule eiketre. Dette er både eit sjeldsynt miljø i seg sjølv, samtidig som det ofte har eit stort mangfald av truga artar knytt til seg.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiene vil vere å la dei gamle trea få stå i fred, og sørge i tillegg for at nye eiketre veks opp. Ekstensivt beite er også positivt. Noko tynning av andre treslag, som bjørk er truleg ein fordel for den lyskrevjande eika.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Sommareik

08.05.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 7 registreringer):

<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav
<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav
<i>Pannaria communis</i>	Grovfiltlav	Busk- og bladlav

Sårbar (VU)


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

4 Rivåsen 2

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 239, N: 181

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Or-askehog F0107
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 11.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 06.04.2007, ut frå eigen tur 08.05.2006, med eit lite supplement 11.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg litt ut etter nordsida av Etnefjorden. I den solvendte lia under den nedlagte plassen Rivåsen er det eit noko fuktig parti langs eit bekkesig der det står ganske rik edellauvskog. Lokaliteten er nokså skarpt avgrensa mot tørrare og fattigare skog på begge sider.

Naturtypar: Delar av lokaliteten har tydeleg preg av varmekjær kjelde-edellauvskog, men det er også overganger mot alm-lindeskog.

Påvirkning: Nokre av edellauvtrea (særleg ask) er gamle styvingstre (ca 10 tre sett), og eit par av desse er grove (over ein meter i dbh). Andre tre må reknast som middelaldrande. Det er sparsamt med daudt trevirke.

Artsmangfald: Svartor er dominerande treslag, men det er også spredt med ask og eit par almetre. På bakken var det lokalt litt dronningmose, og i feltsjiktet lokalt ein del skoggrønnaks, samt noko slakkstorr. I tillegg litt skogstorr. På asketrea veks fleire lavartar i lungenever-samfunnet, som lungenever, kystnever, vanleg blåfiltlav, skorpefiltlav (NT) og prakthinnelav (EN). I tillegg vaks det nokre skorpelav typiske for gamle edellauvtre her (Gyalecta-liknande), samt truleg ein Pyrenula-art.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som svært viktig (A), fordi det er snakk om ein ganske intakt og velutvikla rik kjelde-edellauvskog, ein sjeldsynt og sterkt truga vegetasjonstype. Eit par raudlistearter veks også her, og det er potensial for fleire slike.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil nok vera å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep.

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

Alm	08.05.2006
Ask	08.05.2006
Lundgrønnaks	08.05.2006
Skogstorr	11.10.2006
Slakkstorr	08.05.2006
Svartor	08.05.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

<i>Hookeria lucens</i>	Dronningmose	Bladmoser	
<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Leptogium cochleatum</i>		Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

5 Håfoss

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3079, N: 1835

Naturtype: Kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti E03
Utforming: Gamle, mindre flompåvirkede kroksjøer og dammer E0302
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Drenering/gjenfylling & Forurensing
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 06.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten rett nedafor utløpet av Stordalsvatnet ved Håfoss, på sørsida av Nordelva. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot andre naturtyper (boligtomt, fastmarksskog m.v.) på alle kantar.

Naturtypar: Det er snakk om det som må vere rest av eit gammalt elveløp, men no berre i kontakt med elva med eit lite bekkesig i nedkant. Ein liten, vegetasjonsrik vassputt ligg øvst i lokaliteten. Rundt denne og ned mot elva er det mest frodig svartorsumpskog.

Påvirkning: Lokaliteten ligg i eit landskap som nok har vore hardt utnytta tidlegare (det har vore vasskraftverk og industri ved Håfoss før), og det har sikkert vore ymse inngrep også i lokaliteten før. Den har no likevel eit tilsynelatande ganske intakt preg. M.a. er det lite forsøpling. Skogen er middelaldrande og utan daudt trevirke av noko omfang.

Artsmangfald: Svartor er dominerande treslag. I tillegg er det innslag av bjørk, ask, hegg og gråor. I feltsjiktet i sumpskog er det ikkje så artsrikt, men det finst einskilde sumpplanter som skogsivaks, bekkeblom, elvesnelle og maigull. I den vesle putten vart berre tusenblad og vanleg tjønnaks sett, samt strandrøyr i kanten. Litt spesielt var at ei vintererle vart sett og høyrte, men den høyrer nok i første rekkje heime langs hovudelva.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som viktig (B), fordi intakt sumpskog/attgroande kroksjøer er sjeldsynte i landsdelen.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Naturverdiane er avhengig av at området får liggje i fred utan større inngrep. Spesielt er drenering og attfylling øydeleggjande, men en bør også unngå ureining og hogst stadeigne lauvtre.

Registreringer av viltarter på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Vintererle	09.05.2006 Beite- /jaktområde	1
------------	-------------------------------	---

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

Elvesnelle	09.05.2006
Maigull	09.05.2006
Skogsivaks	09.05.2006
Svartor	09.05.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

6 Nedre Grindheim NA

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3034, N: 1793

Naturtype: Dam E09

Utforming:


Verdi: Lokalt viktig C

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Drenering/gjenfylling & Forurensing

Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 06.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten rett på nordsida av E134, litt nedafor Håfoss. Han er skarpt avgrensa mot dyrka mark og industritomt.

Naturtypar: Danninga av dammen er ikkje nærare kjent, men det kan vere ein gamal, for lengst avsnørt rest av elveløpet, eller t.d. ei dødisgrop. Dam verkar uansett som den mest passende eininga på typen. Vatnet er såpass ureina og miljøet forsøpla at det er vanskeleg å finne ut av vegetasjonstypen. Vatnet er brunfarga, truleg delvis av humus.

Påvirkning: Lokaliteten ligg i eit jordbrukslandskap, noko som nok har ført til noko negativ ureining og næringstilsig til vatnet. Vesentleg verre er forsøplinga frå industridrifta inntil dammen, som er i ferd med å øydeleggje miljøet totalt. Det vert fortsatt fylt ut lausmassar i dammen frå denne drifta.

Artsmangfald: Miljøet er artsfattig, truleg delvis som følgje av dei negative inngrepa. Det veks litt flaskestorr, elvesnelle og mannasøtgras i kanten.

Verdsetting: Slike naturlege dammer i kulturlandskapet er sjeldsynte og bør normalt alltid ha verdi som minst viktig (B), men denne dammen er såpass øydelagt og utan funn av spesielt sjeldsynte eller kravfulle artar at han berre får verdi som lokalt viktig (C).

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Verdiane er alt i stor grad øydelagt av ureining og søppeldumping. Dette bør opphøyre (og er vel strengt tatt også forbode), samtidig som ein restaurerer dammen ved å ta ut att ein del av tilførte masser og fjerner slam m.v.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

Elvesnelle	09.05.2006
Flaskestorr	09.05.2006
Mannasøtgras	09.05.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

7 Nedre Grindheim N

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3019, N: 1788

Naturtype: Dam E09

Utforming:


Verdi: Lokalt viktig C

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Forurensing & Drenering/gjenfylling

Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 06.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten rett på nordsida av E134, litt nedafor Håfoss. Han er skarpt avgrensa mot dyrka mark og anna fastmark.

Naturtypar: Danninga av dammen er ikkje nærare kjent, men det kan vere ein gamal, for lengst avsnørt rest av elveløpet, eller t.d. ei dødisgrop. Dam verkar uansett som den mest passende eininga på typen. Vatnet verkar ganske markert påverka av ureining, helst frå landsbruksdrift.

Påvirkning: Lokaliteten ligg i eit jordbrukslandskap, noko som nok har ført til ein del negativ ureining og næringstilsig til vatnet. Vatnet verkar no overgjødsla med mykje grønalger. Det er truleg også ein del jarnutfelling i vatnet. Det ligg ellers litt søppel og organisk avfall langs kanten.

Artsmangfald: Miljøet er artsfattig, truleg mykje som følge av ureininga. Det veks litt elvesnelle og flaskestorr i kanten.

Verdsetting: Slike naturlege dammer i kulturlandskapet er sjeldsynte og bør normalt alltid ha verdi som minst viktig (B), men denne dammen er såpass øydelagt og utan funn av spesielt sjeldsynte eller kravfulle artar at han berre får verdi som lokalt viktig (C).

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Verdiane er alt delvis øydelagt av m.a. ureining. Dette bør opphøyre, samtidig som ein lagar ein plan for å restaurere dammen.

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

8 Austrheim 1

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3046, N: 1823

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Masseuttak/utfylling & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 06.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten rett på nordsida av Nordelva, og omfattar dels eit noko flaummarksprega parti langs elva, samt terrasseskråninga inntil. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa av elva mot sør og dyrka mark mot nord.

Naturtypar: Området er prega av gammal hevd som beitelandskap truleg, men har delvis eit preg av høgstaudeskog. Verdiane er likevel knytt til eit 30-tals eldre, tidlegare styva asketre. Det står også eit par grove eiketre her.

Påvirkning: Asketrea har truleg ikkje vore styva på eit par ti-år. Ellers har det vorti dumpa litt søppel i området, utan at dette har så stor verknad på naturverdiane. Asketrea er middels grove, ofte 60-70 cm i dbh. Nokre av asketrea var daude. Området verkar litt prega av næringstilsig frå jordbruksmarka ovafor.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne spesielle artar i området. I feltsjiktet er det ein del strutseving. Lungenever-samfunnet er dårleg utvekla på trea, berre muslinglav vart funne. Det er eit potensial for kravfulle insekt i dei innhole trea.

Verdsetting: Lokaliteten får en grei verdi som viktig (B), sidan det tross alt er snakk om eit litt større tall styva asketre og eit par grove eiketre. Fråver av funn av raudlisteartar gjer det vanskeleg å setje verdien høgare.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

For naturverdiane er det både viktig å unngå negative tiltak, som t.d. hogst av gamle edellauvtre og dumping av søppel, samtidig som ein sett i gang att ein positiv tradisjonell hevd. Truleg er mange av trea for gamle til at ein kan ta opp at lauvinga, men ein kan til gjengjeld passe på å få opp nye styvingstre.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Ask	09.05.2006
Strutsveng	09.05.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

<i>Normandina pulchella</i>	Muslinglav	Busk- og bladlav
-----------------------------	------------	------------------


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

9 Austrheim 2

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3054, N: 1850

Naturtype: Gråor-heggeskog F05
Utforming:
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 06.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg inntil nordvestsida av Nordelva. Det omfattar dels ein stort sett intakt, delvis avsnørt elvekrok (det renn nok ofte noko over øvst), med tilstøtande flaummarksprega skog og frodig høgstaudeprega skog i lia inntil. Lokaliteten er dels ganske skarpt avgrensa mot anna mark i nedkant, litt meir diffust i øvre, austre del.

Naturtypar: Lokaliteten omfattar eigentleg to naturtypar som ligg heilt inntil kvarandre og som mest praktisk vert slegen saman til ein her. Dels er det flaummarka og elveavsnøringa langsmed elva, og dels er det sumpprega sigevassli i kanten ovafor avsnøringa.

Påvirkning: Det går ein enkel traktorveg/traktorspor ut på "halvøya". Det er lagt opp ein låg kant med grus mot elva i det øvre løpet, men sidan det går eit røyr gjennom denne, så vert ikkje vatnet hindra særleg mykje. Vatnet er difor ganske reint i avsnøringa og det er lite vassvegetasjon der. Skogen er er for det meste ung til middelaldrande, berre med eit par litt eldre, tidlegare styva asketre.

Artsmangfald: Av treslag så veks det her både ask, osp, gråor og svartor. I den ganske sterkt sigevasspåverka lia veks det m.a. mykje skogsivaks og ellers m.a. noko sumphaukeskjegg og maigull.

Verdsetting: Lokaliteten får en klar verdi som viktig (B), sidan det er snakk om ein lokalitet som både inneheld ein stort sett intakt elveavsnøring og eit parti med intakt sumpprega vannsig i lisode, begge to sjeldsynte og truga naturtyper i låglandet i landsdelen.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er nok stort sett å la området få liggje mest mogeleg i fred for alle typer inngrep. Den enkle traktorvegen inn i lokaliteten utgjør ikkje noko trugsmål mot verdiane, så sant han ikkje vert nytta til nye inngrep her.

Karplanteregistreringer på lokaliteten (totalt 3 registreringer):

Ask	09.05.2006
Skogsivaks	09.05.2006
Svartor	09.05.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

10 Austrheim 3

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3029, N: 1836

Naturtype: Hagemark D05
Utforming: Eikehage D0503
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift & Masseuttak/utfylling
Feltsjekk: 09.05.2005 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 06.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg heilt inntil gardstunet på Austrheim, på øversida av tunet. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot andre naturtypar, ut frå førekomsten av gamle eiketre. Eiketrea vart ikkje studert nærare i felt, berre observert frå vegen i nedkant.

Naturtypar: Lokaliteten omfattar ca 15 gamle og nokså grove eiketre. Mest truleg har dei vore lauva tidlegare, men historia er ikkje sjekka nærare opp med grunneigar. Eit par av trea er daude/halvdaude, og fleire er innhole.

Artsmangfald: Det vart ikkje observert spesielt interessante eller kravfulle artar her. Det er berre triviell engflora på bakken og trea ser ikkje ut til å vere eigna vekseplass for kravfulle lav. Derimot er det nok eit godt potensial for kravfulle og kanskje også raudlista insekt knytt til innhole eiketre. Kanskje kan det også vekse raudlista vedbuande sopp på trea.

Verdsetting: Lokaliteten får en klar verdi som viktig (B), sidan det er snakk om eit litt større antall gamle og ganske grove, dels innhole eiketre. Det kan vere at betre undersøkingar (av insekt) kan gje grunnlag for enno høgare verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la eiketrea få stå stort sett i fred og berre bli stadig eldre. Daude tre bør også få vere i fred, da desse kan vere spesielt verdfulle for mange truga artar. Ein bør unngå forsøpling og ikkje tilføre næring til marka.

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

11 Austrheim 4

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3003, N: 1809

Naturtype: Gråor-heggeskog F05
Utforming: Liskog/raviner F0502
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg sør for Austrheim, i ei skråning og på ei flate på nordsida av elva. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot veg og kulturlandskap på nordsida og elva på sørsida, litt meir diffust langs elva.

Naturtypar: Det er snakk om ein ganske typisk og ordinær gråor-heggeskog. Det største arealet er liskog-utforming, men det er også flaummarksskog langs elva (anslagsvis 7:3). M.a. greiner elva seg noko her og delar av skogen ligg som ei øy ute i elva.

Påvirkning: Skogen er middelaldrande og det er sparsamt med dautt trevirke.

Artsmangfald: Av treslag dominerar gråor og hegg, men det finst også ask, alm og sparsamt med hassel og platanlønn. Feltsjiktet vart ikkje grundig undersøkt, men verka ganske ordinært.

Verdsetting: Lokaliteten får under tvil verdi som viktig (B), sidan det er snakk om ein litt større og variert gråor-heggeskog, men utan at spesielle artar er påvist.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep. Unntaket frå dette er fjerning av innførte artar som platanlønn.

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

12 Hellelandsåsen

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 203, N: 180

Naturtype: Kystfuruskog F12
Utforming: Fuktige furu-hasselskoger F1203
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Helleland og Børkjenes, i ei lita, nordvestvendt kløft på baksida av Hellelandsåsen. Lokaliteten går over i kulturmark i nordvest, har meir fattig og tørr skog på vestsida, medan det er noko meir gradvis og usikker overgang mot tørrare skog i aust.

Naturtypar: Naturtypeeining er litt uklar, sidan det er snakk om ein fuktig blandingsskog, som mest har karakter av boreonemoral regnskog, men utan klar dominans av noko treslag. Det fell artsmessig truleg best inn under kystfuruskoger med innslag av fuktikrevjande artar. Det går eit lite bekkesig i kløfta og ligg fleire store steinblokker nedetter. I tillegg er det fleire små nordaustvendte bergvegger, medan det er meir rasmarkspreg på austersida. Av vegetasjonstypar så er det nok mykje blåbærskog, men også innslag av fuktig og tendensar til lågurtskog.

Påvirkning: Skogen er middelaldrande til noko eldre i øvre delar. Daudt trevirke er det sparsamt med. Ellers er det ingen nyare inngrep. Kulturmarka nedanfor vert framleis beita, og dyra går dels litt opp i skogen. Noko daud einer i skogen vitner om at han har vore meir åpen tidlegare.

Artsmangfald: Furu er kanskje vanlegaste treslag, men deet er også mykje bjørk, samt artar som svartor, kristtorn (minst eit tre), hassel, ask (eit par styva tre nedst), barlind (ein handfull tre sett) (VU) og rogn. Karplantefloraen i feltsjiktet er ikkje særleg rik, men det er ganske mykje av den kystbundne og frostvare hinnebregna. Av moser finst fleire noko fuktighetskrevjande artar, som dronningmose, storstyle og raudmuslingmose. Av kanskje størst interesse er lavfloraen. Det er lite artar i lungenever-samfunnet, men av skorpelav så er det sparsamt med regnskogsarten gul pærelav (NT), samt gammalskogsartar som kattefotlav og Arthonia arthonioides.

Verdsetting: Lokaliteten får ut frå ei samla vurdering verdi svært viktig (A). Det finst ein høgt raudlista art som til en viss grad forsvare dette (barlind), men den viktigsta grunngevinga er at dette er ein av dei austlegaste kjente førekomstane av denne typen regnskogsmiljø i regionen, og at den er ganske intakt.

Anna: Eldegaard (1996) har omtala eit område kalla "Børkjenes" som truleg dekkjer noko av samme areal som denne lokaliteten. Ho skriv m.a. om funn av hinnebregne, kristtorn og truleg barlind. I tillegg skal området vere leveområde for mår og storflugl.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå i ferd for alle typar inngrep.

Karplanteregistreringer på lokaliteten (totalt 5 registreringer):

Ask	09.05.2006
Barlind	09.05.2006
Junkerbregne	09.05.2006
Kristtorn	09.05.2006
Hinnebregne	09.05.2006

Sårbar (V)

Registreringer av andre artar på lokaliteten (totalt 11 registreringer):

Campylopus atrovirens

Pelssåtemose

Bladmoser

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

12 Hellelandsåsen

<i>Campylopus anoreticus</i>	Flekkemose	Bladmose
<i>Hookeria lucens</i>	Dronningmose	Bladmoser
<i>Neckera crispa</i>	Krusfellmose	Bladmoser
<i>Bazzania tricrenata</i>	Småstylte	Levermoser
<i>Bazzania trilobata</i>	Storstylte	Levermoser
<i>Mylia taylorii</i>	Raudmuslingmose	Levermoser
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav
<i>Normandina pulchella</i>	Muslinglav	Busk- og bladlav
<i>Arthonia leucopellaea</i>		Skorpelav
<i>Arthonia arthonioides</i>		Skorpelav
<i>Pyrenula harrisii</i>		Skorpelav

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

13 Ebna

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2152, N: 2275

Naturtype: Hagemark D05
Utforming: Eikehage D0503
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg ved Ebna, i eit slakt parti på nordsida av vegen.

Naturtypar og artsmangfald: Det er snakk om i alt 4 grove eiketree som her står litt spredt, dels i kanten mellom skog og åpen eng og dels meir inneslutta i ung lauvskog. Det vart ikkje funne spesielle artar på trea, men det er potensial for raudlisteartar både blant skorpelav, vedbuande sopp og insekt.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er snakk om fleire grove og gamle eiketree.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Verdien knytt til eiketreea er avhengig av at desse får stå i fred, samtidig som ein javnleg rydder vekk kratt og småskog rundt dei, slik at dei får stå åpent til halvåpent.

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

14 Tveit

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 1977, N: 1830

Naturtype: Hagemark D05
Utforming: Eikehage D0503
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Tveit, inntil austsida av vegen. Lokaliteten er avgrensa ut frå førekomsten av gamle eiketree på denne sida av vegen, og er difor ganske skarp.

Naturtypar: Det er snakk om eit ti-talls ganske grove og gamle eiketree. Trea står åpent til halvåpent og soleksponert på grunnlendt mark, dels i kanten mot veg og eng, og dels i småskog. Trea er ikkje så veldig grove (60-80 cm i dbh), men dei har nok vore lauva før, og fleire av dei er delvis innhole. Det vart ikkje funne spesielle artar på dei, men det er potensial for slike, særleg av insekt som trivst i hole tre og vedbuande sopp som veks på gamle eiketree.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er snakk om ei grei lita ansamling av eldre og dels innhole eiketree, men utan at det så langt er funne spesielt kravfulle artar her.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er viktig å spare dei gamle eiketree for inngrep, slik at dei kan stå og bli skikkeleg gamle og dø i fred. Samtidig må en sørgje for at nye eiketree veks opp. Ellers er det ein fordel om andre treslag i nokon grad vert rydda vekk rundt eiketree, slik at desse får bra med lys.

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

15 Helleland

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 1952, N: 1820

Naturtype: Gammel fattig edellauvskog F02
Utforming: Eikeskog F0201
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Helleland og Tveit, på nordsida av gamlevegen og ned mot fjorden. Den er litt uskarpt og usikkert avgrensa, dels mot meir utprega kulturmark i sør og dels mot kulturmark og mindre interessant skog mot nord og aust.

Naturtypar og artsmangfald: Dels er det snakk om litt frodig skog med eit par ganske grove, tidlegare styva asketre langs ein småbekk, på litt meir finkorna lausmassar. Her vaks slakkstorr hist og her. Avgjerande for val av naturtype var den sørvestvendte lia nord for bekken, der det står ein del eik. Nokre av trea er ganske grove, men det vart ikkje funne innhole tre. Det står fleire naturengplantar i nedkant av eikeskogen (på nokre litt tørre grusbakker) med artar som gulaks, jonsokkkoll, markfrytle, blåklokke, blåknapp, sparsamt med hårsveve, kystgrisøyre. Beitet verkar no svak eller har opphørt ganske nyleg.

Verdsetting: Lokaliteten får under noko tvil berre verdi lokalt viktig (C), sidan ingen spesielt sjeldsynte eller kravfulle artar så langt er funne. Ein skal likevel ikkje utelukke at betre undersøkingar påviser slike (t.d. marklevande sopp som trivst i lågurteikeskog), og at dette gjer grunnlag for høgare verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå i ferd for dei fleste typar inngrep. Noko rydding av treslag som bjørk kan vere positivt, og husdyrbeite er ein stor fordel.

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 8 registreringer):

Blåklokke	09.05.2006
Blåknapp	09.05.2006
Gulaks	09.05.2006
Hårsveve	09.05.2006
Jonsokkoll	09.05.2006
Kystgrisøyre	09.05.2006
Markfrytle	09.05.2006
Slakkstorr	09.05.2006


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

16 Osphaugen vest, Hjelmervik

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2399, N: 2390

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Rike hasselkratt F0103
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 13.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP, samt aleine 13.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg ved Hjelmervik, på vestsida av Osphaugen. Avgrensinga er ikkje særleg skarp, mot meir kulturpåverka skog mot sørvest og fattigare og dels tørrare skog og blokkmark mot aust og sør.

Naturtypar: Naturtype-eining er ikkje grei. Det er innslag av ulike verdfulle element her, både velutvikla hasselkratt og nokre gamle styvingstre av ask.

Påvirkning: Skogen er til dels ganske ung, dels middelaldrande, men med innslag av gamle styvingstre. Det er dels avgrensa parti med attgroande enger innafor lokaliteten av arronderingsmessige omsyn.

Artsmangfald: Forutan hassel og ask, er det også noko bjørk og svartor her. Karplantefloraen er ikkje særleg rik, men indikerar at det er snakk om ein kulturpåverka variant at lågurtskog. På dei gamle asketrea veks nokre kravfulle og dels raudlista lav og moseartar, som gul pærelav (NT), vanleg rurlav, blyhinnelev og kveilmose. Den tidlegare raudlistearten marsipankremle vart også funne eit par plassar i hasselkratta.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), både fordi ein raudlisteart er funne, men også ut frå innslaget av velutvikla hasselkratt og gamle tidlegare styva asketre.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiene vil nok stort sett vere å la skogen få stå i fred for alle typar inngrep, sjølv om dette har vore eit ganske kulturpåverka miljø før. Alternativet er ein medviten og noko ressurskrevjande skjøtsel (styving av gamle asketre, varsam handtering av hassel m.v.).

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Ask	09.05.2006
Hassel	09.05.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

<i>Pterogonium gracile</i>	Kveilmose	Bladmoser
<i>Leptogium cyanescens</i>	Blyhinnelev	Busk- og bladlav
<i>Normandina pulchella</i>	Muslinglav	Busk- og bladlav
<i>Pyrenula harrisii</i>		Skorpelav
<i>Thelotrema lepadinum</i>		Skorpelav
<i>Russula grata</i>	Marsipankremle	Sopp

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

17 Osphaugen aust, Mortveit

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2449, N: 2433

Naturtype: Intakt lavlandsmyr
Utforming: Urørte myrer og mindre påvirkede myrer i nemoral og boreonemoral sone A0101
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Drenering/gjenfylling & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg ved Mortveit, på nordaustsida av Osphaugen. Avgrensinga er dels ganske skarp mot fattig fastmark i nord og vest, men meir diffus mot fattigare skog i sør og aust.

Naturtypar: Det er snakk om ei lita, men tross alt intakt myr i låglandet, i eit distrikt der det er få slike att. I tillegg er eit parti med fuktig, nordvendt lauvskog i blokkmark inkludert i lokaliteten, sjølv om dette er ein ganske anna naturtype (men dei ligg heilt inntil kvarandre, og bør forvaltas som ei eining).

Påvirkning: Det er så vidt ei lita grøft inntil skogsvegen i nedre kant, men myra må reknast som rimeleg intakt. Det går enkle traktorveger både på vest- og nordaustsida. Skogen på sørsida er middelaldrande til noko eldre, med innslag av litt daudt trevirke av nyare dato. Nokon kontinuitet i daude eller gamle tre er det nok ikkje her.

Artsmangfald: Myra er gjennomført fattig, med artar som blåtopp og pors, og litt småvaksen svartor langs kanten. Skogen på sørsida er tydeleg skikkeleg fuktig. Det er ein blandingsskog med rogn, hegg, bjørk og osp og litt hassel. Her veks det noko buktporelav og grynfiltlav på trea, til dels langt ute på tynne greiner, noko som vitnar om svært fuktig miljø. På steinblokker veks m.a. heimose, storstylte og raudmuslingmose.

Verdsetting: Lokaliteten får under litt tvil berre verdi lokalt viktig (C), sidan miljøet er såpass lite og utan funn av raudlista artar. Det kan ikkje utelukkast at betre undersøkingar gjer grunnlag for høgare verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge helt i fred. Særleg grøfting, men også skogsdrift og ureining, er negativt.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Hassel	09.05.2006
--------	------------

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

<i>Anastrepta orcadensis</i>	Heimose	Levermoser
<i>Bazzania trilobata</i>	Storstylte	Levermoser
<i>Mylia taylorii</i>	Raudmuslingmose	Levermoser
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav
<i>Sticta sylvatica</i>	Buktporelav	Busk- og bladlav
<i>Arthonia leucopellaea</i>		Skorpelav

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

18 Mortveitvatnet sør

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 244, N: 245

Naturtype: Dam E09

Utforming:


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Drenering/gjenfylling & Forurensing

Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg ved Mortveit, og omfattar ein liten putt rett sør for Mortveitvatnet (som er ein regulert dam). Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot fastmark på alle kanter.

Naturtypar: Det er snakk om eit lite tjønn som verkar ganske intakt og naturleg. Som naturtype er kanskje "naturleg fisketomme innsjøar og tjern" mest riktig, men inntil evt. førekomst/fråver av fisk er avklart, vert eininga "dam" nytta her, sjølv om dette ikkje er heilt presist. Det er litt flytetorv utover i vatnet og det verkar humuspåverka (dystroft).

Påvirkning: Det er planta litt sitkagran rundt tjernet.

Artsmangfald: Bortsett frå så vidt nøkkerose og noko krypsiv, så vart det ikkje funne spesielle plantearter i tjernet. Derimot såg vi fleire padder både i vatnet og langs traktorvegen, og såg eggstrenger i kanten av tjernet.

Verdsetting: Verdien vert her under litt tvil sett til viktig (B), sjølv om ingen spesielt sjeldne eller kravfulle artar vart sett. Slike omtrent intakte vatn i låglandet er likevel så sjeldsynte at dei som naturtype lett får høg verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la vatnet få ligge i fred. Tiltak som drenering eller utsetting av fisk vil øydeleggje verdiane. Fjerning av planta sitkagran vil derimot vere ein stor fordel.

Registreringer av viltarter på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Padde	09.05.2006 Hekke- /yngleområde	2
-------	--------------------------------	---

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

19 Morveitvatnet

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2441, N: 2446

Naturtype: Dam E09
Utforming: Gårdsdam E0901
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Forurensing & Drenering/gjenfylling
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Mortveit, og omfattar eit oppdemt tjern ovafor busetnaden. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot fastmark på alle kanter.

Naturtypar: Tjernet er oppdemt og naturtype "dam" er difor naturleg. Det verkar noko humuspåverka og næringsfattig. Noko vegetasjon av særleg omfang vart ikkje sett i vatnet eller i kantane.

Artsmangfald: Det vart ikkje observert spesielle artar her. Truleg er vatnet artsfattig, men kanskje kan det vere einiske virvellause dyr av litt interesse her. Helst så finst det også padde her, som i tjernet på oversida.

Verdsetting: Lokaliteten får berre verdi lokalt viktig (C), sidan ingen kravfulle artar vart sett eller at det var indikasjonar på slike. Det er likevel såpass få tjern i låglandet i distriktet, naturlege som kunstige, at dei fleste bør sjåast på som verdifulle.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Ein bør unngå urening av vatnet, og truleg er det ein fordel om vasstanden ikkje varierar for mykje og for brått. Utsetting av fisk vert ikkje tilrådd.

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

20 Hjelmervik nord

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2383, N: 2418

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Lågurt-eikeskog F0101
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Hjelmervik, i ei bratt sørvestvendt li på nedsida av vegen, aust for Taraldsøy. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot vegen i aust og sjøen i vest, litt meir diffust mot eit tomt med tilhøyrande gamle plantefelt med gran og bøk i sør og mot hytter m.v. i nord.

Naturtypar/påvirkning: Det er eikedominert skog av lågurttype. Vegen har nok i si tid ført til at noko stein har rast ut i skogen, men det er såpass lenge sida (og vegarbeidet vart gjort i ei tid da dei tok meir omsyn enn det som har vært normalt i nyare tid) at det har liten verknad på verdiane no. Skogen må reknast som storvaksen og noko eldre, men med lite daudt trevirke og virkelig gamle eiketre. Det er litt bergvegger og rasmark i lia.

Artsmangfald: Forutan eik, så veks det også noko osp og hassel og så vidt ask og rognasal her. I feltsjiktet er det sparsamt med sanikel. Det er lite av lungenever-samfunnet på trea, men vanleg blåfiltlav vart sett. Lokaliteten har potensial for kravfulle marklevande sopp knytt til rik eikeskog.

Verdsetting: Lokaliteten får under tvil verdi viktig (B), sjølv om ingen spesielt sjeldsynte eller kravfulle artar så langt er påvist. Litt rikare eikeskoger er likevel såpass sjeldsynte i distriktet, samtidig som dei har eit godt potensial for kravfulle og dels raudlista sopp.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå i fred for inngrep, inkludert alle former for hogst (unnateke fjerning av framande treslag).

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

Ask	09.05.2006
Hassel	09.05.2006
Rognasal	09.05.2006
Sanikel	09.05.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav
------------------------	-------------------	------------------

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

21 Molnes

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 236, N: 247

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, tørr, næringsfattig høstingsskog med styvingstrær av eik D1802
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGA den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Molnes, inntil austsida av vegen til Skånevik. Lokaliteten er avgrensa av dei gamle eiketrea som veks her.

Naturtypar/påvirkning: Det er snakk om eit par gamle grove, tidlegare lauva eiketree som står i lia ovafor vegen. Ved det eine har det vorte hogd nyleg (også det treet har da delvis vorte øydelagt).

Artsmangfald: Einaste funn av interesse vart eikemusling på den eine eika, ein sjeldsynt art på Vestlandet (han er vanleg lenger sør). Det er eit potensial for fleire kravfulle artar på trea.

Verdsetting: Lokaliteten får berre verdi lokalt viktig (C), sidan det er få tre og skjøtselen ikkje er heilt bra. Beter undersøkingar kan gje grunnlag for høgare verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

For å ta vare på naturverdiane er det heilt naudsynt at eiketrea ikkje vert hogd ned eller på andre måter øydelagt. Samtidig er det viktig å hogge rundt trea slik at dei får stå relativt åpent og ikkje vert skugga ut.

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Daedalea quercina

Eikemusling

Sopp

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

22 Frettsstranda

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 402, N: 236

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Or-askekog F0107
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 10.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 10.05.2006 saman med IAP og OOv. Området er også kortfatta omtala av Odland et al. (1985).

Lokalisering: Lokaliteten ligg lengst nord langs Stordalsvatnet, på søraustsida av vatnet. Det er snakk om ei bratt lauvskogsli som ligg på gamal rasmark. Lokaliteten er noko diffust avgrensa, dels mot fattigare skog og berg i øvre delen og mot granplantefelt i vest og nordvest (men dels ein gradvis overgang mellom plantefelt og verdifull edellauvskog), samt meir kulturprega mark i nord.

Naturtypar: Det er snakk om ei frodig lauvskogsli, der delar må reknast som or-askekog med sistnemnde som viktig treslag. I tillegg er det nok noko fattigare gråor-heggeskog, samt i øvre delar går det truleg over i mer rein høgstaudekog e.l.

Påvirkning: I nedkant og dels innafør lokaliteten står det ein del planta gran. Mange av edellauvtrea har vore styva tidlegare, og dette har tidlegare vore ein tradisjonell haustingsskog. Det finst også grove asketre utan spor etter styving. Truleg har lia vore jamnt utnytta før, men har fått stå meir i fred dei siste ti-åra. Det har etter kvart vorte litt dautd trevirke i lia.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje spesielt rik. Gråor er dominerande treslag, men det er også jamnt med ask i lia. I tillegg finst nokre grove, tidlegare styva almetre og litt hassel. I feltsjiktet er det stadvis ein del edellauvskogsartar som skogsvingel, maigull, kystmaigull, junkerbregne og myske, saman med ulike høgstaudeartar (skogstjerneblom er ofte dominerande). Av størst interesse er likevel lavfloraen som indikerer gamal skog med tendensar til boreonemoral regnskog. Lungenever-samfunnet finst ikkje i store mengder, men er samla sett artsrikt med fleire kravfulle artar, inkludert kranshinnelav (VU) og skorpefittlav (VU). Det finst nok også fleire kravfulle skorpelav her, og i det minste vart *Gyalecta flotowii* (VU) funne på ei ask.

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som svært viktig (A), både ut frå artsfunn og høgt raudlista artar, men også storleik og skogtype tilseier høg verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det hadde vore positivt om noko styving vart teken opp att, men det er nok også bra om delar av edellauvskogen berre får stå i fred. Det viktigaste skjøtselstiltaket her er uansett å få fjerna granplantefelta, og dette bør gjerast før andre tiltak.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 12 registreringer):

Alm	10.05.2006
Ask	10.05.2006
Hassel	10.05.2006
Junkerbregne	10.05.2006
Kranskonvall	10.05.2006
Kystmaigull	10.05.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

22 Frettsstranda

Maigull	10.05.2006
Myske	10.05.2006
Skogstjerneblom ssp. nemorum	10.05.2006
Skogsvingel	10.05.2006
Stornesle	10.05.2006
Strutsveng	10.05.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 15 registreringer):

<i>Neckera crispa</i>	Krusfellmose	Bladmose	
<i>Porella arboris-vitae</i>	Galleteppemose	Levermose	
<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium cyanescens</i>	Blyhinnelav	Busk- og bladlav	
<i>Leptogium burgessii</i>	Kranshinnelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Nephroma laevigatum</i>	Kystvrenge	Busk- og bladlav	
<i>Normandina pulchella</i>	Muslinglav	Busk- og bladlav	
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Sticta fuliginosa</i>	Rund porelav	Busk- og bladlav	
<i>Sticta sylvatica</i>	Bukt porelav	Busk- og bladlav	
<i>Gyalecta flotowii</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)
<i>Thelotrema lepadinum</i>		Skorpelav	

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

23 Timpeltut SV, ved Vannes

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 286, N: 281

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Alm-lindeskog F0105
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 10.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGA den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP, samt også saman med OOV den 10.05.2006. Dei gamle eikene ved Timpeltut er også omtala som lokalitet (nr 10) av Eldegaard (1996). Alm-lindeskogen sør i området er omtalt i nr 56 hos Eldegaard (1996).

Lokalisering: Lokaliteten ligg ute på halvøya utafor Skånevik, sør for det nyleg nedlagte bruket Vannes. Vegen fram til dette gardsbruket går opp i ei stadvis bratt sørvestvendt li med edellauvskog og attgroande enger på begge sider. Lokaliteten er difor nokså uklart avgrensa mot fattigare skog og meir kulturprega mark.

Naturtypar: Det er innslag av litt alm-lindeskog her, særleg under nokre berghamre i sørlege delen av lokaliteten. I tillegg er det ein del lågurtprega mark, dels med eik. Det er også attgroande engsamfunn av ulike typer, ein del bergvegger og nokre rasmark. Berggrunnen er truleg ganske variert. Det er vanskeleg å setje nokon klar naturtype på området. Truleg er det riktig å sjå på noko som rik edellauvskog (30% kanskje), noko som gammal edellauvskog (20%), noko som sørvendt berg og rasmark (20%) og resten (30%) som anna, mindre interessant mark.

Påvirkning: Området ber noko preg av attgroing. Det går fortsatt litt sau og beiter her, men antall dyr er nok mykje redusert i høve til tidlegare. Flere av edellauvtrea er tidlegare styva. Det er spredd med gammal eik her og eit par av trea er uvanleg grove. Eit av eiketrea hadde innslag av grov sprekkebork, noko som er sjeldsynt på Vestlandet, og som kan gje grunnlag for raudlista skorpelav. Det er også nokre grove lindetre i området, samt halvgrove asketre. Lokaliteten har ellers få negative nyare inngrep, som t.d. granplantefelt.

Artsmangfald: Dette er eit ganske artsrikt område. Av særskilt interesse under eige feltarbeid var funnet ar den sterkt truga lavarten kornfiltlav (E) på ei av dei grøvste eiketrea. Også fleire andre artar i lungenever-samfunnet finst. I tillegg er det fleire varmekjære, kystbundne planteartar, som kristtorn og eføy.

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som svært viktig (A). Dette både fordi ein høgt raudlista art veks her, innslaget av grove og gamle edellauvtre, samt at det er eit generelt rikt og variert landskap med stort potensial for raudlistearter av ulike organismegrupper.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Dette er ein litt variert og komplisert lokalitet, der ein helst burde hatt ein eigen liten skjøtelsesplan. Delar av området kan med fordel berre få stå i fred for alle typar inngrep, medan andre delar godt kan ryddast for busker og kratt. Det er særleg viktig å fristille gamle eiketree, samt unngå hogst av eik og lind. Husdyrbeite er heilt klart positivt.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 11 registreringer):

Bergflette	10.05.2006
Hassel	10.05.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

23 Timpeltut SV, ved Vannes

Jordnøtt	10.05.2006
Kristtorn	10.05.2006
Lind	10.05.2006
Ramslauk	10.05.2006
Sanikel	10.05.2006
Skogsvingel	10.05.2006
Slakkstorr	10.05.2006
Sommareik	10.05.2006
Vårmarihand	10.05.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 10 registreringer):

<i>Pterogonium gracile</i>	Kveilmose	Bladmoser	
<i>Metzgeria conjugata</i>	Kystband	Levermoser	
<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfjelllav	Busk- og bladlav	
<i>Leptogium cyanescens</i>	Blyhinnelav	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria scrobiculata</i>	Skrubbenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Parmeliella testacea</i>	Kornfjelllav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Daedalea quercina</i>	Eikemusling	Sopp	


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

24 Vannes: Djupnevik N

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 281, N: 283

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Alm-lindeskog F0105
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 09.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 07.04.2007, ut frå eigen tur 09.05.2006 saman med IAP.

Lokalisering: Lokaliteten ligg eit stykkje ut på halvøya utafor Skånevik, sørvest for det nyleg nedlagte brukes Vannes. Det omfatter ei bratt sørvendt skråning ned mot fjorden og er ganske skarpt avgrensa mot fattigare skog på innsida, men litt meir diffust mot aust og vest.

Naturtypar/påvirkning: Området har ein del rasmark og bergveggar, men med spredte innslag av edellauvskogstilknnyta artar, slik at "rik edellauvskog" kan gå ann som naturtype, sjølv om det ikkje er heilt presist. Det er også kvaliteter knytta til sørvendte berg og rasmark her, samt gammal edellauvskog. Området er ikkje påverka av inngrep i nyare tid, men helst har fleire av lindetrea vore styvva (greiner kutta for å laga bastetau av) tidlegare.

Artsmangfald: Det står eit par grove, gamle lindetre og også eit par ganske grove og gamle eiketre her. Flekkvis er det litt rikt, med artar som lundgrønaks, knollerteknapp samt eføy. Av lav finst nokre artar i lungenever-samfunnet, som rund porelav og kystnever.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er innslag av grove og gamle edellauvtre her. Området har potensial for fleire kravfulle artar fra ulike organismegrupper.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred for alle typer inngrep.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

Bergflette	09.05.2006
Knollerteknapp	09.05.2006
Lind	09.05.2006
Lundgrønaks	09.05.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav
<i>Sticta fuliginosa</i>	Rund porelav	Busk- og bladlav

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

25 Lundavågen

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 391, N: 244

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Alm-lindeskog F0105
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 10.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 08.04.2007, ut frå eigen tur 10.05.2006 saman med IAP og OOv.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på nordsida av Stordalsvatnet, i lia like nord for Lundavågen. Det er snakk om ei bratt søraustvendt lauvskogsli som dels ligg i grov ur. Avgrensinga er noko dårleg, da det ikkje vart kartlagt i øvre del av lokaliteten. Bortsett frå ganske skarpe grenser mot dyrka mark og vegen i sør og aust, er det noko gradvis overgang mot meir åpen og tørr ur med mer rein askeskog oppover i lia.

Naturtypar: Det er truleg mest riktig å sjå på dette som ein beiteprega alm-lindeskog. I tillegg er beitetrykket fortsatt såpass godt og med gamle styvingstre at det kan vere kvalitetar knytta til naturbeitemark/skogsbeite/haustingsskog her også.

Påvirkning: Området vert som sagt fortsatt ganske godt beita. Det er ellers førekomst av ein del grove, tidlegare styva tre, særleg av lind, men også ask og einskilde almetre. Det er litt daudt trevirke, og det er innslag av grove edellauvtre som ikkje har vore styva her.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje spesielt rik, men det finst fleire varmekjære edellauvskogsartar som skogstorr, lundgrønaks og myske i feltsjiktet, saman med ulike høgstauder. Lungenever-samfunnet er middels godt utvekla, der det utanom dei vanlege artane også vart gjort funn av skorpefiltlav (VU). I tillegg vart *Thelopsis rubella* (VU) funne på grov lind. Området bør ha potensial for insekt knytta til gamle og innhole edellauvtre.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som svært viktig (A), sidan det er snakk om ein klar alm-lindeskog med innslag av grove og gamle tre, samtidig som ein raudlisteart førekjem og det er potensial for fleire slike. Fortsatt godt beitetrykk i delar av området styrker verdsettinga.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå i fred for hogst, samtidig som det fortsatt blir beita her. Fjerning av framande treslag som platanlønn er positivt, medan hogst av lind, hassel og gamal ask er mest negativt.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 10 registreringer):

Alm	10.05.2006
Ask	10.05.2006
Gullstjerne	10.05.2006
Hassel	10.05.2006
Lind	10.05.2006
Lundgrønaks	10.05.2006
Myske	10.05.2006
Skogstorr	10.05.2006
Skogsvinerot	10.05.2006
Storklokke	10.05.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

25 Lundavågen

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 9 registreringer):


<i>Pterogonium gracile</i>	Kveilmose	Bladmoser	
<i>Porella arboris-vitae</i>	Galleteppemose	Levermoser	
<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfjelllav	Busk- og bladlav	
<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefjelllav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium cyanescens</i>	Blyhinnelav	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav	
<i>Thelopsis rubella</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

26 Trønskenes, Ytre Nes

Etne kommune, 1211
 UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2782, N: 2693
Naturtype: Rik sumpskog F06
Utforming: Varmekjær kildelausvog F0604
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift & Nedbygging
Feltsjekk: 10.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 08.04.2007, ut frå eigen tur 10.05.2006 saman med IAP og OOv, samt notat frå Brith Natlandsmyr (2004).

Lokalisering: Lokaliteten ligg på indre del av halvøya utafor Skånevik, på vestsida. Her er det eit litt flatare parti, der det er danna eit lite søkk på austsida av ein låg bergrygg. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot tørrare mark i aust og vest, ein litt gradvis overgang mot attgroande kulturmark i sør, samt uklår overgang mot bekkesig og tørrare mark mot sjøen i nord.

Naturtypar: Lokaliteten har ein ganske tydeleg utvikla svartorsumpskog på fuktig mark.

Påvirkning: Det har vore hogd i svartorskogen for berre nokre få år sidan, og den er delvis ganske åpen med noko unge tre nå, og delvis med middelaldrande oretre. Det er nokre grunne grøfter i svartorskogen, som har ført til litt drenering, men ikkje øydelagt sumpskogspreget. Ellers ligg den i eit gammalt kulturlandskap som nok har vore hardt utnytta i lang tid, men der landbruksdrifta har opphørt for ei tid sidan, og vorte erstatta med fritidsbusetnad. Områda rundt lokaliteten er difor prega dels av attgroing og dels små stier m.v. til ulike hytter.

Artsmangfald: Skogen har eit ganske frodig feltsjikt, dels prega av sumpskogsartar som slakkstorr, kystmaigull og åkermynte, og dels meir nitrogenkrevjande og kulturtilknyttartar som krypsøleie, kvassdå og stornesle. Det veks også solbær her. Det veks ein del næringskrevjande moser i bunnsjiktet, men ingen spesielt sjeldsynte artar er så langt kjent. Av lav vart det berre funne trivielle artar på lauvtra.

Verdsetting: Lokaliteten får verdien viktig (B), sidan det er ein delvis intakt svartorsumpskog med førekomst av fleire typiske artar for skogtypen. Fråver av raudlisteartar og nokre negative inngrep fører til at verdien ikkje vert sett høgare.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la miljøet få ligge mest mogeleg i fred for inngrep, ikkje minst skogsdrift og drenering. Fjerning av framande artar som platanlønn er derimot positivt.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 6 registreringer):

Kystmaigull	10.05.2006
Skjoldbærer	08.07.2004
Slakkstorr	10.05.2006
Solbær	10.05.2006
Vasspepar	08.07.2004
Åkermynte	10.05.2006

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

27 Lauareidvika

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 378, N: 236

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 10.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 08.04.2007, ut frå eigen tur 10.05.2006 saman med IAP og OOv.

Lokalisering: Lokaliteten ligg langs nordre delen av Stordalsvatnet, i lia opp mot E134 på vestsida av vatnet. Dette er ei austvendt lia, som er ganske bratt i øvre delar og noko meir slak nedst. Lokaliteten er ganske diffust avgrensa, dels gradvis overgang mot åpen kulturmark i nord, dels mot fattigare skog i sør og vest.

Naturtypar: Det er fleire parti med svakt utvikla edellauvskog her, men det meste må nok reknast som noko fattigare og meir småbregneprega, i veksling med små fuktsig. Det er nok mest riktig å sjå på mykje av lokaliteten som ein oreskog i ein suksesjonsfase frå relativt åpen mark med spredte styvingstre, og over mot meir slutta oreskog. Sidan kvalitetane her i første rekkje er knytta til tresjikt og gamle styvingstre, brukes eininga haustingsskog, og ikkje edellauvskog eller gråor-heggeskog som naturtype.

Påvirkning: Området er delvis i attgroing, men det er også parti i nedre og nordre del som vert halden til dels godt i hevd med tynning/uthogst av oreskog, og styving av edellauvtrea. E134 har ført til noko stein m.v. har kome ned i skogen.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje spesielt rik, men omfattar einskilte varmekjære edellauvskogsartar som skogstorr samt funn av skjellrot litt oppe i lia. I fuktsiga går det inn m.a. sumphaukeskjegg, men ikkje meir kravfulle artar. Det står eit par gamle lindetre i øvre delar av området, og det finst også så vidt innslag av alm. Lavfloraen verkar ikkje særleg godt utvikla, av lungenever-samfunnet vart berre kystnever funne. På ei gammal ask vart svovelkjuke funne. Det er eit potensial for kravfulle artar knytt til dei gamle styva asketrea.

Anna: Delar av lokaliteten har også vore handsama av Sørli (1994). Han skriv m.a. at det har vore ein gammal plass her - Træet, og at det ligg restar av gamle slåtteenger og ein del styvingstre av ask her.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan delar av området er i god hevd og har innslag av gamle styvingstre. Det er mogeleg området burde ha vore splitta i to, med ein haustingsskog i nedre delar og ein mer rein rik edellauvskog rundt E134.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

For å ta vare på naturverdiane er det naudsynt å oppretthalde styvinga av dei gamle asketrea og i tillegg sørge for at nye styvingstre vert danna. Treslagsskifte, flatehogst og gjødsling er døme på negative inngrep.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

Ask	10.05.2006
Skjelrot	10.05.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

27 Lauareidvika

Skogstorr

10.05.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Lobaria virens

Kystnever

Busk- og bladlav

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

28 Kastet ved Vannes

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 291, N: 279

Naturtype: Gråor-heggeskog F05
Utforming: Liskog/raviner F0502
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 10.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 08.04.2007, ut frå eigen tur 10.05.2006 saman med IAP og OOv.

Lokalisering: Lokaliteten ligg ute på halvøya nord for Skånevik, på nordaustsida av Kastet, den høgste kollen. Lokaliteten er nokså uklart avgrensa, men går truleg gradvis over i tørrare skog mot sør og vest.

Naturtypar/påvirkning: Det er vanskeleg å føre denne lokaliteten inn i vanlege naturtypar. Det er truleg snakk om eit opprinneleg ganske åpent til halvåpent beite- og slåttelandskap, som har fått gro att i nokre ti-år. Nå står det spredte med litt eldre lauvtre (mest bjørk, nokre eiketre), mykje gammal og dels høg einer og ein del halvgammal til dauande or (mest gråor, men også noko svartor) her. Dette er ganske sikkert berre eit stadie i ein suksesjon over mot meir slutta lauvskog. Problemet er at påviste raudlisteartar særleg veks på den gamle gråora m.v., slik at naturverdiane er knytt til eit attgroingsstadie, og ikkje til kulturlandskap i god hevd eller ein slutta, gammal lauvskog. Gråor-heggeskog er kanskje det som passar best som naturtype, men særleg korrekt er heller ikkje det. Det er for øvrig nokre små søkk med svakt utvekla sumpskog her (og da av fattig type).

Artsmangfald: Karplantefloraen verkar ganske artsfattig. Opprinneleg har det nok vore mest blåbærskog og kanskje litt rikare her, men no er det attgroande engsamfunn som pregar feltsjiktet. Av lav finst det berre så vidt lungenever. Verdiane var derimot knytt til eit velutvikla fuktkevande kvistlavsamfunn av den sørlege oseaniske typen som inneheld fleire raudlista artar. Dette gjeld ikkje minst grå buktrinslav (EN) som er tallrik og vart funne på over 50 tre, samt på berg. I tillegg er det sparsamt med hodeskoddelav (VU) på gamle svartor. Grå buktrinslav er også funne ute på denne halvøya tidlegare (både på einer, bjørk og berg), og mest sannsynleg innafor samme lokalitet, av Tor Tønsberg i 1993 (herb. BG).

Verdsetting: Lokaliteten får ein ganske klar verdi som svært viktig (A), sidan ein høgt raudlista art har ein god bestand her. Miljøet er særprega, noko som også tilseier ein ganske høg verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det viktigste for naturverdiane er å unngå snauhogst og treslagsskifte. Truleg er eit noko halvåpent landskap positivt, men ellers er kva slags typer omsyn som bør takast ganske usikre. Det er kvalitetar knytta til or og gamal einer, noko som tilseier at hogst av bjørk er greitt, medan ein bør unngå for mykje hogst av or. Beite kan vere positivt.

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

<i>Hypotrachyna laevigata</i>	Grå buktrinslav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav	
<i>Menegazzia terebrata</i>	Skoddelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

29 Skardsvika

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3674, N: 2564

Naturtype: Gammel fattig edellauvskog F02

Utforming:

Verdi: Svært viktig A

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Skogbruksdrift &

Feltsjekk: 10.05.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.04.2007, ut frå eigen tur 10.05.2006 saman med IAP og OOv.

Lokalisering: Lokaliteten ligg inne i Skardsvika, vest for Sævareid og Kyrping. Lokaliteten er noko diffust avgrensa mot fattigare (mest blåbærskog) og ung bjørkeskog med mindre edellauvtre på alle kanter.

Naturtypar: Skardsvika har for det meste lauvskog dominert av boreale lauvtre som bjørk, men lokalt er det meir frodig oreskog der det også er ask. Dei eldre asketrea (10-15 stykker sett) har normalt vore styva tidlegare. Vegetasjonstypar varierar noko, men til dels er det frodig høgstaudeprega vegetasjon.

Påvirkning: Asketrea er ganske grove, til dels over 1 m i dbh, mens det meste av den andre skogen nok har vore jamnt utnytta til ved m.v. Bortsett frå aska har det difor truleg vore dårleg kontinuitet i dautd trevirke og gamle tre her. No har området fått gro att nokre ti-år og ein del av skogen byrjar å bli ganske gammal og storvaksen (særleg ein handfull av ospetrea er nokså grove), og det har også vorte litt dautd trevirke. Området vert heller ikkje lenger brukt til husdyrbeite av noko omfang.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje særleg rik, men inneheld einskilde litt kravfulle artar som skogstjerneblom, junkerbregne og maigull. Forutan bjørk og gråor som dominerande treslag, var det som sagt litt ask og osp, og i tillegg selje og rogn. Mest interessant er lavfloraen, der lungenever-samfunnet veks til dels ganske frodig, særleg på osp og ask. Fleire av dei vanlege artane vart funne, i tillegg til raudlisteartane kranshinnelav (VU) på ei ask og skorpefiltlav (VU) på to ospetre. I tillegg vart hodeskoddelav (VU) funne på ei selje. Det vart ikkje oppdaga så mange spesielle skorpelav, men vanleg rurlav finst i det minste.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som svært viktig (A), sidan fleire ganske høgt raudlista lavararter veks her.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er truleg å la området få ligge i fred for alle typar inngrep. Unntaket er å få inn at husdyrbeite, som vil vere klart positivt. Også tradisjonell styving av edellauvtrea er ein fordel, men truleg ikkje særleg realistisk.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

Ask	10.05.2006
Junkerbregne	10.05.2006
Maigull	10.05.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 11 registreringer):

<i>Neckera crispa</i>	Krusfellmose	Bladmose	
<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium burgessii</i>	Kranshinnelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

29 Skardsvika

<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria scrobiculata</i>	Skrubbelever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Menegazzia terebrata</i>	Skoddelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Sticta sylvatica</i>	Buktporelav	Busk- og bladlav	
<i>Thelotrema lepadinum</i>		Skorpelav	

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

30 Bjelland

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 4346, N: 3540

Naturtype: Store gamle trær D12
Utforming: Skjøttet/styvet D1202
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing &
Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.04.2007, ut frå eigen tur 21.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på det nedlagte bruket Bjelland, på nordsida av Åkra fjorden.

Naturtypar og artsmangfald: Det er snakk om to store gamle tre i kulturlandskapet her. Den eine er ei gammal og ganske grov eik og den andre er i ei ask, som ikkje er så grov, men tidlegare styva. På aska vaks det så vidt litt grynfiltlav, truleg skorpefiltlav (VU) samt ein skorpelav av *Gyalecta*-typen (inne i eit hulrom).

Verdsetting: Verdien vil avhenge av dei artsfunna som er gjort, og som er litt usikre. Om det er raudlistearter nokre av dei, så blir verdien minst viktig (B), men er det ikkje det, så blir verdien berre lokalt viktig (C). Inntil dei er bestemt, så vert verdien her sett til lokalt viktig.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er ein fordel å la trea stå i fred, men halde landskapet rundt ope. Danning av nye gamle styvingstre og andre gamle tre i eit halvope kulturlandskap er også heilt klart positivt.

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Pannaria conoplea

Grynfiltlav

Busk- og bladlav

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

31 Bjelland SV

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 434, N: 350

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Opphør av landbruksdrift
Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 22.04.2007, ut frå eigen tur 21.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i sørvestkant av det nedlagte bruket Bjelland, på nordsida av Åkrafjorden. Avgrensinga er noko grov og usikker, og krev meir detaljert registrering av styvingstrea i området (desse finst spreitt i heile lia, men i varierende mengder).

Naturtypar og påvirkning: Det er snakk om ein tidlegare styvingshage som no gror att. Det er spreidd med styva asketre, nokre styva almetre og også ei og anna styva eik og lind. I alt er det snakk om truleg godt over 100 styvingstrea innafør lokaliteten. I tillegg er det innslag av bjørk, nokre hasselkratt og ei og anna gråor. Trea er ikkje særskilt grove (opp mot 60-70 cm i dbh), men fleire at asketrea er innhole. Trea har ikkje vore styva på ein del år. Det er elles restar av andre kulturminne her, som gamle veger.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje særleg rik, og det vart ikkje funne nokre edellauvskogsplanter av interesse i feltsjiktet (for det meste er det eit glissent feltsjikt med restar av gammal engflora). Mest interessant er lavfloraen, der nokre artar i lungenever-samfunnet veks på asketrea. Det var til dels mykje grynfiltlav, og elles kystnever, og minst ei ask med skorpefiltlav (VU). Også fleire skorpelav typiske for gamle edellauvtre vart funne, inkludert *Thelopsis rubella* (VU).

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som svært viktig (A), i første rekkje fordi det er snakk om ein del ganske gamle og til dels innhole styvingstre. Funn av einskilde kravfulle og raudlista lav på trea er med på å støtte verdsettinga.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Ein tek vare på noko av verdiane berre ved å la skogen få stå i fred utan inngrep, men det beste hadde vore om ein tok opp att styvinga av trea og også fekk lage nye stuvar. Hogst av gamle tre og planting av framande treslag kan lett øydeleggje verdiane.

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Thelopsis rubella</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

32 Bjelland-Strond

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 428, N: 345

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Opphør av landbruksdrift
Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 22.04.2007, ut frå eigen tur 21.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg sørvest for det nedlagte bruket Bjelland og ned mot Strond, på nordsida av Åkrafjorden. Avgrensinga er noko grov og usikker, og krev meir detaljert registrering av styvingstrea i området (desse finst spreitt i heile lia, men i varierende mengder).

Naturtypar og påvirkning: Det er snakk om ei langstrakt li der det går ein sti (litt halden vedlike) gjennom og ei kraftline. Lia er litt småkupert, stadvis bratt og steinete og med små bergveggar. I mosaikk med dette er det mykje lauvskog og da mest edle lauvtre under ca 100 m o.h. (i tillegg sjølvsagt litt boreale lauvtre ein god del bjørk og litt selje), der dei fleste trea har vore styva tidlegare. Vegetasjonen er i feltsjiktet er ikkje så særleg rik. Den er fortsatt ganske beiteprega med mykje gras, men har nok for det meste vore blåbærskog før, sjølv om det flekkvis også er litt rikare med m.a. noko storbregner. Av edle lauvtre er det mest ask, eik og lind. I tillegg er det noko hassel, medan det berre vart sett nokre få almetre. Både for ask, lind og eik er det snakk om over 100 og helst også fleire hundre styvingstre, og kanskje er det rundt 1000 styvingstre her i alt. Eik såg ut til å vera vanlegaste styvingstre. Storleiken på trea varierar ein del, men det er mykje ganske grove tre, med omkrets på 1-2 meter. Men det er også mange tre på 2-3 meter i omkrets og for lind og kanskje eik er det nok også einskilde som er rundt 4 meter i omkrets. Det er lite beitedyr i området nå, men nokre geiter kjem nok inn her frå sørvest, og desse kan lokalt skade asketrea. Lia har tydeleg vore mykje meir åpen før.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje særleg rik, og det vart nesten ikkje funne edellauvskogplanter av interesse i feltsjiktet, berre nokre få eksemplar av junkerbregne, samt litt trollurt. Det vart ikkje funne spesielle sopp på eika her, berre litt broddsopp. Av moser vart den truga arten stammesigd (VU) funne på to lindetre litt frå kvarandre i lia (helst finst den fleire plassar). Lungenever-samfunnet finst javnleg på styvingstrea, sjølv om det kanskje ikke er så veldig godt utvikla. Det inneheld likevel fleire av dei vanlege artane, samt at både skorpefiltlav (VU) og kastanjelav (VU) vart funne. Også nokre raudlista skorpelav typiske for gamle edellauvtre (*Pachypiale carneola* eller *Thelopsis rubella*) vart funne på asketre i nordaust.

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som svært viktig (A), og dette er ein av dei største og mest verdifulle haustingsskogane som er att i Etne. Eit høgt tal tre av fleire artar, til dels grove og innhole fører til at lokaliteten er svært interessant. Einskilde funn av truga artar knytt til styvingstrea er berre med på å støttar verdsettinga.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Ein tek vare på noko av verdiane berre ved å la skogen få stå i fred utan inngrep, men det beste hadde vore om ein tok opp att styvinga av trea og også fekk lage nye stuvar. Hogst av gamle tre og planting av framande treslag kan lett øydeleggje verdiane. Beiting er i utgangspunktet positivt, men det skal ikkje vera mykje geit her før dei gjer stor skade på styvingstrea. Da er det mykje betre med bruk av sau og storfe.

Karplanteregistreringer på lokaliteten (totalt 5 registreringer):

A1...

21.06.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

32 Bjelland-Strond

Aim	21.06.2006
Ask	21.06.2006
Junkerbregne	21.06.2006
Lind	21.06.2006
Sommareik	21.06.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 14 registreringer):

<i>Dicranum viride</i>	Stammesigd	Bladmoser	Sårbar (VU)
<i>Dicranum viride</i>	Stammesigd	Bladmoser	Sårbar (VU)
<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Fuscopannaria sampaiana</i>	Kastanjelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium cyanescens</i>	Blyhinnelav	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria scrobiculata</i>	Skrubbenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Normandina pulchella</i>	Muslinglav	Busk- og bladlav	
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Thelotrema lepadinum</i>		Skorpelav	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

33 Strond

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 4249, N: 3409

Naturtype: Store gamle trær D12
Utforming: Skjøttet/styvet D1202
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 22.04.2007, ut frå eigen tur 21.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Strond, på nordsida av Åkrafjorden. Det er snakk om ei eldre ask som står ganske åpent i det gamle englandskapet litt ovafor brygga. Treet er ikkje så veldig grovt, kanskje 1,5-2 meter i omkrets. Treet er litt skada av geitebeite.

Artsmangfald: Treet er registrert fordi det veks både skorpefiltlav (VU) og kastanjelav (VU) på det.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sjølv om to truga artar er funne. Det er tross alt berre snakk om eit for øvrig nokså ordinært eldre asketre.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la treet få stå i fred, samtidig som landskapet rundt vert halde åpent. Ein bør unngå at geit gnager meir på borken og skadar treet.

Registreringer av andre artar på lokaliteten (totalt 3 registreringer):

<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Fuscopannaria sampaiana</i>	Kastanjelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

34 Hammarsland

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 423, N: 339

Naturtype: Store gamle trær D12
Utforming: Skjøttet/styvet D1202
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing &
Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 22.04.2007, ut frå eigen tur 21.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Hammarsland, på nordsida av Åkrafjorden. Det er snakk om ei innhol eik som står åpent på enga rett nedanfor gardstunet. Treet er grovt, truleg over 4 meter i omkrets.

Artsmangfald: Det vart ikkje sett spesielle artar på treet, men det har noko fin raudmold inne i holrommet, og potensialet for raudlisteartar både av insekt og vedbuande sopp er ganske høgt.

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig (B), sidan slike element er sjeldsynte i landskapet og samtidig ofte er levestad for raudlisteartar.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er viktig å la treet få stå i fred for inngrep, men samtidig må ein passe på at landskapet rundt er åpent og ikkje veks att med tre og busker.

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

35 Hammarsland-Kvandal

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 420, N: 338

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, tørr, næringsfattig høstingsskog med styvingstrær av eik D1802
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 21.06.2007 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 22.04.2007, ut frå eigen tur 21.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg vendt mot sør til søraust, mellom dei to nedlagte brukane Hammarsland og Kvandal, på nordsida av Åkrafjorden. Avgrensinga følgjer førekomsten av gammal eik, og er nok ganske skarp og klar mot dei fleste kantane.

Naturtypar og påvirkning: Vegetasjonen er ikkje særleg rik. Det er derimot ganske fattig med ein del knausskog-prega miljø, der artar som blåtopp og blåbær er typiske, mens det på det rikaste berre er overgang mot fattig lågurtskog. Skogen er noko prega av å ha vore meir åpen før, men er no i attgroing m.a. med lokalt mykje einer. Viktige treslag er forutan eik, ein del bjørk, så vidt innslag av lind og nokre få asketre. Helst er det snakk om over 100 tidlegare styva eiketre her. Trea er ikkje så veldig grove, dei fleste på 1-2 meter i omkrets, men spreitt er det også tre på over 3 meter. Ein stor andel av trea er innhole og nokre av dei har også innslag av raudmold (dels tørr mold). Også lindetrea har vore styva og er grove. For øvrig går det ei kraftline gjennom området og ein tursti (T-merka) som blir lite brukt.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne så mykje artar av interesse her under registreringa. Det er litt lungenever-samfunn på trea, særleg i nordre del, men ingen raudlisteartar vart funne. Ellers vart vanleg rurlav og broddsopp funne sparsamt.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som svært viktig (A), fordi det er snakk om ein større førekomst av grov, gammal og i stor grad innhol eik, med eit klart potensial for sjeldsynte og raudlista artar.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er nok stort sett å la skogen få stå i fred, men noko rydding av andre treslag enn eik, samt einer, er positivt. Eika bør derimot få stå i fred.

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfjellslav	Busk- og bladlav
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfjellslav	Busk- og bladlav
<i>Thelotrema lepadinum</i>		Skorpelav

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

36 Kvandal

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 414, N: 337

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing &
Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 22.04.2007, ut frå eigen tur 21.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på eit ganske flatt, noko sørvendt parti nedafor det nedlagte gardsbruket Kvandal, på nordsida av Åkrafjorden. Avgrensinga følgjer førekkomsten av gamle styvingstre og er ganske skarp mot elvekløfta i vest og meir åpen mark i aust.

Naturtypar og påvirkning: Hagemarka her ber preg av å ha vori i bruk som beitemark inntil ganske nyleg (har nok berre fått gro att i nokre år) og er fortsatt åpen og med eit grasrikt feltsjikt. Dei fleste styvingstrea er av ask, men det er også nokre styva lindetre. Det kan ikkje har vori så lenge sidan dei sist vart styva, kanskje rundt 20 år. Feltsjiktet ber noko preg av gjødsling, med mest vanlege og dels litt nitrogenkrevjande engplanter. Det er fleire gjerder som enno står, samt eit par eldre slåtteløer/sommerfjøs.

Artsmangfald: Styvingstrea vart ikkje undersøkt så grundig, men fleire vanlege artar i lungenever-samfunnet førekjem, som rund porelav og buktporelav, og i tillegg *Thelopsis rubella* (VU). Det er eit potensial for fleire raudlisteartar.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som viktig (B), sidan det er snakk om ein ganske intakt styvingshage som ikkje har fått gro att så lenge.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste hadde vore om ein tok opp att styvinga av trea og også fekk lage nye stuvar. Hogst av gamle tre og planting av framande treslag kan lett øydeleggje verdiane. Beiting er positivt, men da i første rekkje med bruk av husdyr som sau og storfe og helst ikkje geit.

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Ask	21.06.2006
Lind	21.06.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

<i>Sticta fuliginosa</i>	Rund porelav	Busk- og bladlav
<i>Sticta sylvatica</i>	Buktporelav	Busk- og bladlav
<i>Thelopsis rubella</i>	Skorpelav	

Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

37 Kvandalselva - nedre del

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 414, N: 337

Naturtype: Bekkekløft og bergvegg F09

Utforming: Bekkekløft F0901


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Nedbygging &

Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskilddring innlagt av GGa den 23.04.2007, ut frå eigen tur 21.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten omfatter nedre delar av kløfta til Kvandalselva, på nordsida av Åkrafjorden. Den er ganske klart avgrensa mot anna skog og kulturmark på begge sidar av kløfta, litt meir diffust mot mindre kløftaprega miljø oppover langs elva. Lokaliteten er noko overfladisk undersøkt, i hovudsak stikkprøver på austsida av elva, og det kan vere kvalitetar som ikkje vart fanga opp på vestsida av elva.

Naturtypar: Ein høg og bratt fjellvegg mot sørvest skjermar kløfta mot mykje solinnstråling og uttørking. Her står det berre spreidde tre. Også på austsida er det bergveggar, men noko lågare (rundt 10-15 meter høg på det meste). Vegetasjonen er likevel ganske frodig, med til dels edellauvskogstilknytt artar i feltsjiktet.

Påvirkning: Kløfta verkar lite påverka av nyare inngrep og vassdraget er ikkje regulert. Det står eldre skog her, men det er lite daudt trevirke.

Artsmangfald: Det er blandingsskog i kløfta med m.a. litt ask og lind, samt noko osp og bjørk. Det veks noko skogsvingel og nokre høgstaudeartar i feltsjiktet. Av moser såg det ut til å vekse noko pelssåtemose på vestsida, og kanskje også krusfellmose. Av lav voks det noko rund porelav og buktporelav på berg. Det er eit klart potensial for fleire kravfulle kryptogamer her.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som viktig (B), sidan det er snakk om ei ganske intakt bekkekløft med innslag av nokre litt kravfulle artar og potensial for fleire slike.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la elva og skogen inntil få stå i fred for alle typer inngrep.

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

Ask	21.06.2006
Lind	21.06.2006
Skogsvingel	21.06.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

<i>Sticta fuliginosa</i>	Rund porelav	Busk- og bladlav
<i>Sticta sylvatica</i>	Buktporelav	Busk- og bladlav

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

38 Ripelsgjuvet, Teigland

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 436, N: 326

Naturtype: Bekkekløft og bergvegg F09
Utforming: Bekkekløft F0901
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Drenering/gjenfylling & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.04.2007, ut frå eigen tur 21.06.2006, saman med HFj.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på sørsida av Åkrafjorden, ved Teigland. Det er snakk om ei nordvendt bekkekløft på oversida av E134. Berre nedre delar av bekkekløfta er undersøkt, opp til ca 150 meter, og det er sannsynlegvis kvalitetar også lengre oppe (kløfta verka enda meir dramatisk der, og også desse parti er difor inkludert i lokaliteten). Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa på sidane mot andre naturtyper, samt mot sterkt påverka parti i nedkant.

Naturtypar: Dette er ei ganske typisk, fint utvikla bekkekløft, med ein middels stor bekk i botn. Vegetasjonen er ganske frodig, med ein del artar knytt til høgstaudeskog og gråor-almeskog. Det er ein god del bergvegger av ulik storleik i kløfta.

Påvirkning: Bortsett frå i nedkant, så verkar kløfta lite påverka av nyare inngrep. Det er planta litt gran på oversida mot sør, og hogd litt i nedre del på nordsida. Nokre av trea nede i kløfta ber preg av å ha vore styva tidlegare, og vegetasjonen på nordsida indikerar her eit meir ope beitemarkslandskap før. I kløfta står det nå middelaldrande til eldre lauvtre og det er spreitt med dautt trevirke.

Artsmangfald: Det er lauvskog med mest boreale lauvtre som bjørk, rogn og selje i kløfta, men også innslag av alm. Av høgstauder og edellausvogsplanter så veks det her m.a. kvitsoleie, junkerbregne og litt skogsvingel. Av spesiell interesse var til dels god førekomst av den utprega oseaniske arten hinnebregne. Det er frodige mosematter på bergveggane, inkludert artar som heimose, småstylte, krusfellmose og lokalt rikelig med prakttvebladmose i øvre del. Truleg er det eit potensial for raudlista moser her, som grimemoser. Av lav veks det noko porelav på både berg og trestammar.

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig (B), og sidan det er funne fleire kravfulle råmekrevjande moser og planter her og dette kan vere av dei finast utforma bekkekløftane i området med potensial for raudlistearter, får den verdi svært viktig (A).

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la elva og skogen inntil få stå i fred for alle typer inngrep.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

Alm	21.06.2006	Nær truet (NT)
Hinnebregne	21.06.2006	
Hvitsoleie	21.06.2006	
Junkerbregne	21.06.2006	

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

<i>Neckera crispa</i>	Krusfellmose	Bladmoser
<i>Anastrepta orcadensis</i>	Heimose	Levermoser
<i>Bazzania tricrenata</i>	Småstylte	Levermoser
<i>Scapania ornithopodioides</i>	Prakttvebladmose	Levermoser
<i>Sticta fuliginosa</i>	Rund porelav	Busk- og bladlav
<i>Selaginella selaginoides</i>	Prakttvebladmose	Prakttvebladmose

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

39 Teigland A

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 439, N: 327

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift & Opphør av landbruksdrift
Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.04.2007, ut frå eigen tur 21.06.2006, saman med HFj.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på sørsida av Åkrarfjorden, ovafor E134 og Teigland. Det er snakk om ei vestvendt skogsli. Lokaliteten er dårleg undersøkt, da vi berre sjekke avgrensa parti i sør, medan midtre og nordre del berre vart grovt vurdert på avstand med kikkert.

Naturtypar: Primært har det her truleg vore riktig å bruke naturtypen naturbeitemark, men attgroinga har kome såpass langt at det interessante beitekrevjande mangfaldet truleg for det meste er borte. Derimot er det enno kvalitetar knytt til dei gamle styvingstrea i området. Når det gjeld vegetasjonstypar så fører tidlegare beite til at det er mykje gras (krattlodnegras) i feltsjiktet, men truleg har det vore ein del gråor-almeskog og kanskje alm-lindeskog i lia. Det er også noko blokkmark og bergveggar.

Påvirkning: Lokaliteten ber preg av å ha vore ganske hardt utnytta før, helst særleg til beite. No er den derimot i attgroing og delar av skogen er suksesjonsstadium med mest gråor. I tillegg står det spreitt med gamle styvingstre av ask i lia. Det er også innslag av gamle bjørketre og einskilde ganske store og gamle svartor her. Av styvingstre så finst det også nokre linder og kanskje alm i nord. Styvingstrea er til dels ganske grove, opp mot eit par meter i omkrets.

Artsmangfald: Av edellauvskogspanter så veks det litt kystmaigull og junkerbregne hist og her. Av lav så vart raudlistearten praktlav funne på gråor. I tillegg litt innslag av lungenever-samfunnet på styvingstrea, med m.a. rund porelav og ved eitt tilfelle også skorpefiltlav (VU).

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig (B), og sidan det er funne fleire raudlisteartar her. Også innslaget av grove og ganske gamle styvingstre forsvavar ein slik verdi. Området bør undersøkjast betre og det er ikkje usannsynleg at verdien bør vere høgare.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste hadde vore om ein tok opp att styvinga av trea og også fekk lage nye stuvar. Hogst av gamle tre og planting av framande treslag kan lett øydeleggje verdiane. Beiting er positivt, men da i første rekkje med bruk av husdyr som sau og storfe.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

Ask	21.06.2006
Junkerbregne	21.06.2006
Kystmaigull	21.06.2006
Lind	21.06.2006
Svartor	21.06.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

<i>Cetrelia olivetorum</i>	Praktlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

40 Taraldsøy: Gammalt eiketre

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2279, N: 2450

Naturtype: Store gamle trær D12
Utforming: Gammelt tre D1204
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.04.2007, ut frå eigen tur 22.06.2006.

Lokalisering: Det er snakk om eit gammalt eiketre som står i det attgroande landskapet på Taraldsøy, nordaust for Longhaug.

Naturtypar: Det er berre snakk om eit einskild tre, som står i eit halvrikt landskap (truleg opprinneleg ein blåbærskog). Treet er gammalt og halvdaudt, med gammal bark, og utan større holrom.

Påvirkning: Treet har vel helst vore styva før, men ein ser ikkje dette særleg tydeleg lenger. Det står i eit område med halvgammal skog som nok for ein stor del er ein suksesjon frå eit tidlegare halvåpent landskap.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne særleg mange kravfulle artar på treet. Lungenever var sparsam. Det er elles eit lite potensial for kravfulle skorpelav. På ei svartor like nedanfor veks det skoddelav (VU).

Verdsetting: Treet får under litt tvil verdi viktig (B), sjølv om ingen spesielt kravfulle artar vart funne på sjølve treet. Førekomsten av skoddelav burde ha vore skilt ut som punktførekomst av raudlistearter, men trekkes her inn i verdivurderinga.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la treet få stå i fred, men halde landskapet rundt halvåpent, og særleg unngå at framande bartre kjem opp i nærleiken.

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Menegazzia terebrata</i>	Skoddelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

41 Taraldsøy: nordsida

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 227, N: 249

Naturtype: Strandeng og strandsump G05
Utforming: Strandeng-forstrand/panne G0506
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing &
Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.04.2007, ut frå eigen tur 22.06.2006, saman med HFj.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på nordenden av Taraldsøy og inkluderer ei lita øy som er “landfast” på fjøre sjø. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot fastmarka innafor, medan grensa mot mindre interessant havstrand i sørvest er noko diffus.

Naturtypar: Det er snakk om nokre smale bremmar med strandenger og tilhøyrande gruntvassparti. Dels er det litt beskytta saltsivenger og grusforstrender inne i vågen heilt i nord, og dels meir eksponerte rullesteinstrand og svakt utvekla tarevoller med svartorstrandskog på innsida i vest.

Påvirkning: Det går nokre sau og beitar i området, og dei held graset delvis nede på nokre parti. Beitetrykket må likevel samla sett reknast som noko for svakt. I tillegg vert området tydeleg nytta noko til friluftsliv, men omfanget ser hittil ikkje ut til å ha vore større enn at det ikkje er til særleg skade for plantelivet (det er lite søppel i det minste og lite trakkskader). Svartora i vest er til dels ganske så grov og gammal.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne nokre spesielt sjeldsynte eller kravfulle artar her, men fleire typiske strandengartar førekjem, som saltsiv, rustsivaks, gåsemure, raudsvingel, strandkryp, saltgras og skjørbuksurt. Stranda i vest er meir artsfattig, men inneheld m.a. strandrug og melde-artar. I tillegg er det innslag av naturengplantar som tepperot, kystmaure, jordnøtt, tiriltunge og markfrytle på små engparti. Det er eit svakt potensial for meir kravfulle strandengplantar og beitemarkssopp.

Verdsetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi viktig (B), sjølv om ingen spesielt kravfulle eller raudlista artar er funne, og området er heller lite. Det er likevel snakk om ein av dei mest intakte strandengene i distriktet, og med noko variasjon i miljøet, samtidig som det er eit svakt potensial for meir kravfulle artar.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane ville vore å få eit noko høgare beitetrykk her, slik at både strandengene og ikkje minst heia inntil vart beita brukbart ned. Litt avgrensa ferdsel om sommaren av badegjester o.l. kan gå ann, men da under ein klar føresetnad av at hekkande sjøfugl ikkje får vanskar med hekkinga, og at området ikkje vert for mykje nedtråkka og forsøpla (eller at det hindrar beitande dyr i å bruke området).

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 17 registreringer):

Gulaks	22.06.2006
Gåsemure	22.06.2006
Havstarr	22.06.2006
Jordnøtt	22.06.2006
Kystmaure	22.06.2006
Markfrytle	22.06.2006
Myrsauløk	22.06.2006
Rustsivaks	22.06.2006
Redusert	22.06.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

41 Taraldsøy: nordsida

Kødsvingei	22.06.2006
Saltsiv	22.06.2006
Skjoldbærer	22.06.2006
Skjørbusurt	22.06.2006
Smalkjempe	22.06.2006
Strandkryp	22.06.2006
Strandrug	22.06.2006
Tepperot	22.06.2006
Tiriltunge	22.06.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

42 Taraldsøy: svartorskog

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 225, N: 244

Naturtype: Rik sumpskog F06
Utforming:
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.04.2007, ut frå eigen tur 22.06.2006, saman med HFj.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på nordre delen av Taraldsøy, like på nordsida av høgste punktet av øya. Det er snakk om eit mindre fuktsig med noko sumpskog. Lokaliteten er dels skarpt avgrensa mot fastmark, inkludert gradvis attgroande engsamfunn, og dels meir diffust avgrensa mot gradvis tørrare og/eller meir fattig mark.

Naturtypar: Lokaliteten har noko fattig til middels rik sumpskog med svartor og bjørk og nokre få unge asketre. Ein låg bergvegg på vestsida.

Påvirkning: Skogen er berre middelaldrande og heile området ber preg av gradvis attgroing. Kontinuiteten i tresjiktet er difor usikker og kan godt ha vore brote. Det er gamle steingarder i og inntil sumpa og ei eng som berre vert svakt beita av sau rett på sørsida.

Artsmangfald: Det vart forgjeves lett etter interessante moser og karplanter i feltsjiktet, men dette virket ganske trivielt. På svartor vaks det derimot sparsamt med hodeskoddelav (VU) og gul buktrinslav (EN).

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), fordi eit par raudlisteartar førekjem. Nokon høgare verdi verkar ikkje riktig, sidan lokaliteten er ganske liten, ikkje særleg godt utvikla og truleg hardt påverka tidlegare.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er nok å berre la skogen få stå i fred. Ekstensivt beite er ikkje til skade og kan vere litt positivt (trakk gjer grunnlag for ein rikare moseflora her truleg).

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

<i>Hypotrachyna sinuosa</i>	Gul buktrinslav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Menegazzia terebrata</i>	Skoddelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

43 Taraldsøy: Gamlatunet

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 226, N: 240

Naturtype: Store gamle trær D12
Utforming: Gammelt tre D1204
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing &
Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 29.04.2007, ut frå eigen tur 22.06.2006, saman med HFj.

Lokalisering: Lokaliteten ligg ganske sentralt på Taraldsøy, rundt restane av eit gamlat, nedlagt gardsbruk på øya. Lokaliteten er avgrensa av førekomsten av gamle edellauvtre.

Naturtypar/påvirkning: Det er snakk om ein handfull gamle tre av både ask og eik. Trea har truleg vore styva tidlegare. Det er ung til middelaldrande skog rundt, samt attgroande engsamfunn. Trea verkar ikkje spesielt gamle, men er ganske grove.

Artsmangfald: Feltsjiktet er ganske trivielt med mykje kulturbetinga gras og urter. Lungenever-samfunnet opptrer svakt utvikla på lauvtrea, og olivenfiltlav (VU) vart registrert på ei ask. Ellers var det litt vanleg blåfiltlav og nokre glyer.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), fordi ein ganske høgt raudlista art vart funne, i tillegg til at det er snakk om ein del eldre edellauvtre.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la sjølve trea få stå i ferd, men passe på å rydde vekk ungskog inntil, slik at dei vert ståande i eit halvåpent landskap.

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Fuscopannaria mediterranea</i>	Olivenlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

44 Helleland ved Skogly Ungdomshus

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 199, N: 179

Naturtype: Rik sumpskog F06

Utforming:


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Skogbruksdrift &

Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 29.04.2007, ut frå eigen tur 22.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Helleland, like på vestsida av ungdomshuset ved vegen. Den er ganske skarpt avgrensa mot skulen og vegen i aust, dyrka mark i nord, tørrare furuskog i vest og dels grøfta myr/sumpskog i sør.

Naturtypar: Det er snakk om ein fattig til halvrik svartorsumpskog, dels i mosaikk med furuskog og med innslag av noko bjørk. Ein liten bekk renn i vestkant, og det er også ein liten bekk/grøft som kjem frå aust. I tillegg er det fuktsig som kjem ned frå skuleområdet.

Påvirkning: Sjølve lokaliteten verkar i avgrensa grad påverka, medan det som sagt er dyrka opp og grøfta på nordsida, og det er også grøfta for skogreising i sør. Skogen er middelaldrande til gammal, men med lite daude tre.

Artsmangfald: I feltsjiktet vart det ikkje funne spesielt sjeldsynte artar. Fastmarka rundt var mest ordinær blåbærskog. I fuktsiga vaks ein del skogsnelle og torvmoser og det var grøftesoleie i grøfta mot dyrka mark. Lavfloraen på oretrea verka ganske triviell. Derimot var det ein ganske god bestand av dvergperlemose, ein sjeldsynt kystbunden mose som tidlegare var raudlista.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som viktig (B), sidan slike delvis intakte, fuktige svartorsumpskoger er sjeldsynte i regionen, og sidan den også inneheld ein typisk, sjeldsynt art.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå i fred for inngrep, inkludert hogst. I tillegg bør ein ikkje flatehogge eller utføre treslagsskifte i skogen inntil på sør- og vestsida (ikkje nærare enn 30 meter).

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Lejeunea ulicina

Dvergperlemose

Levermoser

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

45 Bjørgjo

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 214, N: 159

Naturtype: Bekkekløft og bergvegg F09

Utforming: Bekkekløft F0901

Verdi: Viktig B


Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Drenering/gjenfylling &

Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)

Naturtypebeskrivelse:



Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 29.04.2007, ut frå eigen tur 22.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Bjørgjo, på sørsida av Etnefjorden, lengst vest i kommunen. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot andre naturtyper på kantane mot aust og vest, også nokså klart avgrensa mot mindre utprega kløft i nord, medan grensa mot sør er meir usikker (kløfta vart berre undersøkt til om lag 200 m o.h., og er difor berre avgrensa ut frå topografien i øvre del).

Naturtypar: Dette er ei ganske typisk utforma bekkekløft, som skjer seg noko ned i den nordvendte fjordlia. Det er snakk om ei nokså fattig kløft, med berre boreale lauvtreslag (mest bjørk, men også andre artar som gråor). Det er ein del både små og store bergveggar i kløfta, samt at bekken går i stryk og mindre fossefall.

Påvirkning: Sjølve lokaliteten verkar i avgrensa grad påverka, medan det som sagt er dyrka opp og grøfta på nordsida, og det er også grøfta for skogreising i sør. Skogen er middelaldrande til gammal, men med lite daude tre.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne så mykje kravfulle planter. Einskilde høgstauder førekjem, og i midtre delar er det litt frodigare, med artar som kystmaigull, junkerbregne og skogsvingel. I tillegg er det litt hinnebregne. Av moser vart prakttvebladmose funne sparsamt to stader. Ellers kan nemnast grannkrekemose, pelssåtemose (ein god del), gullhårmose (litt), ein del krusfellmose, dronningmose (sparsamt), småstylte, storstylte.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som viktig (B), sidan det er snakk om ei ganske fint utvikla og intakt bekkekløft med fleire typiske, noko kravfulle artar. Mangel på funn av raudlisteartar og ikkje spesielt store førekomster av gode signalartar fører til at verdien ikkje vert høgare.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la kløfta og bekken få liggje i fred for alle typar inngrep. Spesielt skogsdrift og vassdragsutbygging vil kunne redusera verdiane.

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

Hinnebregne	22.06.2006
Kystmaigull	22.06.2006
Skogsvingel	22.06.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 7 registreringer):

<i>Campylopus atrovirens</i>	Pelssåtemose	Bladmoser
<i>Hookeria lucens</i>	Dronningmose	Bladmoser
<i>Neckera crispa</i>	Krusfellmose	Bladmoser
<i>Bazzania tricrenata</i>	Småstylte	Levermoser
<i>Bazzania trilobata</i>	Storstylte	Levermoser
<i>Funaria hygrometrica</i>	Gullhårmose	Bladmoser

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

46 Skjela sør, Indre Tungesvik

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 318, N: 262

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Opphør av landbruksdrift
Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 29.04.2007, ut frå eigen tur 22.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Skjela, eit nedlagt gardsbruk på Tungesvikneset. Den ligg rett sør for bruket, langs gardsvegen (for det meste på austsida av den). Lokaliteten er ganske klart avgrensa mot skog utan særleg innslag av styvingstre på alle kantar.

Naturtypar: Området har småkupert lauvskog med spreitt innslag av styva asketre (anslagsvis 30-50 eksemplar). Bjørk er likevel dominerande treslag, og det er også ein del svartor i fuktige søkk. I tillegg litt osp, særleg i lia i vest, samt nokre eiketre (inkludert ei grov inntil vegen). Det er ellers litt hasselkratt, samt noen mindre bestand med grove og gamle lindetre. Dei fleste asketrea er ikkje så grove, kanskje mest 40-60 cm i dbh., men fleire av trea er innhole.

Påvirkning: Det vert truleg beita noko i skogen, men kan godt vera eit hardare beitetrykk. Dei fleste styvingstrea har fått stå utan hevd i mange år, men det nokre tre nær vegen har også nyleg vorte styva. Styvinga er pent utført og sikrar truleg naturverdiane på ein god måte.

Artsmangfald: Feltsjiktet er tydeleg beiteprega og ikkje særleg rikt (det kjem t.d. fort inn torvmoser i fuktige sig). Av lav vart det av skorpelav berre funne litt vanleg rurlav, samt eit funn av gul pærelav (NT) på ei ask. Lungenever-samfunnet førekjem ikkje i så store mengder, men inneheld interessante artar som kastanjefiltlav (VU). Av kanskje størst interesse er likevel innslag av stammesigd (VU) på ei ask. På ei stor osp vart stor ospeildkjuke funne, ein mindre vanleg art i regionen.

Verdsetting: Lokaliteten får ein ganske klar verdi som svært viktig (A), sidan fleire truga artar er funne her. Nyleg oppattaken og godt gjennomført skjøtsel av nokre styvingstre er med på å styrke verdien til området.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere at styvinga av lauvtree vert teken opp att også innfor resten av området. I tillegg bør ein ha ein svak tykning av andre lauvtree, samt helst også noko husdyrbeite. Framtidig styving bør truleg gjerast på same måte som det nyleg har vore gjort langs vegen, og denne styvinga kan truleg tene som godt døme på korleis slikt skjøtsel bør gjerast i dette distriktet.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

Ask	22.06.2006
Hassel	22.06.2006
Lind	22.06.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 9 registreringer):

<i>Dicranum viride</i>	Stammesigd	Bladmoser	Sårbar (VU)
<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Fuscopannaria sampaniana</i>	Kastanjelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium corniculatum</i>	Kysthinnelav	Busk- og bladlav	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

46 Skjela sør, Indre Tungesvik

<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav
<i>Pannaria rubiginosa</i>	Kystfiltlav	Busk- og bladlav
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav
<i>Phellinus populicola</i>	Stor ospeildkjuke	Sopp

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

47 Skjela nord, Ytre Tungesvik

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3160, N: 2650

Naturtype: Gammel fattig edellauvskog F02

Utforming: Forekomst av lind F0205


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Skogbruksdrift &

Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 29.04.2007, ut frå eigen tur 22.06.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Skjela, eit gardsbruk på Tungesvikneset. Den ligg rett nordvest for bruket, delvis i ein bratt nordaustvendt skråning. Lokaliteten er ganske klart avgrensa fattigare skog i nord og kulturmark i aust, medan grensa mot sør er litt meir diffus.

Naturtypar: Verdiane til lokaliteten er knytt til innslaget av grov og gammal lind (spreitt, ikkje talrik). Det er likevel mest bjørk her, samt noko osp, til dels grove og store tre. I tillegg litt gråor og nokre få svartor, samt nokre eiker (få grove), eit par asketre (inkludert ei ganske grov). Terrenget er berglendt og vegetasjonen gjennomgåande nokså fattig.

Påvirkning: Det er planta noko gran i delar av lokaliteten, og trea er middelaldrande nå. Ellers ber området preg av å ha grodd att i ei tid, og truleg har området vore ganske halvåpent før.

Artsmangfald: Det er stadvis dårleg utvikla feltsjikt i lia, og på litt flatare parti nord er det snakk om ganske fattig og dels fuktig skogsmark (mykje blåtopp, noko blåbær). Av størst interesse her var funn av stammesigd (VU) på to av dei grove, gamle lindetrea. Det er godt mogeleg arten veks på fleire tre her. Lungenever-samfunnet var ikkje så godt utvikla, berre eit par funn av kystnever og grynfiltlav.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som svært viktig (A), sidan den truga arten stammesigd veks på fleire tre her. Om det ikkje hadde vore for denne, så ville nok lokaliteten berre fått verdi viktig. Lokaliteten er ikkje så alt for godt undersøkt, og kan ha fleire interessante artsførekomster.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å fjerne all planta gran snarast råd. Det er berre ein fordel med ekstensivt husdyrbeite.

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Ask	22.06.2006
Lind	22.06.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

<i>Dicranum viride</i>	Stammesigd	Bladmoser	Sårbar (VU)
<i>Dicranum viride</i>	Stammesigd	Bladmoser	Sårbar (VU)
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav	


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

48 Tjelmeland

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3821, N: 2588

Naturtype: Naturbeitemark D04
Utforming:
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Gjødsling
Feltsjekk: 11.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 11.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på garden Tjelmeland, rett på oversida av E134. Det er snakk om eit småkupert beitelandskap skarpt avgrenset av veger i vest, ganske skarpt mot skog i nord og meir diffus grense mot mindre artsrik og sterkare gjødsla beitemark i sør og aust.

Naturtypar: Beitemarka virker generelt ganske sur, og har lokalt preg av overgang mot lynghei/skogsmark. I bratte partier er det tendanser til tørrbakker (med lækjeveronika og hårsvæve) med ein del urter, men det er mest friske til fuktige engtyper. Det står spreidde tre, særlig i øvre delar, men ein del har også vorte rydda vekk i nyare tid.

Påvirkning: Gamle hustufter etter eit tidlegare nedlagt gardsbruk og restar av steingjerder vitnar om sterkare og meir variert utnytting tidlegare. Brukshistoria er ikkje nærare sjekka, men truleg har mykje av beitemarka vore noko gjødsla, men der den avgrensa lokaliteten ikkje kan ha fått spesielt mykje gjødsl, og tungt tilgjengelege parti mot nord og vest truleg lite eller ikkje noko. Området har i dag eit ganske godt beitetrykk med både sau og storfe og tilstanden verkar god. Det går ein enkel traktorveg gjennom lokaliteten.

Artsmangfald: Det vart funne eit ti-talls typiske naturengplantar, inkludert artar som tiriltunge, finnskjegg, hårsvæve, kystgrisøyre og knegras. Beitemarkssopp førekjem sparsamt og 10 artar vart registrert. For det meste var det vanlege artar, men også dei to raudlistearane gulfotvokssopp (NT) og raud honningvokssopp (NT) vart påvist.

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig (B), både fordi det er snakk om ei ganske stor, velhevida beitemark som stadvis truleg har fått tilført lite gjødsl, og fordi eit par raudlistearart vart funne. Det er mogleg at verdien også burde har vore sett enda høgare.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å halde oppe eit godt beitetrykk. Gjødsling vil kunne øydeleggje verdiane. Ein bør i tillegg unngå for mykje tråkkskader og rydde vekk busker og tre år om anna.

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 13 registreringer):

Blåknapp	11.10.2006
Finnskjegg	11.10.2006
Fjellmarikåpe	11.10.2006
Gulaks	11.10.2006
Hårsveve	11.10.2006
Knegras	11.10.2006
Kornstarr	11.10.2006
Kystgrisøre	11.10.2006
Kystmaure	11.10.2006
Legeveronika	11.10.2006
Smalkjempe	11.10.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

48 Tjelmeland

Tepperot	11.10.2006
Tiriltunge	11.10.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 10 registreringer):

<i>Clavulinopsis helvola</i>	Gul småkøllesopp	Sopp	
<i>Entoloma poliopus</i>	Tjærerøds-kivesopp	Sopp	
<i>Entoloma sericellum</i>	Silkerøds-kivesopp	Sopp	
<i>Hygrocybe flavipes</i>	Gulfotvokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Rød honningsvokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe reidii</i>	Honningvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe laeta</i>	Seig vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	Skjør vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe nitrata</i>	Lutvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe conica</i>	Kjeglevokssopp	Sopp	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

49 Lunda NV

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3937, N: 2481

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:


Verdi: Lokalt viktig C

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Gjengroing &

Feltsjekk: 11.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskilddring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 11.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Lunda, i nordenden av Stordalsvatnet. Det er snakk om eit parti med åpen beitemark i overgang mot skog, på oversida av meir artsfattige, sterkare gjødsla enger. Lokaliteten er skarpt avgrensa av gjerder mot sør, litt meir diffust mot skogsmark på andre sider. Området er også avmerka som "beitebakker" av Sørli (1994), men utan nærare avgrensing eller omtale.

Naturtypar: Beitemarka virker generelt ganske sur og har preg av overgang mot lynghei og i øvre delar mot skogsmark. Det er for det meste snakk om friske engsamfunn. Det står eit par villapal-tre. Beitemarka er ganske steinrik.

Påvirkning: I følgje brukar har beitemarka vore lite gjødsla, noko som også vegetasjonen ber preg av. Den vert no nytta som sauebeite (heile sommaren). Beitetrykket kunne ha vore hardare, men må framleis reknast som tilstrekkeleg. Eit større problem er den gradvise framrykkinga av gråor nedover lia.

Artsmangfald: Det vart berre funne eit par vanlege naturengplantar, som gulaks, tepperot og kystmaure. Lite beitemarkssopp vart registrert og berre ein vanleg art (seig vokssopp) vart sikkert bestemt.

Verdsetting: Lokaliteten får berre verdi lokalt viktig (C), sidan lokaliteten verkar relativt artsfattig og utan funn av raudlisteartar.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å halde oppe eit godt beitetrykk. Gjødsling vil kunne øydeleggje verdiane. Ein bør i tillegg rydde vekk busker og tre år om anna.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 3 registreringer):

Gulaks	11.10.2006
Kystmaure	11.10.2006
Tepperot	11.10.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteten (totalt 1 registreringer):

<i>Hygrocybe laeta</i>	Seig vokssopp	Sopp
------------------------	---------------	------

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

50 Lunda A

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3973, N: 2467

Naturtype: Hagemark D05
Utforming: Askehage D0506
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Opphør av landbruksdrift
Feltsjekk: 11.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskilddring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 11.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Lunda, i nordenden av Stordalsvatnet. Det er snakk om eit beitemarkslandskap der det stadvis er innslag av ein del asketre, dels styva. Lokaliteten er litt diffust avgrensa, mot parti med færre styvingstre. Området er også avmerka og dels omtala av Sørli (1994), som slåttemark, askehage og ansamling av hassel.

Naturtypar/påvirkning: Sjølve engene er artsfattig og tydeleg såpass hardt gjødsla at den biologiske verdien er avgrensa. Delar av engene vert no nytta som storfebeite, medan andre framleis er slåtteenger. Dels langs gjerder og veger og dels meir spreitt på engene står det fleire ti-tals styva asketre. Alderen og storleiken på trea varierar. Det er også uvanleg god spreining i styvinga, der nokre tre har vore styva nyleg og andre for noko lenger tid tilbake. Trea er opp mot 60-70 cm i dbh og mange av dei er innhole.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne spesielt kravfulle artar. Naturengplantar mangler stort sett på engene. Styvingstrea står såpass eksponert at dei har lite bladlav, berre eit utarma innslag av lungnever-samfunnet, med einskilde vrenge-artar og stiftfjltlav. Det er eit potensial for kravfulle og dels raudlista skorpelav. I tillegg er det truleg potensial for kravfulle insekt knytt til innhole asketre. Sørli (1994) nevner ein del plantearter frå engene her, inkludert naturengplanter som småengkall og harerug.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan den er i god hevd og har potensial for kravfulle artar.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er truleg ein kombinasjon av fortsatt godt beitetrykk av husdyr, samtidig som gamle asketre for stå i fred (men helst styvast) i eit halvåpent landskap, utan å verte for mykje skada av gnag eller hogd ned. Andre treslag kan i nokon grad hoggast vekk, medan ein bør rekruttere nye asketre.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 7 registreringer):

Gulaks	20.06.1994
Harerug	20.06.1994
Jordnøtt	20.06.1994
Legeveronika	20.06.1994
Markjordbær	20.06.1994
Småengkall	20.06.1994
Tepperot	20.06.1994

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

51 Frette

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 405, N: 241

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Ingen kjente &
Feltsjekk: 11.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 11.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på sørsida av Frette, i nordenden av Stordalsvatnet. Det er snakk om ein liten haustingsskog med styva ask- og almetre. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot skog og kulturlandskap utan styvingstre på alle kanter.

Naturtypar/påvirkning: Det er snakk om 10-20 styva ask- og almetre. Det er snakk om både tre som står langs gjerder og tre som står meir spreidd i lisida. Trea langs gjerdet har ikkje vore styva på lang tid, medan dei andre ganske nyleg har vore styva. Det har samtidig blitt rydda noko lauvskog rundt trea, og dei ber litt preg av å ha stått i tettare skog tidlegare.

Artsmangfald: Lokaliteten vart berre sjekka på avstand frå vegen og ikkje sjekka nærare i felt, men ut frå erfaring er det truleg ikkje særleg mykje å finne på trea av kravfulle bladlav. Dei har derimot eit potensial for slike på sikt.

Verdsetting: Lokaliteten får under tvil berre verdi lokalt viktig (C), sidan den ber preg av å ha vore utan hevd ei tid. Om miljøet fortsatt blir halden i hevd, der trea vert styva og får stå ganske åpent, så bør verdien aukast i løpet av nokre år.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er truleg å oppretthalde hevdten med styving av lauvtrea, og samtidig la trea få stå i eit åpent til halvåpent landskap. Ein bør m.a.o. også ta opp att styvinga av trea å jordekanten.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Alm	11.10.2006	Nær truet (NT)
Ask	11.10.2006	

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

52 Lussnes aust

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 388, N: 240

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Ingen kjente &
Feltsjekk: 11.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 11.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Lussnes, i nordenden av Stordalsvatnet. Det er snakk om nokre spreitte styvingstre av ask som står rundt gardsbruket, særleg på austsida. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot mark utan slike styvingstre i aust, medan grensa er ganske så diffus mot gradvis færre tre i vest.

Naturtypar/påvirkning: På nedsida av vegen aust for Lussnes er det ein del beitemark og slåtteenger der det står spreitt med styva asketre. Det er snakk om eit to-sifra tal tre (10-30 stk). Nokre av trea er ganske grove. Dei ber preg av javnleg styving og at dei framleis vert halden i hevd.

Artsmangfald: Lokaliteten vart berre sjekka på avstand frå vegen og ikkje sjekka nærare i felt, men ut frå erfaring er det truleg ikkje særleg mykje å finne på trea av kravfulle bladlav. Dei har derimot eit potensial for interessante skorpelav og insekt.

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som viktig (B), sidan det er snakk om eit velhevda kulturlandskap der lauvingstrea fortsatt vert skjøtta, og med potensial for kravfulle artar som trivst på slike tre. Betre undersøkingar gir kanskje grunnlag for høgare verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er truleg å oppretthalde hevden med styving av lauvstrea, og samtidig la trea få stå i eit åpent til halvåpent landskap.


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

53 Bakka

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3533, N: 2263

Naturtype: Naturbeitemark D04
Utforming:
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing &
Feltsjekk: 11.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 11.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Bakka ved Neset litt sør for Håland ved Stordalsvatnet. I dei ganske bratte bakkane på oversida av E134 er det noko åpen til halvåpen beitemark. Lokaliteten er skarpt avgrensa av vegen i nedkant og litt meir ujamn grense mot skog på oversida.

Naturtypar: Beitemarka virker middels rik, og sjølv om det er bratt og sørvendt, så fører nok ein del vass-sig i grunnen og noko lausmassar til at friske engtyper er dominerande. Det var berre små tendensar til tørrbakker med hårsvæve og aurikkelsveve. Beitemarka har mest or- og hasselskog rundt seg, dels svartor. I tillegg står det nokre styva asketre her (kanskje rundt 10 eksemplar), og eit par av desse har også vore styva i nyare tid. Nokre av trea er innhole.

Påvirkning: Brukshistoria er ikkje nærare sjekka, men det er grunn til å rekne med at nedre delar er ein del gjødsla, medan dette avtrek gradvis oppover i lia, og at øvre delar har fått tilført lite gjødsel (her var det dels finnskjegg-eng). Området har i dag eit ganske godt beitetrykk med sau (kanskje også bruk av storfe) og tilstanden verkar god (litt høgare beitetrykk er nok ikkje til skade). Det går ein enkel traktorveg gjennom lokaliteten.

Artsmangfald: Det vart funne rundt 15 artar typiske naturengplantar, inkludert slike som blåklokke, kystgrisøyre og knegras. Beitemarkssopp førekjem sparsamt og berre 6 artar vart registrert (5 artar vokssopp og ein ubestemt raudskivesopp). For det meste var det vanlege artar, men også raudlistearten limvokssopp (NT) vart påvist.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi som viktig (B), både fordi det er snakk om ei ganske velhevda beitemark som stadvis truleg har fått tilført lite gjødsel, og fordi ein raudlisteart vart funne.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er truleg ein kombinasjon av fortsatt godt beitetrykk av husdyr, samtidig som gamle asketre for stå i fred (men helst styvast) i eit halvåpent landskap. Noko hogst av or er ein fordel, medan ein bør ta vare på ein del av hasselkratta.

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 14 registreringer):

Aurikkelsveve	11.10.2006
Blåklokke	11.10.2006
Finnskjegg	11.10.2006
Gulaks	11.10.2006
Hårsveve	11.10.2006
Kjerteløyentrøst	11.10.2006
Knegras	11.10.2006
Kornstarr	11.10.2006
Kystgrisøre	11.10.2006
Kystmaure	11.10.2006
Legeveronika	11.10.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

53 Bakka

Smalkjempe	11.10.2006
Tepperot	11.10.2006
Tiriltunge	11.10.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

<i>Hygrocybe reidii</i>	Honningvokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	Gul vokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe laeta</i>	Seig vokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe ceracea</i>	Skjør vokssopp	Sopp

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

54 Aksdal vest

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2203, N: 1759

Naturtype: Gammel fattig edellauvskog F02

Utforming: Eikeskog F0201

Verdi: Lokalt viktig C

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Skogbruksdrift &

Feltsjekk: 11.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 11.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg like vest for Akstrand, i den sørvendte lia ovafor vegen og kraftlina. Lokaliteten er ganske klart avgrensa mot skog utan eldre eik mot nord og aust, litt meir diffust mot vest.

Naturtypar/påvirkning: Det er snakk om ganske ordinær fattig til middels rik lauvskog (blåbærmark, fattig lågurtskog). Av interesse er i første rekkje innslag av eik, inkludert minst ei grov (ca 70 cm i dbh) og ei delvis innhol eik. Ellers finst ein god del hasselkratt, samt mykje dauande til daud einer. Sistnemnte vitnar om at det har vore mykje meir åpent her tidlegare, truleg beitemark med berre spreitte tre. Det er også litt bjørk. Det er beiteprega feltsjikt med ein god del gras, men området har ikkje vore beita av særleg omfang på ei tid.

Artsmangfald: Det vart funne få artar av interesse. Karplantefloraen verkar triviell og det er lite lav frå lungenever-samfunnet på trea. På eit av eiketrea veks ei rustkjuke, kanskje helst kystruskjuke.

Verdsetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi lokalt viktig (C), som følgje av at lokaliteten er ganske liten med få verdifulle element og utan funn av raudlisteartar. Ein kan likevel ikkje utelukke at betre undersøkingar gjev grunnlag for ein høgare verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er stort sett å la skogen få stå i fred. Det er særleg viktig å spare eiketrea, medan skånsom hogst av andre treslag har mindre verknad.

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Phellinus ferreus

Kystruskjuke

Sopp

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

55 Norheimsstranda

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 340, N: 226

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Alm-lindskog F0105
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift & Masseuttak/utfylling
Feltsjekk: 11.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå pers. meld. frå Lars Ketil Flesland 11.10.2006 (basert på fleire turer av ham opp gjennom åra). I tillegg kjem opplysninger ut frå herbariefunn av fleire personar som Jens Stordal (25.09.1952) og Siste Sjanse-tur 21.05.2004 (deltakarar var m.a. Geir Gaarder, Tom Hellik Hofton, Jon T. Klepsland, Terje Blindheim og Øystein Røsok), Eldegaard (1996) og Odland et al. (1985).

Lokalisering: Lokaliteten ligg knapt midtvegs langs nordvestsida av Stordalsvatnet, i ei ganske bratt sørvendt li, på begge sider av E134 (størst areal på oversida av vegen). Lokaliteten er noko dårleg avgrensa. Det er truleg ganske skarpe grenser mot meir åpen engmark både i aust og vest, samt sjølvstarkt skarp grense mot vatnet i nedkant, medan grensa mot fattigare skog på oversida er diffus og usikker.

Naturtypar: Dette er ein av dei største og best utvikla edellauvskogane i Etne kommune, kanskje den som har den best utvikla varmekjære floraen. Det er for det meste ei bratt li med brunjord med innslag av rasmark og bergveggar, der ein frisk alm-lindskog er godt utforma. I nokon grad er det mosaikk med mer rein oreskog, samt attgroande beitemark.

Påvirkning: Edellauvtrea har vore styvta tidlegare, og det er mange grove styvingstre både av alm og lind her. Talet er usikkert, men samla sett må det vere eit tre-sifra tal styvingstre. Ein del er innhole. Det har vore lite styving i nyare tid. Det har også vore avgrensa med hogst og beite, slik at skogen nå har eit preg av gammal lauvskog med innslag av eldre tre også av gråor. Daudt trevirke er enda noko sparsamt. E134 skjer seg midt gjennom lokaliteten.

Artsmangfald: Registreringar til L. K. Flesland vitnar om at dette er ein ganske rik edellauvskog med mange av dei typiske artane for skogtypen, som lundgrønaks, kjempesvingel, skogsvingel, bergperikum, skjelrot, vårmarihand og ramslauk. I tillegg har han funne korallrot, samt raudsildre i bekkesig. Sistnemnde veks i eit relativt kalkrikt parti, truleg ei breksje. I tillegg fann Jens Stordal i 1952 grønngul vokssopp (VU) mellom "Nernes" og Norheim på orekvist, m.a. helst innafør denne lokaliteten. Under ein tur arrangert av stiftinga Siste Sjanse vart det i 2004 registrert ein del lav i lia, m.a. raudlisteartane bleik kraterlav (VU) og *G. truncigena* (VU). Odland et al. (1985) poengterer at mykje av feltsjiktet i skogen er dominert av store, breidblada gras som kjempesvingel og lundgrønaks.

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som svært viktig (A), både som følgje av storleik, velutvikla edellauvskog og innslaget av kravfulle lav knytt til gammal edellauvskog. Potensialet for å finne fleire kravfulle og raudlista artar er stort, og dette er heilt klart ein av dei mest verdifulle edellauvskogane i regionen.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for natuverdiane vil stort sett å la skogen få stå i fred, med unntak av ekstensivt beite (som ikkje fører til tråkkskader!) og eventuelt oppatt-taking av tidlegare styving av edellauvtrea. Særleg treslagsskifte, hogst av gamle edellauvtre og utfyllinger, masseuttak vil vere negative.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

55 Norheimsstranda

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 22 registreringer):

Alm	01.07.1984	Nær truet (NT)
Bergperikum	01.07.2000	
Brunrot	01.07.1984	
Fagerperikum		
Hassel	01.07.1984	
Hundekveke	01.07.1984	
Junkerbregne	01.07.1984	
Kjempesvingel	01.07.2000	
Korallrot	01.07.2000	
Kratthumleblom		
Kystmaigull	01.07.2000	
Lind	01.07.1984	
Lundgrønnaks	01.07.2000	
Myske	01.07.1984	
Ramsløk	01.07.2000	
Rødsildre	01.07.2000	
Skjellrot	01.07.2000	
Skogstarr	01.07.1984	
Skogstjerneblom		
Skogsvingel	01.07.2000	
Småborre	01.07.2000	
Vårmarihand	01.07.2000	

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

<i>Gyalecta flotowii</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)
<i>Gyalecta truncigena</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)
<i>Mycoacia uda</i>	Grønngul vokspigg	Sopp	Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

56 Håfjellet NA

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 334, N: 240

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming: Bergknaus og rasmark C0104


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Ingen kjente &

Feltsjekk: 01.07.2000 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå pers. meld. frå Lars Ketil Flesland 11.10.2006 (basert på fleire turer av ham opp gjennom åra, dato for siste sjekk er satt på grovt skjøn).

Lokalisering: Lokaliteten ligg oppe på fjellet mellom Stordalsvatnet og Åkrafjorden, like på nordaustsida av toppen til Håfjellet (937 m o.h.). Det er snakk om nokre bergknausar, lesider m.v. i ei nordaustvendt fjellside.

Naturtypar: Vegetasjonstypene er ikkje nærare undersøkt, men ut frå floraen er det tydeleg snakk om parti med rik fjellvegetasjon. Det er litt kvartsglimmerskifer i desse fjellstrøka, og nokre stader har denne tydeleg innslag av meir baserike bergarter, noko som tydeleg er situasjonen her. Sannsynlegvis er det for det meste innslag av rike bergveggsmiljø, samt flekkmure-harerug-enger.

Påvirkning: Truleg ein del påverka av beite tidlegare, men i liten grad nå lenger.

Artsmangfald: Registreringar til L. K. Flesland vitnar om at lokaliteten har ein ganske rik fjellflora, og dette inkluderer kravfulle artar som reinrose, rukkevier, fjellkvitkurle, fjellsmelle, hårstorr, svartstorr og raudsildre.

Verdsetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi viktig (B), sjølv om ingen raudlisteartar er funne. Dette er likevel ein av dei rikaste fjellplantelokalitetane så langt vest i regionen.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil stort sett å la lokaliteten få liggje i fred for inngrep, men ekstensivt husdyrbeite er nok positivt.

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 10 registreringer):

Fjellhvitkurle	01.07.2000
Fjellsmelle	01.07.2000
Flekkmure	01.07.2000
Gulsildre	01.07.2000
Hårstarr	01.07.2000
Reinrose	01.07.2000
Rynkevier	01.07.2000
Rødsildre	01.07.2000
Svartstarr	01.07.2000
Svarttopp	01.07.2000

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

57 Stigetjørna, Bjørndalsvïo

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 374, N: 103

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming: Bergknaus og rasmark C0104


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Ingen kjente &

Feltsjekk: 01.07.2000 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå pers. meld. frå Lars Ketil Flesland 11.10.2006 (basert på fleire turer av ham opp gjennom åra, dato for siste sjekk er satt på grovt skjøn).

Lokalisering: Lokaliteten ligg oppe på fjellet sør for Stordalsvatnet, ikkje så langt frå grensa mot Vindafjord og Rogaland. I den bratte sørvendte lia opp frå Stigetjørna opp mot Bjørndalsvïo er det tydeleg innslag av noko rikare bergarter med tilhørande kravfull fjellvegetasjon.

Naturtypar: Vegetasjonstypene er ikkje nærare undersøkt, men ut frå floraen er det helst rike bergvegsmiljø, samt flekkmure-harerug-enger.

Påvirkning: Truleg ein del beitepåverknad.

Artsmangfald: Registreringar til L. K. Flesland vitnar om at lokaliteten har ein ganske rik fjellflora, og dette inkluderer kravfulle artar som fjellkvitkurle, bergveronika, fjellbakkestjerne, hårstorr og fjellsmelle. Han har også funne grønburkne i engbakker nærare tjørna.

Verdsetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi viktig (B), sjølv om ingen raudlisteartar er funne. Dette er likevel ein relativt rik fjellplantelokalitet til å liggje så langt vest.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil stort sett å la lokaliteten få liggje i fred for inngrep, men ekstensivt husdyrbeite er nok positivt.

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 11 registreringer):

Bergskrinneblom	01.07.2000
Bergveronika	01.07.2000
Fjellbakkestjerne	01.07.2000
Fjellhvitkurle	01.07.2000
Fjellsmelle	01.07.2000
Fjelltistel	01.07.2000
Hårstarr	01.07.2000
Liljekonvall	01.07.2000
Svartstarr	01.07.2000
Svarttopp	01.07.2000
Taggbregne	01.07.2000

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

58 Kvamselva vest for Kvamsstølen

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 382, N: 202

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming:


Verdi: Lokalt viktig C

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Drenering/gjenfylling &

Feltsjekk: 01.07.2000 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå pers. meld. frå Lars Ketil Flesland 11.10.2006 (basert på turer av ham opp gjennom åra, dato for siste sjekk er satt på grovt skjøn).

Lokalisering: Lokaliteten ligg oppe på fjellet rett sør for Stordalsvatnet, truleg i ei sone der med noko rikare bergartar. Avgrensinga av lokaliteten er truleg noko grov, mot fattigare vegetasjonstyper.

Naturtypar: Vegetasjonstypene er ikkje nærare undersøkt, men ut frå floraen er det helst rike bergveggsmiljø.

Påvirkning: Truleg ein del beitepåverknad.

Artsmangfald: Registreringar til L. K. Flesland vitnar om at lokaliteten har innslag av noko kalkkrevjande fjellplanter som er sjeldsynte så langt vest, som bergveronika og rukkevier.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C), sidan berre eit fåtal kravfulle fjellplanter er funne.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil stort sett å la lokaliteten få liggje i fred for inngrep, men ekstensivt husdyrbeite er nok positivt.

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 2 registreringer):

Bergveronika	01.07.2000
Rynkevier	01.07.2000

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

59 Aksdal aust (Stegane)

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 243, N: 179

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Alm-lindskog F0105
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 01.07.2000 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå pers. meld. frå Lars Ketil Flesland 11.10.2006 og Reidar Leknes 13.10.2006 (basert på turer av begge opp gjennom åra, dato for siste sjekk er satt på grovt skjønn).

Lokalisering: Lokaliteten ligg i ei bratt sørvestvendt li rett aust for Aksdal, på nordsida av Etnefjorden. Avgrensinga er noko grov mot fattigare vegetasjonstypar.

Naturtypar: Vegetasjonstypane er ikkje nærare undersøkt, men det er snakk om innslag av både rik edellauvskog og rike bergveggsmiljø. Tydelegvis må det vere litt kalkrikt her.

Påvirkning: Ikkje nærare kjent, men truleg lite påverka i nyare tid (vart berre studert på avstand i 2006, og miljøet var da intakt).

Artsmangfald: Registreringar til L. K. Flesland vitnar om at lokaliteten har innslag av fleire kravfulle edellauvskogsplanter og bergveggsartar, som ramslauk, sanikel, kransmynte, murburkne, grønburkne, blankburkne og soppen skarlagens vokssopp. Reidar Leknes nemner i tillegg falkbregne og svart-ola (kryssningen mellom olavsskjegg og svartburkne).

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan såpass mange kravfulle og til dels ganske sjeldsynte artar veks her. Ein kan ikkje utelukke at betre undersøkingar gir grunnlag for høgare verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Lokaliteten er truleg lite truga av inngrep, og det beste for naturverdiane er nok berre å la den få liggje i fred.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 9 registreringer):

Blankburkne	01.07.2000
Falkbregne	01.07.2000
Grønburkne	01.07.2000
Kransmynte	01.07.2000
Murburkne	01.07.2000
Olavsskjegg	01.07.2000
Ramsløk	01.07.2000
Sanikel	01.07.2000
Svart-ola	01.07.2000

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

<i>Hygrocybe punicea</i>	Skarlagenvokssopp	Sopp
--------------------------	-------------------	------

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

60 Hovland - vegkant

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3245, N: 2091

Naturtype: Artsrik veikant D03

Utforming:


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Gjengroing & Masseuttak/utfylling

Feltsjekk: 12.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 12.10.2006, men også pers. meld. frå L. K. Flesland.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Hovland, langs sørvestre del av Stordalsvatnet. Eit parti av vegkanten langs E134 (på sørsida av vegen primært, men også innslag av engplanter på nordsida av vegen nokre stader) har noko rikare engvegetasjon enn det som er vanleg i distriktet.

Naturtypar/påvirkning: Det er snakk om ei smal sone med engprega vegetasjon langs vegen. Dels er det ordinær vegkant, dels restar etter gamlevegen og dels beitemark som ligg heilt inntil vegen. Truleg har det enten vore slåtteenger like inntil her før, eller i nærleiken, slik at engplantene ganske effektivt har frødd seg her.

Artsmangfald: Ein del naturengplanter veks her, og av interessante artar kan nemnast engknoppurt, knegras og nattfiol (helst grov nattfiol), samt ein del kystgrisøyre, ellers finnskjegg, smalkjempe, fjellmarikåpe og gjeldkarve. Lars Ketil Flesland (pers. meld. 11.10.2006) fortalte at han seinast i 2002 fann solblom (VU) i vegkanten rett aust for Hovland, og ut frå skildringa hans av lokaliteten var dette truleg her. Sjølv om det var seint på året i 2006, indikerer resultatata at arten nå har gått ut også her, men kanskje vart han berre oversett.

Verdsetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi viktig (B), sidan det fortsatt er mogleg at den raudlista og regionalt akutt truga solblomen veks her. Om denne er utgått så bør verdien blir redusert til berre lokalt viktig (C).

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Naturverdiane er avhengig av at kantsonane blir slått årleg, helst på seinsommaren, og helst også at graset vert fjerna etterpå. Beite vil vere ein klar fordel. Gjødsling, dumping av gras, søppel m.m. er negativt.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 8 registreringer):

Solblom	01.07.2002	Sårbar (VU)
Engknoppurt	12.10.2006	
Finnskjegg	12.10.2006	
Gjeldkarve	12.10.2006	
Grov nattfiol	12.10.2006	
Knegras	12.10.2006	
Kystgrisøyre	12.10.2006	
Tepperot	12.10.2006	


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

61 Hovland - beitemark

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 323, N: 212

Naturtype: Naturbeitemark D04
Utforming:
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjødsling &
Feltsjekk: 12.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 12.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Hovland, langs sørvestre del av Stordalsvatnet. Nordaust for det austlegaste gardsbruket er det ein del bakker som fortsatt vert godt beita av husdyr (sau og kjøttfe, brukaren opplyste under vitjinga at han hadde planar om å slutte med storfe). Det meste av beitemarkene er godt oppgjødsla og ikkje aktuelle å registrere som naturbeitemark, men nokre bratte og grunnlendte parti har nok fått mindre gjødsling enn resten og vert avgrensa som naturbeitemark. Denne lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot skogsmark/attgroande beitemark i øverkant, medan det er diffus grense mot hardare gjødsla eng i nedkant.

Naturtypar/påvirkning: Det er for det meste snakk om friske og fattige engsamfunn, men det er også litt tørrbakkevegetasjon.

Artsmangfald: Ein del naturengplanter veks her, som finnskjegg, knegras, engfiol og kystmyrklegg. Det vart berre så vidt funne beitemarkssopp, og da i alt 4 vanlege artar.

Verdsetting: Verdien er usikker, men under litt tvil blir den berre satt til lokalt viktig (C), sidan beitemarka virkar noko gjødsla og artsfattig. Ein kan ikkje utelukke at betre undersøkingar gjer grunnlag for høgare verdi.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Naturverdiane er avhengig av eit fortsatt godt beitetrykk. I tillegg er noko rydding av tre og einerkratt naudsynt år om anna (slik det har vore gjort nyleg). Gjødsling er derimot negativt, særleg av parti som har motteke lite gjødsling tidlegare.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 11 registreringer):

Blåklukke	12.10.2006
Engfiol	12.10.2006
Finnskjegg	12.10.2006
Hårsveve	12.10.2006
Knegras	12.10.2006
Kornstarr	12.10.2006
Kystgrisøre	12.10.2006
Kystmaure	12.10.2006
Kystmyrklegg	12.10.2006
Smalkjempe	12.10.2006
Tepperot	12.10.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

<i>Clavulinopsis helvola</i>	Gul småkøllesopp	Sopp
<i>Entoloma poliopus</i>	Tjærerødskivesopp	Sopp
.....

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

62 Hovland - styvingstre

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 322, N: 209

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Opphør av landbruksdrift &
Feltsjekk: 12.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 12.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Hovland, langs sørvestre del av Stordalsvatnet. I beitemarka og åkerkanter aust for det austlegaste gardsbruket står det spreitt med styva asketre.

Naturtypar/påvirkning: Trea er halvgrove til ganske grove og nokre av dei er sannsynlegvis innhole. Det er snakk om nokre ti-tals tre (20-30 kanskje). Trea ber preg av ganske javnleg styving, også i nyare tid, og er haldne godt ved like.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne spesielle artar på trea, men dei vart heller ikkje særleg godt undersøkt. Det er potensial for kravfulle insekt og skorpelav.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er snakk om eit litt større tal gamle styvingstre som er godt skjøtta.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å halde styvinga ved like, slik som det har vore gjort i nyare tid. Nydanning av fleire styvingstre vil vere klart positivt.

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

63 Osnes: Naustvik

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2528, N: 1646

Naturtype: Strandeng og strandsump G05

Utforming:


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus:

Trusler: Gjengroing & Drenering/gjenfylling

Feltsjekk: 12.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.05.2007, i første rekkje ut frå eigen tur 12.10.2006. Lars Ketil Flesland (pers. meld. 11.10.2006) har også vitja plassen, men har ikkje artsfunn ut over det eg sjølv fann.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på sørsida av Etnefjorden, ute på den vesle halvøya nord for Vågen. Det er snakk om ei lita, skjerma bukt med til dels ganske finkorna (leirjord) marine lausmassar. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot fastmarka, med unntak av i sentrale del av bukta, der det er gradvis overgang mot fuktenger innafor. Truleg er det ein form for friluftsområde her.

Naturtypar: Det er ein del brakkvassumper med antatt pollsvaks her. Innafor er det innslag av saltsivenger og litt havstarreng, som går over i meir ferskvasspåverka fuktenger med artar som hanekam, klourt og kattehale. Utafor sivaksbeltene veks ålegras. Ut mot Brakaneset er det inkludert ein liten skjerma brakkvassputt uten vegetasjon av særleg omfang (for mykje lauv m.m. på botnen).

Påvirkning: Lokaliteten ligg i eit eldre kulturlandskap som ber preg av attgroing. Tidlegare har det nok vore slåtteeenger heilt ned på strandengene, og eventuelt også noko beite. Statusen som friluftsområde (e.l.) har ført til at området har fått liggje i fred i nyare tid, i kontrast til det aller meste av anna lett tilgjengeleg strand i regionen som har vorte nedbygd, forsøpla og stort sett heilt øydelagt eller sterkt forringa.

Artsmangfald: Det vart registrert ein del typiske havstrandplanter her, som pollsvaks (litt usikker, kan også vere havsvaks), rustsvaks (sparsam), saltsiv, kattehale, fjøresaulauk, musestorr, ålegras og strandkjeks. Det er eit lite potensial for meir sjeldsynte havstrandplanter, men nok ikkje særleg stort.

Verdsetting: Lokaliteten får ein klar verdi som viktig (B), sidan dette kanskje er den einaste strandenga av noko omfang på finkorna lausmassar som et attende i dette fjordsystemet. Den naturlege overgangen til fuktenger ovafor er med på å auke verdien.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det viktigste omsynet her er å unngå nedbygging, ureining m.v. Det hadde derimot vore ein stor fordel om hevd i form av slått og ekstensivt husdyrbeite vart teken opp att. Den ytre, vesle pollen burde ha vorte renska for lauv m.v.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 21 registreringer):

Blåtopp	12.10.2006
Fjeresauløk	12.10.2006
Hanekam	12.10.2006
Havstarr	12.10.2006
Kattehale	12.10.2006
Klourt	12.10.2006
Knegras	12.10.2006
Kornstarr	12.10.2006
Musestorr	12.10.2006
Ålegras	12.10.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

63 Osnes: Naustvik

Krypkvein	12.10.2006
Loppestarr	12.10.2006
Musestarr	12.10.2006
Myrmaure	12.10.2006
Pollsivaks	12.10.2006
Rustsivaks	12.10.2006
Saltsiv	12.10.2006
Skjørbuksurt	12.10.2006
Strandkjeks	12.10.2006
Strandkjempe	12.10.2006
Strandkryp	12.10.2006
Tiriltunge	12.10.2006
Ålegras	12.10.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

64 Brøllom

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2500, N: 1900

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:


Verdi: Svært viktig A

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Gjengroing &

Feltsjekk: 12.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskilddring innlagt av GGa den 01.05.2007, ut frå eigen tur 12.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på nordsida av Etnefjorden, noko oppe i lia ovafor Brøllom. Lokaliteten skiljer seg klart ut frå resten av lia, og med sitt åpne preg med høgt innslag av lyng og noko lågvaksen einer ser det ut som ein siste rest av det opprinnelege lyngheilandskapet som må ha vore utbreidd i regionen tidlegare. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot meir oppgjødsla beitemark og litt skog i nedkant, skog mot aust, samt litt meir diffus overgang mot meir gjødsla beitemark i vest og utmark i nord.

Naturtypar/påvirkning: Det er for det meste snakk om friske fattigenger (engkvein-gulaks-enger), dels i overgang mot meir røsslyngdominert mark. Nokre små flekkar med meir urterik eng vart også funne, truleg svakt baserike miljø (i det som kan reknast som sesongfuktig sig). Området ber preg av ein langvarig god hevd og har truleg berre i liten grad vore gjødsla tidlegare. Nå beiter det sau her. Beitetrykket er ganske godt, og bør ikkje reduserast.

Artsmangfald: Nærare 15 artar naturengplantar vart funne, for det meste vanlege artar som finnskjegg, tepperot. Det er eit lite potensial for litt meir kravfulle artar, og kattedot er nok ikkje lenger så vanleg i beitemark i området. Størst interesse er det likevel knytt til førekomsten av beitemarkssopp, som er god. I alt 19 artar vart funne vitjinga, fleire artar i gode bestand. Det var fleire raudlisteartar blant desse, som raudskivevokssopp, raud honningvokssopp, mjølrudskivesopp og raud honningvokssopp.

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som svært viktig (A), både ut frå den gode førekomsten av kravfulle og raudlista beitemarkssopp, og ein langvarig, god hevd.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Naturverdiane er heilt avhengig av eit fortsatt godt beitetrykk, samtidig som beitemarka ikkje vert tilført nokon form for gjødsla ut over det dyra sjølv legg att. Litt rydding av einer og tre er naudsynt år om anna, kanskje også lyng.

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 13 registreringer):

Aurikkelsveve	12.10.2006
Blåklukke	12.10.2006
Blåknapp	12.10.2006
Finnskjegg	12.10.2006
Fjellmarikåpe	12.10.2006
Gulaks	12.10.2006
Kattedot	12.10.2006
Knegras	12.10.2006
Kornstarr	12.10.2006
Kystmaure	12.10.2006
Legeveronika	12.10.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

64 Brøllom

Smalkjempe	12.10.2006
Tepperot	12.10.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 24 registreringer):

<i>Clavaria fumosa</i>	Røykfarget køllesopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Clavulinopsis helvola</i>	Gul småkøllesopp	Sopp	
<i>Entoloma prunuloides</i>	Melrødsdivesopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Entoloma corvinum</i>	Ravnerødsdivesopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Entoloma sericellum</i>	Silkerødsdivesopp	Sopp	
<i>Entoloma poliopus</i>	Tjærerødsdivesopp	Sopp	
<i>Entoloma exile</i>		Sopp	
<i>Entoloma chalybaeum</i>	Svartblå rødsdivesopp	Sopp	
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Rød honningsvokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe quieta</i>	Rødskivevokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe quieta</i>	Rødskivevokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe quieta</i>	Rødskivevokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe quieta</i>	Rødskivevokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe quieta</i>	Rødskivevokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe quieta</i>	Rødskivevokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	Gul vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe cantharellus</i>	Kantarellvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe reidii</i>	Honningvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe laeta</i>	Seig vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe helobia</i>	Brunfnokket vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe conica</i>	Kjeglevokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	Skjør vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Sopp	
<i>Trichoglossum hirsutum</i>	Svartlodnetunge	Sopp	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

65 Aksland sør

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2346, N: 2316

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:


Verdi: Svært viktig A

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Masseuttak/utfylling & Gjengroing

Feltsjekk: 12.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 02.05.2007, ut frå eigen tur 12.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg sør for Aksland, på vestsida av Akslandselva. Det omfattar eit beitemarksområde som i nord grensar mot eit stort grustak (som delvis har øydelagt delar av beitemarka) og oppgjødsla beite (tidlegare pløyd mark). I aust danner elvekløfta grense, i vest litt diffus grense mot skogsmark og i nord også mot skogsmark. Hovuddelen av lokaliteten ligg ovafor eit gjerde, medan eit mindre parti ligg mellom gjerdet og grustaket.

Naturtypar/påvirkning: Øvre del av beitemarka er frisk til fuktig engmark (mest blåtoppeng, dels også gulaks-engkvein-eng og kanskje finnskjegg-eng), dels i overgang mot lyngmark. Det er tydeleg ganske sur grunn og truleg har beitemarka vore lite gjødsla før. Nedre del er litt meir urterik og tørr, og her har nok delar vore litt gjødsla. Området vert no beita av sau og beitetrykket er ganske godt. Det står litt spredt med bjørk, og meir sparsamt med einer og selje på beitemarka.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ganske artsfattig, og berre eit fåtal vanlege naturengplanter vart funne, som finnskjegg, kystmaure, blåklokke og gulaks. Ellers er trivialartar som blåtopp og bjørnemoser karakterartar. Derimot finst det litt meir beitemarkssopp. I alt 11 artar vart funne, og nokre vanlege artar veks spreitt på beitemarka. I tillegg vart eit par til dels sjeldsynte og truga artar funne. Dette omfattar slimjordtunge (EN) som vaks like på oversida av gjerdet, samt grå narremusserong (VU) og truleg raud honningvokssopp, som begge vaks på nedsida av gjerdet.

Verdsetting: Lokaliteten har ein klar verdi som svært viktig (A), ut frå førekomsten av eit par internasjonalt sjeldsynte og høgt raudlista beitemarkssopp.

Forslag til skjøtsel og hennsyn:

Naturverdiane er heilt avhengig av eit fortsatt godt beitetrykk, samtidig som beitemarka ikkje vert tilført nokon form for gjødsla ut over det dyra sjølv legg att. Litt rydding av einer og tre er naudsynt år om anna. Grusuttak som fører til at beitemarka forsvinn er sjølvstøtt negativt.

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 7 registreringer):

Aurikkelsveve	12.10.2006
Blåklokke	12.10.2006
Finnskjegg	12.10.2006
Gulaks	12.10.2006
Kornstarr	12.10.2006
Kystmaure	12.10.2006
Tepperot	12.10.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteten (totalt 11 registreringer):

<i>Clavulinopsis helvola</i>	Gul småkøllesopp	Sopp	
<i>Geoglossum difforme</i>	Slimjordtunge	Sopp	Sterkt truet (EN)
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Rød honningsvokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
--	--	--	--

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

65 Aksland sør

<i>Hygrocybe laeta</i>	Seig vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe reidii</i>	Honningvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe cantharellus</i>	Kantarellvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe conica</i>	Kjeglevokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe psittacina</i>	Grønn vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe pratensis</i>	Éngvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	Gul vokssopp	Sopp	
<i>Porpoloma metapodium</i>	Grå narremusserong	Sopp	Sårbar (VU)


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

66 Akslandselva austside

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2369, N: 2299

Naturtype: Naturbeitemark D04
Utforming:
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Nedbygging
Feltsjekk: 12.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 02.05.2007, ut frå eigen tur 12.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg sør for Aksland, like på austsida av Akslandselva. Her har det nok tidlegare vore større parti med halvåpen beitemark, men der denne etter kvart har vakse omtrent heilt att med høg einer (søyleeiner) og noko lauvskog. Nokre delar av den har så blitt rydda for få år sidan. Desse partia er ganske skarpt avgrensa mot skog mot sør, aust og vest, meir diffust mot halvåpen, ung svartorskog i nord.

Naturtypar/påvirkning: Området har vore såpass attgrodd at det er litt vanskeleg å vurdere vegetasjonstype, men truleg er det mest snakk om gulaks-engkveinenger og blåtoppenger. Som nevnt ovafor, så har området vorte rydda, og det ligg fortsatt at mykje einer-staur her. Beitetrykket er litt usikkert, men det ser ikkje så verst ut (sauebeite). Det står fortsatt spreitt med furu, bjørk og einer på beitemarka.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ganske artsfattig, og berre eit fåtal vanlege naturengplanter vart funne, som finnskjegg, kystmaure, blåklokke og gulaks. I tillegg finst det sparsamt med beitemarkssopp. I alt 9 artar vart funne, inkludert raudlistteartane slimjordtunge (EN) og raud honningvokssopp (NT), som begge vaks på nedsida av gjerdet.

Verdsetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi svært viktig (A), men trass alt er ein sterkt truga art funne her, og ein må rekne med at restaureringa i kombinasjon med fortsatt godt beitetrykk kan auke fruktifiseringa av beitemarkssopp i åra framover.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Naturverdiane er heilt avhengig av eit godt beitetrykk, samtidig som beitemarka ikkje vert tilført nokon form for gjødsel ut over det dyra sjølv legg att. Fortsatt rydding av einer og tre er naudsynt år om anna, og ein kunne godt ha rydda meir for å få større åpne parti her.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

Blåklokke	12.10.2006
Finnskjegg	12.10.2006
Gulaks	12.10.2006
Kornstarr	12.10.2006
Kystmaure	12.10.2006
Tepperot	12.10.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 9 registreringer):

<i>Clavulinopsis helvola</i>	Gul småkøllesopp	Sopp	
<i>Entoloma sericellum</i>	Silkerøds-kivesopp	Sopp	
<i>Geoglossum difforme</i>	Slimjordtunge	Sopp	Sterkt truet (EN)
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Rød honningsvokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Hygrocybe laeta</i>	Seig vokssopp	Sopp	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

66 Akslandselva austside

<i>Hygrocybe cantharellus</i>	Kantarellvokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe reidii</i>	Honningvokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	Gul vokssopp	Sopp
<i>Hygrocybe miniata</i>	Liten mønjevokssopp	Sopp

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

67 Hjelmervik sør

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2373, N: 2340

Naturtype: Naturbeitemark D04
Utforming:
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Gjødsling
Feltsjekk: 12.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 02.05.2007, ut frå eigen tur 12.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i lia ovom garden Hjelmevik. Her er det ein rest av det som tidlegare helst har vore eit meir typisk halvåpent beitelandskap i området. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot gjerder i sør og aust, meir diffust mot meir skogkledd mark i nord og litt diffust mot hardare gjødsla beitemark i vest.

Naturtypar: Beitemarka er relativt gras- og moserik og truleg av ein klart rikare type enn det meste som ellers er registrert som naturbeitemark i kommunen. Det er nok for det meste snakk om gulaks-engkveineng, lokalt i overgang mot jordnøtt-enger (med smalkjempe og kysstgrisøyre). Eit par soppfunn vitnar om lokalt nokså baserik mark.

Påvirkning: Vestre del av lokaliteten er ei ganske klart avgrensa åpen beitemark, der sentrale delar opplagt har vore ein del gjødsla og helst også pløyd for lenge sidan. I kantsoner, særleg i aust, er det derimot meir urterikt. Vidare austover er det parti med noko meir attvaksen beitemark der det står jamnt med bjørk, einer m.m., men også mindre grasrike parti. Lengst aust kjem ein på ny inn på eit meir åpent parti, med ei estetisk svært pent utvikla beitemark, der det står berre spreitt med einerbusker, eit par tidlegare styva asketre, og ellers er fint beita moserik engmark (og eit lågt steingjerde). Nedre delar av beitemarka her er av ein nokså fuktig type. Området vert beita av storfe stort sett truleg, og beitetrykket virkar godt, samtidig som det ikkje vart sett særleg tråkkskader på marka.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje særleg artsrik, men inkluderer som tidlegare omtalt litt meire urter enn det som er vanleg, som hårsveve og kystmaure. I tillegg er det god førekomst av beitemarkssopp her, ikkje minst på den austlegaste delen, men også på midtre delar og austre delar av den vestlege åpne beitemarka vart det funne ein del artar, også sjeldsynte og raudlisteartar. I alt 16 artar beitemarkssopp vart funne, inkludert heile 6 raudlisteartar. Dette omfattar fleire høgt raudlista og til dels nasjonalt og internasjonalt sjeldsynte artar, t.d. vranglodnetunge (VU) og einaste funnet i landsdelen av stanknarrevokssopp (NT).

Verdsetting: Lokaliteten får ein klar verdi som svært viktig (A), og dette er ein av dei finaste og mest interessante beitemarkene som er registrert i kommunen. Ikkje minst artsfunna forsvarar ein slik høg verdi, men også ein god hevd styrkar dette.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Naturverdiane er heilt avhengig av eit fortsatt godt beitetrykk, samtidig som beitemarka ikkje vert tilført nokon form for gjødsling ut over det dyra sjølv legg att (evt. med unntak av dei tidlegare gjødsla partia lengst vest). Litt rydding av einer og tre er naudsynt år om anna, og kunne med fordel ha vore gjort snarleg i kantsonar mot nord, samt på midtre delar av marka. Tekniske inngrep som veger m.m. er sjølv sagt negativt.

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 7 registreringer):

Finnskjegg	12.10.2006
Gulaks	12.10.2006
Hårsveve	12.10.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

67 Hjelmervik sør

Kystgrisøre	12.10.2006
Kystmaure	12.10.2006
Smalkjempe	12.10.2006
Tepperot	12.10.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 18 registreringer):

<i>Camarophylloopsis foetens</i>	Stanknarrevokssopp	Sopp	Sårbar (VU)
<i>Camarophylloopsis schulzeri</i>	Gulbrun narrevokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Camarophylloopsis schulzeri</i>	Gulbrun narrevokssopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Clavaria zollingeri</i>	Fiolettt greinkøllesopp	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Clavulinopsis helvola</i>	Gul småkøllesopp	Sopp	
<i>Hygrocybe pratensis</i>	Éngvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe laeta</i>	Seig vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe psittacina</i>	Grønn vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe insipida</i>	Liten vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	Skjør vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe reidii</i>	Honningvokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	Gul vokssopp	Sopp	
<i>Hygrocybe irrigata</i>	Grå vokssopp	Sopp	
<i>Mycena flavoalba</i>	Elfenbenshette	Sopp	
<i>Porpoloma metapodium</i>	Grå narremusserong	Sopp	Sårbar (VU)
<i>Porpoloma metapodium</i>	Grå narremusserong	Sopp	Sårbar (VU)
<i>Trichoglossum walteri</i>	Vranglodnetunge	Sopp	Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

68 Eintveit-Djuve

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 442, N: 360

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Høstingsskog med eik D1802
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing &
Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFJ den 04.05.2007:

Lokalisering: Lokaliteten ligg i fjordlia mellom Eintveit og Djuve på nordsida av Åkrafjorden, hovudsakleg i høgdelaget 40-100 moh. Avrensinga er grov i nedkant og i aust mot sjølve garden Djuve, som ikkje vart oppsøkt under feltarbeidet. I heile lisida står det spreidd med grov eik, ask og lind.

Naturtypar/påvirkning: Naturtypen er sett til haustingsskog, men det er også innslag av hagemark, mindre lommer med edellauvskog og ein liten svartorsump. Feltsjiktet er ganske fattig og dominert av blåbær og smyle. Dei største eikene i området står på fattig mark, mens lind og ask står på brattare, meir fuktig og noko rikare mark. Tidlegare har området vore beita, men er no i attgroing. Dei aller fleste større edellauvtrea har vore styva frå gammalt av, men er ikkje lenger skjøtta. Sentralt i området ligg det ei mindre svartorsump. Dei fleste eikane er innhole, og totalt er det ein stad mellom 40-60 grove eiketree på strekninga.

Artsmangfald: Det vart funne eikegreinkjuka (NT) på ei eik (truleg første funnet i Hordaland fylke), samt svovelkjuka og eikebruddsopp. Ellers er lungeneversamfunnet brukbart utvikla med lungenever og kystnever på mange av tree. Av andre artar ble det funne skorpefiltlav (VU) på ask, samt stiftfiltlav, grynfiltlav, buktporelav mv. Det er potensial for kravfulle insekt i dei hole eikane.
Verdsetting: Lokaliteten får verdi svært viktig (A), sidan det er snakk om eit litt større tal gamle grove styvingstre og med funn av to raudlisteartar på lokaliteten.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er ein fordel om styvinga av dei gamle edellauvtrea vert teken opp att

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

Ask	21.06.2006
Lind	21.06.2006
Sommareik	21.06.2006
Svartor	21.06.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 12 registreringer):

<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	Busk- og bladlav	
<i>Lobaria virens</i>	Kystnever	Busk- og bladlav	
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Parmeliella triptophylla</i>	Stiftfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Sticta sylvatica</i>	Buktporelav	Busk- og bladlav	
<i>Hymenochaete rubiginosa</i>	Eikebroddsonn	Sonn	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

68 Eintveit-Djuve

<i>Hymenochaete tubiginosa</i>	Skjoldrusopp	Sopp	
<i>Laetiporus sulphureus</i>	Svovelkjuke	Sopp	
<i>Pachykytospora tuberculosa</i>	Eikegreinkjuke	Sopp	Nær truet (NT)
<i>Phellinus ferreus</i>	Kystrustkjuke	Sopp	


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

69 Kalvik

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 409, N: 335

Naturtype: Hagemark D05
Utforming: Askehage D0506
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing &
Feltsjekk: 21.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFj den 07.05.2007:

Lokalisering: Lokaliteten ligg på nordsida av Åkrafjorden. Det er ei hagemark med dominans av lind og ask, nokre få eiker og hasselkratt. Lokaliteten er litt diffust avgrensa, mot parti med meir åpen, gjenvaksen eng.

Naturtypar/påvirkning: Naturtypen er sett til hagemark med ask, lind og eik. Hagemarka er attgroande og edellauvtrea vert ikkje lenger skjøtta. Trea er ikke særskilt grove, men det var uvanleg mykje lind i lokaliteten, samt oppslag av lind, noko som er mindre vanleg. Sjølve engene er artsfattige, attgroande og truleg tidlegare gjødsla, slik at den biologiske verdien er avgrensa.

Artsmangfald: Det vart funne skorpefiltlav (VU) på ask, samt vanleg blåfiltlav og rund porelav. Naturengplantar manglar stort sett på engene. Det er truleg potensial for kravfulle insekt knytt til gamle tre.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er innslag av ein del lind her, men både dette og funn av ein sårbar art tilseier at ein kanskje skulle sett verdien enda høgare.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er ein fordel om styvinga av dei gamle edellauvtrea vert tatt opp att

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

Ask	21.06.2006
Engknoppurt	21.06.2006
Hassel	21.06.2006
Lind	21.06.2006
Markjordbær	21.06.2006
Sommareik	21.06.2006

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

<i>Degelia plumbea</i>	Vanlig blåfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Sticta fuliginosa</i>	Rund porelav	Busk- og bladlav	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

70 Akslandselva

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 236, N: 230

Naturtype: Bekkekløft og bergvegg F09

Utforming: Bekkekløft F0901


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Nedbygging & Drenering/gjenfylling

Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFj den 07.05.2007:

Lokalisering: Lokaliteten ligg på innsida av Taraldsøy, på sørsida av Skåneviksfjorden og strekkjer seg frå elvemunningen ved Aksdal og oppover mot skoggrensa.

Naturtypar/påvirkning: Naturtypen er sett til bekkekløft, m.a. fordi det langs elva veks fleire typiske fuktkevjangende artar på bergveggane. Elva renn i ei kløft i terrenget med noko naturbeitemark på vestsida og mest skog på austsida. Vatnet ser ut til å vere rimeleg reint. Elva renn på steingrunn med mindre fossar og stryk og mosekledd bergveggar. Berggrunnen verkar stadvis ganske rik.

Artsmangfald: Det vart funne hinnebregne på berg samt råmekrevjangende mosar som storstyle, småstyle, kysttornemose, pelssåtemose og krusfellmose.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det var funne hinnebregne og råmekrevjangende moser, noko som peikar i retning av eit ganske fuktig og velutvikla kløftmiljø.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Hinnebregne

22.06.2006

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

<i>Campylopus atrovirens</i>	Pelssåtemose	Bladmoser
<i>Mnium hornum</i>	Kysttornemose	Bladmoser
<i>Neckera crispa</i>	Krusfellmose	Bladmoser
<i>Bazzania tricrenata</i>	Småstyle	Levermoser
<i>Bazzania trilobata</i>	Storstyle	Levermoser

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

71 Etneosen

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 271, N: 189

Naturtype: Brakkvannsdelta G07

Utforming:

Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: K-plan, båndlagt område etter § 20-4, 1. ledd nr. 4

Trusler: Nedbygging & Masseuttak/utfylling

Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)

Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFJ den 07.05.2007:

Lokalisering: Lokaliteten ligg ved utløpet av Etneelva aust i Etnefjorden, rett nord for kommunesenteret Etne. Lokaliteten er avgrensa mot kulturmark i nord og industriområde i sør. Han inkluderer ein tange som ligg på nordsida av Etneelva. Saman med eit noko større areal her er den sikra som spesialområde naturvern i reguleringsplanen for Etnesjøen II.

Naturtypar/påvirkning: Naturtypen er brakkvannsdelta med strandeng-strandsump. Sørsida av deltaet (sør for Etneelva) er nedbygd til industriområde, mens nordsida av elva er delvis intakt, men det har vore ein god del massetak i området og det er mudra opp til nokre båtar som ligg i utkanten på nordsida av lokaliteten.

Artsmangfald: Sjølv om området har vore utsett for massetak er det att restar av den opprinnelege naturtypen. Det vart funne artar som havstorr, krypsiv, skjørbuksurt, fjøresivaks, fredlaus, sløke, mjødur, strandkjempe, gåsemure, strandrug, strandrør, strandkvann, bekkeblom, kattehale, svartknoppurt mv. Ytre side av lokaliteten (mot vest) ser lite påverka ut, mens indre deler er meir påverka. Tidlegare har nok området vore beita, men i dag er ikkje dette tilfelle. Nokre gråor og bjørketre har vokse opp ute på tangen.


Verdsetting: Lokaliteten har verdi som lokalt viktig (B), sjølv om den er negativt påverka av utbygging og massetak.

Supplerende informasjon innlagt av GGa den 14.05.2007: Lokaliteten har vore oppsøkt av fleire botanikarar opp gjennom tidene. Lundberg (1992) skriv i fylkesplanen for havstrand m.a. dette om lokaliteten (ut frå eigen tur 16.07.1984): "Området har tidlegare hatt stor biologisk produksjon og stor variasjon i samfunnstypar, m.a. med flommarksskog, strandsumpar og strandenger. I dag er det berre restar igjen av dette. Strandsumpene var dominerte av nokre av deim est høgvakne og frodige havstarrsamf. (*Caricetum paleacea*) som er registrerte i landsdelen. I strandengene var fjøresivaks-samf. (*Eleocharietum uniglumis*) vanleg. Verneverdien av dette elvedeltaet var ikkje i første rekkje knytt til førekomsten av sjeldsynte artar, men til storleiken på området og dei samfunna som fantes heer. Biologiske produksjon og klarleik i soneringar og økologiske mønstre var også av stor viktighet for verneverdien. Utfyllinga som har skjedd i seinare år har øydelagt betydelege, regionalt viktige naturverdiar, og området har i dag liten verneverdi."

Anmerking: Lokaliteten låg inne i gamle Naturbase under namnet "Etnedeltaet" med nummer 121100500.

Erik Kvalheim i Etne kommune undersøkte sørsida av elveoset ca 22.06.2007. Han fann da ein del av dei same artane som også veks på nordsida og oppetter elva, som kattehale og høgvekste gras og storr. Ein delvis avsnørt dam på den sida verkar fortsatt å ha nokre kvalitetar. Samla sett verkar det riktig å oppretthalde verdien viktig (B) for lokaliteten. Sjølv om den er ein del negativt påverka, så finst det fortsatt ein del kvalitetar her og dette er tross alt eit av dei største deltaområda som ein har i fylket.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:



Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

71 Etneosen

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 23 registreringer):

Arve	22.06.2006
Bekkeblom	22.06.2006
Engsoleie	22.06.2006
Fjøresivaks	22.06.2006
Fredlaus	22.06.2006
Gråor	22.06.2006
Gåsemure	22.06.2006
Hanekam	22.06.2006
Havstorr	22.06.2006
Kattehale	22.06.2006
Kjeldeurt	22.06.2006
Krypsiv	22.06.2006
Mjødurt	22.06.2006
Skjørbuksurt	22.06.2006
Sløke	22.06.2006
Strandkjempe	22.06.2006
Strandkvann	22.06.2006
Strandrug	22.06.2006
Strandrøyr	22.06.2006
Svartknoppurt	22.06.2006
Sverdlilje	22.06.2006
Tiriltunge	22.06.2006
Vendelrot	22.06.2006

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

72 Kambe N

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 286, N: 193

Naturtype: Rik sumpskog F06
Utforming: Rik sumpskog F0601
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus:
Trusler: Skogbruksdrift & Drenering/gjenfylling
Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFj den 07.05.2007, særleg ut frå eige feltarbeid 22.06.2006 (lokaliteten er også omtala av Eldegaard 1996):

Lokalisering: Lokaliteten ligg nede i ei ravine og er diffust avgrensa både i over- og nedkant

Naturtypar/påvirkning: Naturtypen er ein rik sumpskog med svartor, men med noko innblanding av innplanta gran. Trea er ikke spesielt gamle og har truleg vore utsett for hogst tidlegare.

Artsmangfald: Forutan svartor veks det ask, hassel og hegg i og nært opptil sump. Av karplantar står det sumphaukeskjegg, mjørdurt, vendelrot, bekkeblom, enghumleblom, skogsnelle og grøftesoleie i sump.

Verdsetting: Lokaliteten er sett til lokalt viktig (C), sidan den er liten og ikkje spesielt velutvikla.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Gran bør fjernast og området bør ellers ligge urørd.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 11 registreringer):

Ask	22.06.2006
Bekkeblom	22.06.2006
Enghumleblom	22.06.2006
Grøftesoleie	22.06.2006
Hassel	22.06.2006
Hegg	22.06.2006
Mjørdurt	22.06.2006
Skogsnelle	22.06.2006
Sumphaukeskjegg	22.06.2006
Svartor	22.06.2006
Vendelrot	22.06.2006


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

73 Stødle vest

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 287, N: 193

Naturtype: Hagemark D05
Utforming: Askehage D0506
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 22.06.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av HFj den 09.05.2007, særleg ut frå eige feltarbeid 22.06.2006 (lokaliteten er også omtala av Eldegaard 1996):

Lokalisering: Lokaliteten ligg nede i ein ravine i eit jordbrukslandskap og er skarpt avgrensa av beitemark/eng i aust, sør og vest og skog i nordvest.

Naturtypar/påvirkning: Naturtypen er ei hagemark som er spredt tresatt med ask. Sjølve beitemarka er attgroande og tidlegare truleg gjødsla, slik at den biologisk sett er lite interessant. Feltsjiktet er dominert av hundegras og sølvbunke. I dag vert det beita med hest i lokaliteten, men beitetrykket er for lågt til å halde graset nede. I botnen av ravinen står ein askeallè med middelaldrande asketre som tidlegare har vore styva. Oppe i bakken, omlag 50 m nord for denne, står ei gruppe asketre attmed eit fuktdrag og i dette område blei det funne ein god forekomst av slakkstorr. Kryptogamfloraen på trea verka triviell, men dei kan ha potensial for uvanlege artar.

Artsmangfald: Forutan ask blei det registrert slakkstorr i området. Det ble ikkje funne interessante lav eller moser på trea, men dei kan ha potensial for slike artar.

Verdsetting: Lokaliteten er sett til viktig (B) da den omfattar fleire tidlegare styva asketre og inneheld ein uvanleg art som slakkstorr.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Beitetrykket i området er noko lågt og kan med fordel aukast. Askane bør skjerast attende.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Ask	22.06.2006
Slakkstorr	22.06.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

74 Litlafjellet

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 313, N: 241

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming:

Verdi: Viktig B


Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler:

Feltsjekk: 01.07.2000 (siste)

Naturtypebeskrivelse:



Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 14.05.2007, ut frå pers. meld. frå Reidar Leknes 13.10.2006 (basert på turer av ham opp gjennom åra, dato for siste sjekk er satt på grovt skjøn).

Lokalisering: Lokaliteten ligg sør for Tungesvikstranda, oppe på fjellet, på ryggen mellom Håfjellet og Prestafjellet. Avgrensinga er noko grov mot fattigare og mindre interessante vegetasjonstypar.

Naturtypar: Vegetasjonstypane er ikkje nærare undersøkt, men det er innslag av litt rikare typer her. Tydelegvis må det vere innslag av litt kalk.

Påvirkning: I det minste tidlegare så må området ha vore ein del beitepåverka.

Artsmangfald: Reidar Leknes (pers. meld.) har ikkje funne så mange artar her, men framhevar den gode førekomsten av raudlistearten brudespore (NT), som ikkje er vanleg i distriktet.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan lokaliteten har ein god førekomst av ein raudlisteart. Lokaliteten kan med fordel undersøkjast betre.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Noko ekstensivt beite er truleg positivt.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Brudespore

01.07.2000

Nær truet (NT)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

75 Middagsskard

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 322, N: 240

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming:


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Klimaendring &

Feltsjekk: 01.07.2000 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 14.05.2007, ut frå pers. meld. frå Reidar Leknes 13.10.2006 (basert på turer av ham opp gjennom åra, dato for siste sjekk er satt på grovt skjøn).

Lokalisering: Lokaliteten ligg sør for Tungesvikstranda, oppe på fjellet, på ryggen mellom Håfjellet og Prestafjellet. Avgrensinga er noko grov mot fattigare og mindre interessante vegetasjonstypar.

Naturtypar: Vegetasjonstypane er ikkje nærare undersøkt, men det er innslag av litt rikare typer her. Det er litt kvartsglimmerskifer i desse fjellstrøka, og nokre stader har denne innslag av meir baserike bergarter, noko som tydeleg er situasjonen her. Sannsynlegvis er det for det meste innslag av rike bergvegsmiljø, samt flekkmure-harerug-enger og kanskje reinroseheier.

Påvirkning: I det minste tidlegare så må området ha vore ein del beitepåverka.

Artsmangfald: Reidar Leknes (pers. meld.) har funne fleire noko kravfulle og mindre vanlege fjellplanter her, som reinrose, rukkevier, bergveronika, snøsildre, tuvesildre og fjellkvitkurle, samt marinøkkel (NT).

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan dette er ein av dei rikaste fjellplantelokalitetane så langt vest i distriktet. Funn av ein raudlisteart er med på å styrke grunngevinga.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Noko ekstensivt beite er truleg positivt.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 10 registreringer):

Marinøkkel	01.07.2000	Nær truet (NT)
Bergveronika	01.07.2000	
Fjellhvitkurle	01.07.2000	
Grønnburkne	01.07.2000	
Grønnkurle	01.07.2000	
Reinrose	01.07.2000	
Rynkevier	01.07.2000	
Rødsildre	01.07.2000	
Snøsildre	01.07.2000	
Tuesildre	01.07.2000	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

76 Håfjellet vest

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 326, N: 238

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming:


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Klimaendring &

Feltsjekk: 01.07.2000 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 14.05.2007, ut frå pers. meld. frå Reidar Leknes 13.10.2006 (basert på turer av ham opp gjennom åra, dato for siste sjekk er satt på grovt skjønn).

Lokalisering: Lokaliteten ligg sør for Tungesvikstranda, oppe på fjellet, rett på vestsida av Håfjellet. Avgrensinga er noko grov mot fattigare og mindre interessante vegetasjonstypar.

Naturtypar: Vegetasjonstypane er ikkje nærare undersøkt, men det er innslag av litt rikare typer her. Det er litt kvartsglimmerskifer i desse fjellstrøka, og nokre stader har denne innslag av meir baserike bergarter, noko som tydeleg er situasjonen her. Sannsynlegvis er det for det meste innslag av rike bergvegsmiljø, samt flekkmure-harerug-enger og kanskje reinroseheier.

Påvirkning: I det minste tidlegare så må området ha vore ein del beitepåverka.

Artsmangfald: Reidar Leknes (pers. meld.) har funne fleire noko kravfulle og mindre vanlege fjellplanter her, som reinrose, rukkevier, bergveronika, snøsildre og tuvesildre, samt marinøkkel (NT).

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan dette er ein av dei rikaste fjellplantelokalitetane så langt vest i distriktet. Funn av ein raudlisteart er med på å styrke grunngevinga.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Noko ekstensivt beite er truleg positivt.

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 8 registreringer):

Marinøkkel	01.07.2000	Nær truet (NT)
Bergveronika	01.07.2000	
Grønnburkne	01.07.2000	
Reinrose	01.07.2000	
Rynkevier	01.07.2000	
Rødsildre	01.07.2000	
Snøsildre	01.07.2000	
Tuesildre	01.07.2000	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

77 Hovlandsskuten

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 305, N: 225

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming:


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Klimaendring & Gjengroing

Feltsjekk: 01.07.2000 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 14.05.2007, ut frå pers. meld. frå Reidar Leknes 13.10.2006 (basert på turer av ham opp gjennom åra, dato for siste sjekk er satt på grovt skjønn).

Lokalisering: Lokaliteten ligg på toppen av fjellet mellom Åkrafjorden og Etnedalføret, på Hovlandsskuten søraust for Skånevik. Dels er det snakk om eit topp-parti og dels den nordvendte lisida. Avgrensinga er noko grov mot fattigare og mindre interessante vegetasjonstypar.

Naturtypar: Vegetasjonstypane er ikkje nærare undersøkt, men det er innslag av litt rikare typer her. Det er litt kvartsglimmerskifer i desse fjellstrøka, og nokre stader har denne innslag av meir baserike bergarter, noko som tydeleg er situasjonen her. Sannsynlegvis er det for det meste innslag av rike bergvegsmiljø, samt flekkmure-harerug-enger og kanskje reinroseheier.

Påvirkning: I det minste tidlegare så må området ha vore ein del beitepåverka.

Artsmangfald: Reidar Leknes (pers. meld.) har funne fleire noko kravfulle og mindre vanlege fjellplanter her, som reinrose, rukkevier, fjellbakkestjerne, fjellkvitkurle, snøsildre og tuvesildre, samt marinøkkel (NT) og dvergmispel.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan dette er ein av dei rikaste fjellplantelokalitetane så langt vest i distriktet. Funn av ein raudlisteart er med på å styrke grunngevinga.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Noko ekstensivt beite er truleg positivt.

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 13 registreringer):

Marinøkkel	01.07.2000	Nær truet (NT)
Dvergmispel	01.07.2000	
Fjellbakkestjerne	01.07.2000	
Fjellhvitkurle	01.07.2000	
Grønnburkne	01.07.2000	
Grønnekurle	01.07.2000	
Gulsildre	01.07.2000	
Reinrose	01.07.2000	
Rynkevier	01.07.2000	
Rødsildre	01.07.2000	
Snøsildre	01.07.2000	
Taggbregne	01.07.2000	
Tuesildre	01.07.2000	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

78 Tjellenuten

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 321, N: 229

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming:


Verdi: Lokalt viktig C

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Klimaendring & Gjengroing

Feltsjekk: 01.07.2000 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 14.05.2007, ut frå pers. meld. frå Reidar Leknes 13.10.2006 (basert på turer av ham opp gjennom åra, dato for siste sjekk er satt på grovt skjønn).

Lokalisering: Lokaliteten ligg oppe på fjellet mellom Åkrarfjorden og Etnedalføret, i skaret mellom Håfjellet og Hovlandsskuten. Avgrensinga er noko grov mot fattigare og mindre interessante vegetasjonstypar.

Naturtypar: Vegetasjonstypane er ikkje nærare undersøkt, men det er innslag av litt rikare typer her. Det er litt kvartsglimmerskifer i desse fjellstrøka, og nokre stader har denne innslag av meir baserike bergarter, noko som tydeleg er situasjonen her. Sannsynlegvis er det for det meste innslag av rike bergvegsmiljø, kanskje også litt rikare engsamfunn.

Påvirkning: I det minste tidlegare så må området ha vore ein del beitepåverka.

Artsmangfald: Reidar Leknes (pers. meld.) har funne einskilde kravfulle og mindre vanlege fjellplanter her, som reinrose, fjellbakkestjerne og raudsilre.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C), sidan det tydeleg er snakk om rik fjellvegetasjon, men utan funn av særleg mange eller spesielt sjeldsynte artar.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Noko ekstensivt beite er truleg positivt.

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 7 registreringer):

Fjellbakkestjerne	01.07.2000
Grønnburkne	01.07.2000
Lodnebregne	01.07.2000
Reinrose	01.07.2000
Rosenrot	01.07.2000
Rødsildre	01.07.2000
Taggbregne	01.07.2000


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

79 Hjelmervik

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2393, N: 2377

Naturtype: Naturbeitemark D04
Utforming:
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Gjødsling
Feltsjekk: 13.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 14.05.2007, ut frå eigen tur 13.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg rett sør for Hjelmervik, aust for Taraldsøy. Litt ovafor vegen og garden ligg det eit engstykke som tydeleg har vore rydda og pløyd, men som nå blir brukt som beitemark. Lokaliteten er skarpt avgrensa mot skog på tre kanter og ganske skarpt også mot mindre interessant engmark i vest.

Naturtypar/påvirkning: Også det avgrensa partiet har helst vore pløyd før, men nok for ein del år sidan, samtidig som det har motteke lite gjødsling. Mest truleg er det snakk om gulaks-engkveineng. Beitetrykket er ganske godt, med storfe.

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje særleg artsrik, men inneheld fleire typiske naturengplantar som tiriltunge, finnskjegg og kystmaure. I tillegg finst det sparsamt med beitemarkssopp. Tre artar vart funne, alle ganske vanlege artar.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C), sidan den er ganske liten, og det berre er funne nokre vanlege artar her. Det er likevel naturleg å rekne den som ei naturbeitemark av interesse. Verdien er mykje lågare enn t.d. beitemarka litt lenger vest (lok. 67 - Akstrand aust) og vil aldri kunne erstatte denne eller dei andre beitemarkene lenger vest.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er fortsatt godt beitetrykk, samtidig som enga ikkje vert gjødsla.

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 8 registreringer):

Finnskjegg	13.10.2006
Heiblåfjær	13.10.2006
Hårsveve	13.10.2006
Kornstarr	13.10.2006
Kystgrisøre	13.10.2006
Kystmaure	13.10.2006
Tepperot	13.10.2006
Tiriltunge	13.10.2006

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

80 Skånevik: Peparholmen

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2745, N: 2572

Naturtype: Parklandskap D13

Utforming: Parker D1302

Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Reg.plan - spes. omr. friluftsomr. (PBL § 25, 1. ledd nr 6)

Trusler:

Feltsjekk: 13.10.2006 (siste)

Naturtypebeskrivelse:



Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 14.05.2007, ut frå eigen tur 13.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg i Skånevik sentrum, og omfattar ein liten holme som er bunden til fastlandet med ei enkel bru. Lokaliteten er klart avgrensa av sjø på alle kanter.

Naturtypar/påvirkning: Lokaliteten er tydeleg ein populær plass for folk. Bakken er sterkt prega av tråkk, og det er satt opp eit par sittebenker. Vegetasjonstypar er vanskeleg å vurdere, men marka virkar mager (opprinneleg blåbærskog?). Det står ein del middelaldrande til eldre eiketre på holmen, samt nokre tre av svartor og bjørk. Spesielt grove, innhole eller gamle eiketre mangler.

Artsmangfald: På ei av eikene vart den sjeldsynte og truga korallkjuke funne (det er gjort få funn av arten tidlegare i Hordaland). Av mykorrhizasopp, så vaks det nokre svartkremler under eiketrea. Det er ikkje noko strandengflora av betydning her, berre så vidt strandkjeks vart funne.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan ein raudlisteart veks her. Potensialet for fleire raudlistearter er heller lågt, samtidig som lokaliteten er nokså liten, slik at nokon høgare verdi verkar ikkje rimeleg. Det er så vidt innslag av strandengvegetasjon med m.a. havstorr og skjørbuksurt på fastlandet innafor holmen, men såpass lite at det vanskeleg kan reknast som ein lokalitet.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er viktig å unngå fysiske inngrep i lokaliteten, samt halde på eit godt innslag av gamle eiketre.

Registreringer av andre arter på lokaliteten (totalt 1 registreringer):

Grifola frondosa

Korallkjuke

Sopp

Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

81 Skånevik - gammel eik ved Skånevik skule

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2764, N: 2545

Naturtype: Store gamle trær D12
Utforming: Gammelt tre D1204
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus:
Trusler: Nedbygging & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 13.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 14.05.2007, ut frå eigen tur 13.10.2006.

Lokalisering: Lokaliteten ligg midt i Skånevik sentrum, mellom vegen som går mot sør på vestsida av Miljaelva. Lokaliteten er naturleg nok skarpt avgrensa mot alle kanter.

Naturtypar/påvirkning: Det er snakk om ei grov, og tydeleg mange hundre år gammal eik.

Artsmangfald: Det vart funne svellekjuke på eika. Ellers er det tidlegare gjort eit par funn av oksetungesopp (NT) i Skånevik, og det kan ikkje utelukkast at arten veks på dette treet. Enda meir sannsynleg er at det var på dette treet Gunnar Degelius i si tid fanne den høgt raudlista arten smårosettlev. På etiketten står det: "Skånevik, vid skolan" og vidare "kvist av jätteek".

Verdsetting: Eika får under litt tvil verdi svært viktig (A), sidan den er uvanleg grov og gammal og truleg er levestad for fleire raudlisteartar.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er viktig å la treet få stå ganske åpent, samtidig som ein unngår å skade røter eller barken.

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

<i>Hyperphyscia adglutinata</i>	Smårosettlev	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Laetiporus sulphureus</i>	Svellekjuke	Sopp	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

82 Skånevik, Ytre Nes

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2822, N: 2647

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Alm-lindeskog F0105
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Nedbygging & Drenering/gjenfylling
Feltsjekk: 13.10.2006 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 15.05.2007, ut frå eigen tur 13.10.2006, samt opplysningar frå Reidar Leknes (pers. meld. same dag). Lokaliteten er også nemnt av Eldegaard (1996) (som "lokalitet 8: Ytre Nes/Skånevik"), men utan fleire opplysningar enn det som kjem fram her.

Lokalisering: Lokaliteten ligg like nordaust for Skånevik på innsida av halvøya ut mot Vannes. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot sjøen og ei lita kløft i sør, og det er også ganske skarp grense mot flatare og meir kulturpåverka mark på nordsida.

Naturtypar/påvirkning: Det er snakk om ein bratt sørvendt skrent med edellauvskog og nokre bergvegger. Vegetasjonen er uvanleg frodig og det er tydeleg nokså rik berggrunn og god brunjord her. Av viktige treslag er det særleg ask og lind, samt noko bergflette, hassel, eik og villapal. Nokre av trea er ganske grove, men virkelig gamle tre ser ut til å mangle. Det er planta nokre få grantre, men verre er det at platanlønna er på veg inn.

Artsmangfald: Forutan treslaga, så finst det fleire edellauvskogsartar i feltsjiktet. Reidar Leknes (pers. meld.) har funne m.a. vårmarihand, mykje skjelrot og ramslauk her. Eg fann bl.a. noko av meir trivielle artar som storfrytle og lundrapp. I tillegg var det ein del lundgrønnaks, samt i ein sørvendt skråning inst i bukta litt av den sjeldsynte raudlistearten bergfaks (einaste lokalitet i kommunen, men arten er tidlegare funne på nordsida av fjorden).

Verdsetting: Lokaliteten får under litt tvil verdi svært viktig (A), men sjølv om den er ganske liten og nokså kulturpåverka, så må dette vere noko av den best utvikla edellauvskogen i Etne. Funn av ein sjeldsynt og raudlista grasart er med på å styrker verdsettinga.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er nok stort sett å la skogen få stå i fred. Ikkje minst vil hogst av middelaldrandre og gamle edellauvtre vere, men også forsøpling og innføring av framande artar er aktuelle trugsmål.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

Bergfaks	13.10.2006	Nær truet (NT)
Hassel	13.10.2006	
Lind	13.10.2006	
Lundgrønnaks	13.10.2006	
Ramsløk	01.07.2000	
Vårmarihand	01.07.2000	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

83 Fjæra

Etne kommune, 1211
UTM: ED50 32VLM, Ø: 535, N: 406

Naturtype: Brakkvannsdelta G07

Utforming:

Verdi: Lokalt viktig C

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Nedbygging &

Feltsjekk: 16.07.1984 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 15.05.2007, ut frå Lundberg (1992):

Lokalisering: Lokaliteten ligg i botnen av Åkrafjorden, ved utløpet av Fjæraelva på Fjæra. Avgrensinga er truleg noko grov og teken ut frå kartet.

Naturtypar/påvirkning/arts mangfald: Lundberg (1992) skriv følgjande om lokaliteten: "I botnen av Åkrafjorden finst små strandengfragment med eit svakt halofilt preg. Fjøresivaks-samf. (*Eleocharietum uniglumis*) er den mest vanlege strandengvegetasjonen under slike tilhøve, og slik er det også her. Eit interessant fenomen er førekomsten av ein spesiell variant av saltsiv-samf. (*Juncetum gerardii*). Saltsiv er til vanleg dominerande i dette samfunnet, mer her dekkjer det mindre enn 6% av prøveflata, mens raudsvingel (*Festuca rubra*) er dominerande. Artsinventaret er elles omlag det det pleier å vere i dette samfunnet. Nærleiken til veg og bygningar gjer at det dessverre ikkje er funne noko område som høver for vern."

Verdsetting: Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C), sidan Lundberg (1992) ikkje har funne kvalitetar som tilseier nokon høgare verdi, og sjølv vurderer den som uaktuell for vern. Brakkvassdelta og strandengfragment er uansett såpass sjeldsynte i distriktet at alle førekomster er verdt å registrere og ta vare på.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er viktig å unngå utfylling eller nedbygging av restane av strandengvegetasjonen og tilhøyrande gruntvassområde.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Fjæresivaks	16.07.1984
Saltsiv	16.07.1984

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

84 Holmavatnet-Kattatjørna

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 300, N: 120

Naturtype: Kystmyr A08
Utforming: Velutviklet terrengdekkende myr A0801
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Nedbygging & Drenering/gjenfylling
Feltsjekk: 07.07.1978 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 15.05.2007, ut frå Fylkesmannen i Hordaland (1980) og Kofoed (1979):

Lokalisering: Lokaliteten ligg i Sørfjellet ikkje langt frå grensa mot Vindafjord, lengst sør i Etne kommune. Samanlikna med grensene som Fylkesmannen og Kofoed (1979) satte på området, er dei noko innsnevra her, for å få ut areal med låg myrdekning. Dette er basert berre på kart i målestokk 1:50 000, og difor ganske unøyaktig. Fylkesmannen brukte namnet "Forvatn-Høylandstoska" på området, men ein har her valt å bruke meir lokale stadnamn. Det låg i gamle Naturbase under dette namnet, og med nummer 121100200.

Naturtypar/påvirkning/arts mangfald: Fylkesmannen i Hordaland (1980) skriv m.a. dette om området: "I området er det store myrlandskapet der myrane dekkjer meir enn 50% av arealet. Mest vanleg er bakkemyrar med helling frå 3-12o med 20o som det mest ekstreme. I dalbotnane er det flatmyrar og på åsane terrengdekkjande myr, ofte med tydeleg erosjon. Overgangar mellom terrengdekkjande myr og bakkemyr er vanlege. Utanom mindre areal med rikmyr i nord i området er vegetasjonen på jordvassmyrane fattig." Kofoed (1979) har registrert ulike artar her, m.a. rikmyrsplanter som breiull og gulstorr, samt intermediære mjukmattearter som myrkråkefot og blystorr. Av nordlege artar finst m.a. dvergbjørk. Han anslår andelen fattigmyr til å vere 90% av myrarealet, samt skriv at rikmyr berre vart funne ved Fossastøl (på vestsida av Holmavatnet). I tillegg finst nedbørsmyr flekkvis, hovudsakleg som tuvevegetasjon. Mjukmattemyr er ganske sjeldsynt. Når det gjeld inngrep så skriv Kofoed (1979) at det er samarbeitanlegg og bilveg ved Fossastøl, samt traktorveg mellom Fossastøl og Holmavatnet og djupe traktorspor fleire stader. Han nemner også at det er spreidd med hytter og setre, og at området vert beita av husdyr.

Verdsetting: Fylkesmannen i Hordaland (1980) skriv at "myrlandskapet ved Forevatnet-Høylandstoska inneheld store og velutvikla myrar av ulike typar med høg verneverdi", og i EDNA fekk området nasjonal verdi. Det er litt vanskeleg å setje verdi her, men sidan det skal vere ein del terrengdekkjande myr her, og intakte slike førekomster skal ha verdien svært viktig (A), må det vere riktig å gje området slik verdi. Området bør undersøkjast betre, og det verkar sannsynleg at ein noko meir differensiert verdsetting da er aktuell.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for slike myrområde er å unngå tekniske inngrep som veger, hytter m.v., samt at det ikkje vert tilplanta med skog eller kjøreskader i terrenget. Eit ekstensivt beite er truleg stort sett positivt.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteten (totalt 7 registreringer):

Bjørnebrodd	07.07.1978
Blystarr	07.07.1978
Bredmyrull	07.07.1978

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

84 Holmavatnet-Kattatjørna

Dvergbjørk	07.07.1978
Gulstarr	07.07.1978
Myrkråkefot	07.07.1978
Snipestarr	07.07.1978

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 4 registreringer):

<i>Sphagnum fuscum</i>	Rusttorvmose	Bladmoser
<i>Sphagnum lindbergii</i>	Bjørnetorvmose	Bladmoser
<i>Sphagnum strictum</i>	Heitorvmose	Bladmoser
<i>Sphagnum austinii</i>	Kysttorvmose	Bladmoser

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

85 Rullestad

Etne kommune, 1211

UTM: ED50 32VLM, Ø: 560, N: 407

Naturtype: Høstingsskog D18

Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Reg.plan - spes. omr. naturvern (PBL § 25, 1. ledd nr 6)

Trusler:

Feltsjekk: (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 28.05.2007, ut frå Hansen (udatert):

Lokalisering: Lokaliteten ligg inntil Smielva, på nordsida av Rullestadvatnet. Lokaliteten er ganske skarpt avgrensa mot kulturmarka. Det er regulert som spesialområde vern i reguleringsplanen for Halvfjordingen (rasteplass).

Naturtypar/påvirkning/arts mangfald: Hansen (udatert) skriv at det “mellom gardstunet og Rullestadvatnet, ved Smielva, finnes en gruppe på cirka 30 styvete trær (ask, alm og eik), som fortsatt blir skjøttet på tradisjonell måte. Denne gruppen velstelte styvingstrær er godt synlig fra E 134.”

Verdsetting: I EDNA har området fått lokal verdi. Manglande undersøkingar av m.a. vedlevande lav og moser gjør verdsettinga noko usikker, men intakte slike ansamlingar av edellauvtre som fortsatt blir styva på tradisjonell måte skal minst ha verdi viktig (B). Lokaliteten burde ha vore betre undersøkt.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er viktig å halde fram med den tradisjonelle skjøtselen.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

86 Sævareidberget landskapsvernområde

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 388, N: 290

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Landskapsvernomr. (N.lov §5)
Trusler: Opphør av landbruksdrift & Masseuttak/utfylling
Feltsjekk: 20.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 29.05.2007, ut frå ein rad litteraturkjelder.

Historikk: Sævareidberget er ein av dei mest kjente edellauvskogane i Hordaland. Korsmo (1975) var kanskje den fyrste botanikaren som var her i 1974 (han kalla området for "Kyrkjehelle"). På grunnlag av dei registreringane vart området tilrådd verna av Fylkesmannen i Hordaland (1980b) og vernet vart stadfesta i 1984. Sidan vart det utarbeida skjøtselsplaner for området (Losvik 1990, Moe 1992), som dels har vorte fylgt opp med overvaking (Moe 1995) og aktiv skjøtsel med styving m.v. (jfr. Eldegard 1996). Området fekk auka oppmerksomd ut på 1990-talet, da ein vart klar over at det hadde noko av den mest velutvikla førekomsten av oseaniske lav knytt til gamle styvingstre, sjå t.d. Tønberg et al. (1996) og NorskLavDatabase. Som ein følgje av dette har det vore ei rad fagfolk med særleg interesse for lav som har vitja området dei siste 15 åra.

Lokalisering: Sævareidberget ligg på austsida av Åkrafjorden litt nord for Kyrping og Sævareid. Her er avgrensinga av verneområdet brukt som grense for lokaliteten, men verdifull edellauvskog/haustingsskog finst også på utsida av verneområdet (sjå lok 87 - Vidjehaugen).

Naturtypar: Fylkesmannen i Hordaland (1980b) skriv at det er to typer almeskog som dominerar, samt at det er gråor-heggeskog i søkka. Ut frå tresjikt og feltsjikt, så er det truleg mykje kulturprega or-askeskog i lia, men helst mer overgang mot alm-lindeskog på betre drenerte parti (grunnlendte berg, rasmark). Etter ein lengre periode med manglande styving og berre noko beiting, vart styvinga teken opp att på 1990-talet, og området er no delvis intakt som haustingsskog. Eldegaard (1996) skriv at det samla er snakk om ca 900 alm- og askestuvar.

Påverknad: Området vert beita ein del av sau og mykje av feltsjiktet er dominert av beitetolerante gras og urter, og det har ofte eit ganske nitrofilt preg (som følgje av god jord m.v., ikkje gjødsling). Eldegaard (1996) skriv over 200 styvingstre vart restaurert på 1990-talet.

Artsmangfald: I tresjiktet veks det kanskje mest gråor og ask, men også noko lind, alm og hegg. Det finst også så vidt eik i nedre delar, samt innslag av m.a. rogn og osp. Av meir kravfulle edellauvskogsplanter veks det her junkerbregne, lundgrønaks og falkbregne. I tillegg er det ein del engplantar, men få naturengplantar. Størst interesse har lavfloraen på dei gamle styvingstrea, særleg askestuvane. På desse veks noko av den rikaste lungenever-floraen som er kjent på Vestlandet, der det forutan mange av dei vanlege artane, også er funne fleire av dei mest sjeldsynte, som irsk hannelav (EN), prakthannelav (EN), kornfiltlav (EN), kranshannelav (VU), skorpefiltlav (VU), kastanjefiltlav (VU), samt andre lavartar knytt til gamal lauvskog som praktlav (VU), skoddelav (VU), Thelopsis rubella (VU), Gyalecta flotowii (VU) og almelav (NT).

Verdsetting: Lokaliteten har ein sjølvstekt verdi som svært viktig (A), både ut frå førekomsten av høgt raudlista artar og dei mange gamle og grove styvingstrea.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Her vert det berre vist til utarbeida skjøtselsplan for området (Moe 1992). Det er viktig å vere klar over at dei største biologiske verdiane som er dokumentert for området er den gode førekomsten av

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

86 Sævareidberget landskapsvernområde

svært sjeldsynte og høgt raudlista fuktkevjande oseaniske lavartar (regnskogslav) som veks på dei gamle styvingstrea, særleg ask. Noko av skjøtselen som har vore utført kan ha vore litt for hard både for trea og lavartane (ein del gamle styvingstre er daude), noko ein bør vere varsam med, slik at dette ikkje skjer i særleg grad i framtida.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 7 registreringer):

Alm	09.07.1974	Nær truet (NT)
Ask	09.07.1974	
Falkbregne	09.07.1974	
Junkerbregne	09.07.1974	
Lind	09.07.1974	
Lundgrønnaks	09.07.1974	
Ramsløk	09.07.1974	

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 12 registreringer):

<i>Cetrelia olivetorum</i>	Praktlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Fuscopannaria sampaiana</i>	Kastanjelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium cochleatum</i>		Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Leptogium hibernicum</i>	Irsk hannelav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Leptogium burgessii</i>	Kranshannelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav	
<i>Menegazzia terebrata</i>	Skoddelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Parmeliella testacea</i>	Kornfiltlav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Chaenotheca brachypoda</i>	Dverggullnål	Skorpelav	
<i>Gyalecta flotowii</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)
<i>Gyalecta ulmi</i>		Skorpelav	Nær truet (NT)
<i>Thelopsis rubella</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

87 Vidjehaugen, Gamle Åkrafjordvegen

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 392, N: 290

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Opphør av landbruksdrift &
Feltsjekk: 20.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 31.05.2007, ut frå herbariebelegg og eigen tur til området i 1995 og 2004.

Lokalisering: Vidjehaugen ligg på oversida va den gamle, nedlagte delen av E134 på austsida av Åkrafjorden, rett ovafor Sævareidberget landskapsvernområde. Lokaliteten grenser skarpt mot gamlevegen og landskapsvernområdet i vest, medan det er gradvis og diffus grense mot fattigare og mindre varmekjær skog i overkant mot aust. Grenser mot nord og sør er svært usikre og truleg burde området utvidast i høve til det som er lagt inn no.

Naturtypar: Vegetasjonstypar er ikkje nærare undersøkt, men det er snakk om noko av den same typen som i landskapsvernområdet, d.v.s. mykje fuktig orerik skog, dels som gråor-heggeskog og dels or-askeskog. I tillegg kjem det nok inn litt fattigare og mindre varmekjær skog opp etter lia. Skogen er fortsatt såpass prega av tidlegare styvinga av edellauvtrea at naturtype "haustingsskog" er nytta (alternativet hadde vore gamal lauvskog eller gamal edellauvskog).

Påverknad: Området vert beita ein del av sau og mykje av feltsjiktet er dominert av beitetolerante gras og urter, og det har ofte eit noko nitrofilt preg (som følgje av god jord m.v., ikkje gjødsling). I motstykkje til landskapsvernområdet har ikkje styvinga vorte teken opp att i dette området i nyare tid.

Artsmangfald: Innslaget av varmekjære treslag er mindre her enn lengre ned i lia, men også her står det ein del ask og alm. Det er likevel mest gråor og bjørk her, samt andre boreale treslag som m.a. rogn. Feltsjiktet er dårleg kjent, men m.a. junkerbregne veks her. Størst interesse har lavfloraen på dei gamle styvingstrea, særleg askestuvane. Lungenever-floraen er nesten like rik som i landskapsvernområdet, med artar som kornfiltlav (EN), kranshinnelav (VU), skorpefiltlav (VU), samt andre lavartar knytt til gamal lauvskog som praktlav (VU), skoddelav (VU), bleik kraterlav (VU) og bleikdoggnål (NT). Også eit par litt kravfulle og dels raudlista artar knytt til gamle tre er funne her, m.a. narrepiggsopp (NT).

Verdsetting: Lokaliteten har ein sjølvstøtt verdi som svært viktig (A), både ut frå førekomsten av høgt raudlista artar og mange gamle og grove styvingstrea. Den bør inventerast betre, både for å få betre oversikt over artsmangfaldet, og for å få avklart grensene betre.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Fortsatt beite er ønskeleg. I tillegg bør styvinga takast opp att på nokre av dei gamle askestuvane. Litt forsiktig hogst av m.a. gråor og bjørk kan vere ein fordel for å få eit halvope preg med ein del varmekjære treslag, men da bør det vere unge og middelaldrande tre som vert hogd, ikkje store og gamle tre.

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

Ask	20.05.2004
Junkerbregne	20.05.2004

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 10 registreringer):

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

87 Vidjehaugen, Gamle Åkrafjordvegen

<i>Cetrelia olivetorum</i>	Praktlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Fuscopannaria mediterranea</i>	Olivenlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium burgessii</i>	Kranshinnelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Menegazzia terebrata</i>	Skoddelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Parmeliella testacea</i>	Kornfiltlav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Gyalecta flotowii</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)
<i>Sclerophora nivea</i>	Bleikdoggnål	Skorpelav	Nær truet (NT)
<i>Ceriporiopsis aneirina</i>	Ospekjuke	Sopp	
<i>Kavinia himantia</i>	Narrepiggsopp	Sopp	Nær truet (NT)

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

88 Storatåna-Perahaugen, Gamle Åkrafjordvegen

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 396, N: 306

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Opphør av landbruksdrift &
Feltsjekk: 20.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 31.05.2007, ut frå herbariebelegg og egne observasjonar på avstand i 2004.

Lokalisering: Lokaliteten ligg langs den gamle, nedlagte delen av E134 på austsida av Åkrafjorden, nord for Sævareidberget landskapsvernområde. Lokaliteten har svært usikre grenser mot alle kantar og burde absolutt ha vore kartlagt meir grundig.

Naturtypar: Vegetasjonstypar er ikkje nærare undersøkt, men truleg er det snakk om noko av den same typen som i landskapsvernområdet, d.v.s. mykje fuktig orerik skog, dels som gråor-heggeskog og dels or-askeskog. Helst finst det også noko alm-lindeskog her. Det finst ein god del gamle og grove, tidlegare styva edellauvtre, difor er naturtypen "haustingsskog" nytta, sjølv om det nok også er viktige element knytt til rik edellauvskog her m.a. Det er også noko rasmark og bergveggjar i området.

Påverknad: Området vert beita ein del av sau og delar av feltsjiktet er dominert av beitetolerante gras og urter. I motstykkje til landskapsvernområdet har ikkje styvinga vorte teken opp att i dette området i nyare tid.

Artsmangfald: Det veks ein del varmekjære treslag her, som alm, ask og lind. I tillegg er det ein del boreale lauvtreslag Feltsjiktet er dårleg kjent. Størst interesse har lavfloraen på dei gamle styvingstrea, særleg askestuvane. Lungenever-floraen er nesten like rik som i landskapsvernområdet, med artar som irsk hannelav (EN), kranshannelav (VU), kastanjefiltlav (VU), samt andre lavartar knytt til gamal edellauvskog som *Opegrapha vermicellifera* (VU) og hasselrurlav (NT).

Verdsetting: Lokaliteten har ein sjølvstøtt verdi som svært viktig (A), både ut frå førekomen av høgt raudlista artar og mange gamle og grove styvingstrea. Den bør inventerast betre, både for å få betre oversikt over artsmangfaldet, og for å få avklart grensene betre.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Fortsatt beite er ønskeleg. I tillegg bør styvinga takast opp att på nokre av dei gamle askestuvane. Litt forsiktig hogst av m.a. gråor og bjørk kan vere ein fordel for å få eit halvope preg med ein del varmekjære treslag, men da bør det vere unge og middelaldrande tre som vert hogd, ikkje store og gamle tre.

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 7 registreringer):

<i>Fuscopannaria sampaiana</i>	Kastanjelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium hibernicum</i>	Irsk hannelav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Leptogium burgessii</i>	Kranshannelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium corniculatum</i>	Kysthannelav	Busk- og bladlav	
<i>Enterographa zonata</i>		Skorpelav	
<i>Opegrapha vermicellifera</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)
<i>Thelotrema suecicum</i>		Skorpelav	Nær truet (NT)

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

89 Mikjelsæter, Gamle Åkrafjordvegen

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 384, N: 278

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Or-askehog F0107
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift & Opphør av landbruksdrift
Feltsjekk: 09.07.1974 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.06.2007, ut frå Korsmo (1975).

Lokalisering: Lokaliteten ligg langs den gamle, nedlagte delen av E134 på austsida av Åkrafjorden, mellom Sævareidberget landskapsvernområde og Kyrping. Lokaliteten har litt usikre grenser, men i vest dannar sjøen grense, i aust gamle E134, og Korsmo (1975) skriv at det er anna lauvskog (helst med mindre varmekjært preg) og rasmark i nord og sør.

Naturtypar: Korsmo (1975) skriv at det hovudsakleg er ein gråor-heggeskog og frisk almeskog, som kanskje kan reknast som ein or-askeskog. Det er innslag av tidlegare styva alm- og asketre her, men det kan sjå ut til at styvinga er såpass gammal at rik edellauvskog no er ein betre eining enn "haustingsskog" her.

Påverknad: Området vert beita ein del av sau og delar av feltsjiktet er dominert av beitetolerante gras og urter. **Artsmangfald:** Korsmo (1975) skriv at feltsjiktet er dominert av ask, med innslag av alm, osp og litt dunbjørk, samt i fuktige drag mest gråor. I feltsjiktet er det mykje gras, men også ein del bregner, inkludert varmekjære artar som falkbregne og junkerbregne, samt springfrø.

Verdsetting: Verdien er noko usikker, m.a. fordi lavfloraen ikkje er undersøkt her, og fordi området berre vart studert litt på avstand under eige feltarbeid i 2006 (området verka da ganske intakt). Det er likevel heilt klart eit verdfullt område med innslag av gamle styvingstre og rike edellauvskog. Verdien vert her sett til viktig (B), sidan ein manglar grunnlag for høgare verdi, men det er fullt mogeleg at betre undersøkingar fører til at verdian vert høgare.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Fortsatt beite er ønskjeleg. I tillegg bør styvinga takast opp att på nokre av dei gamle aske- og alimestuvane. Litt forsiktig hogst av m.a. gråor og bjørk kan vere ein fordel for å få eit halvope preg med ein del varmekjære treslag, men da bør det vere unge og middelaldrande tre som vert hogd, ikkje store og gamle tre.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

Alm	09.07.1974	Nær truet (NT)
Ask	09.07.1974	
Falkbregne	09.07.1974	
Junkerbregne	09.07.1974	
Springfrø	09.07.1974	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

90 Tungesvikstranda

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 298, N: 258

Naturtype: Høstingsskog D18
Utforming: Varmekrevende, frisk, næringsrik høstingsskog med styvingstrær av edellauvtrær (alm, ask, lind) D1801
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 25.06.2005 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 01.06.2007, ut frå herbariebelegg, Tønsberg (1994) og egne observasjonar m.a. 21.05.2004. Det pågår eit forskingsprosjekt (Master Scient-oppgåve) i området, med studier av utbreiinga av og moser på dei gamle styvingstrea (Trude Myhre pers. meld.), men resultatane frå dette arbeidet føreligg ikkje enno.

Lokalisering: Lokaliteten ligg på Tungesvikstranda aust for Skånevik, på oversida av riksveg 48 i ei nordaustvendt li. Lokaliteten er ganske klart avgrensa mot vegen i nedkant (det kan kanskje også stå nokre gamle styvingstre av interesse også på nedsida), mot ein oreskog (dels uthogd) i aust, samt diffust mot fattigare skog mot sør og skog med truleg mindre styvingstre i vest.

Naturtypar: Vegetasjonstypar er ikkje så godt undersøkt, men truleg er det ein del kulturprega, frisk or-askeskog her. I tillegg kjem restar av gamle einerbakkar og fattigare skog. Av særskilt interesse er jamnt innslag av gamle og grove styvingstre av ask, samt meir sparsamt av alm og lind.

Påverknad: Området har vore utnytta ganske omfattande tidlegare, men har i stor grad fått gro att i nyare tid. Det står nå mykje middelaldrande til eldre oreskog her, men dei gamle styvingstrea spreidd inne blant ora. I austre del har det dei siste åra vorte hogd ned det meste av oreskogen, samt at styvinga har vorte teken opp att for dei gamle asketrea (nokre av desse er nå daude).

Artsmangfald: Karplantefloraen er ikkje så godt undersøkt, og det er ikkje kjent interessante artar i feltsjiktet. Derimot er lavfloraen på dei gamle styvingstrea av ask svært rik og har etter kvart vorte internasjonalt kjent. Av interessante og raudlista artar kan nemnast irsk hannelav (EN), kranshannelav (VU), prakthannelav (EN), kastanjefiltlav (VU), skorpefiltlav (VU), samt fleire svært sjeldsynte skorpelav knytt til gamal edellauvskog som *Rinodina isidioides* (CR), *Gomphillus calycioides* (CR), *Megalospora pachycarpa* (EN), *Opegrapha vermillicifera* (VU), *Gyalecta flotowii* (VU), *Thelopsis rubella* (VU) og gul pærelav (NT).

Verdsetting: Lokaliteten har ein sjølvstekt verdi som svært viktig (A), både ut frå førekomen av høgt raudlista artar og mange gamle og grove styvingstrea. Den bør inventerast betre, både for å få ein meir fullstendig oversikt over artsmangfaldet, og for å få avklart grensene betre.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er viktig å styve ein del av dei gamle askestuvane (og eventuelt også nokre tre av alm og lind), men på ein måte som ikkje fører til at dei vert for sterkt svekka og stryk med. Trea bør stå i eit halvope landskap, der det korkje er for tett med anna skog rundt dei, eller for ope. Det bør undersøkjast betre om noko av styvinga og ryddinga som har vore gjort på 2000-talet i austre del av lokaliteten har vore godt utført eller til skade for trea og dei særprega lavsamfunna på dei. Det er gitt løyve til flytting av ei kraftlinje som kan skade attverande styvingstre om det ikkje vert teke omsyn (m.a.o. at slike tre ikkje vert hogde, berre skånsomt fristilt).

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanteregistreringer på lokaliteten (totalt 3 registreringer):

Alm

02.04.1994

Nær treot (NT)

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

90 Tungesvikstranda

Art	Dato	Utskrift
Ask	02.04.1994	
Lind	02.04.1994	

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 14 registreringer):

<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	Skorpefiltlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Fuscopannaria sampaiana</i>	Kastanjelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium cochleatum</i>		Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Leptogium hibernicum</i>	Irsk hannelav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Leptogium burgessii</i>	Kranshannelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	Busk- og bladlav	
<i>Gomphillus calycioides</i>		Skorpelav	Kritisk truet (CR)
<i>Gyalecta flotowii</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)
<i>Gyalideopsis muscicola</i>		Skorpelav	
<i>Megalospora pachycarpa</i>		Skorpelav	Sterkt truet (EN)
<i>Opegrapha vermicellifera</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)
<i>Pyrenula occidentalis</i>	Gul pærelav	Skorpelav	Nær truet (NT)
<i>Rinodina isidioides</i>		Skorpelav	Kritisk truet (CR)
<i>Thelopsis rubella</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

91 Eljarvik

Etne kommune, 1211
UTM: ED50 32VLM, Ø: 523, N: 387

Naturtype: Rik edellauvskog F01
Utforming: Alm-lindskog F0105
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler:
Feltsjekk: 19.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 02.06.2007, ut frå Korsmo (1975), Eldegaard (1996) og egne observasjonar 19.05.2004 (saman med andre som var med på turen til Siste Sjanse).

Lokalisering: Lokaliteten ligg i indre delar av Åkrafjorden, i den bratte vestvendte lia nær garden Eljarvik. Lokaliteten er dårleg avgrensa til alle kanter.

Naturtypar: Korsmo (1975) skildrar dette som ein alm-lindskog og almeskog, samt med noko ur. Eigne (GGa) observasjonar tilseier mykje av det same, men det er også ein del fattigare lauvskog her (dels skredpåverka).

Påverknad: Området har sikkert vore ein god del påverka tidlegare, med hogst, beite m.v. Når står det middelaldrande til gammal lauvskog her, der det er innslag av noko daudt trevirke hist og her.

Artsmangfald: Viktige varmekjære treslag er ask og lind. I tillegg er det ein god del boreale treslag, som gråor og bjørk. I feltsjiktet er det i følgje Korsmo (1975) stadvis mykje hengeaks og myske, samt innslag av m.a. trollurt, brunrot, skogvikke og skogsvingel. Under befaringa i 2004 vart det lett noko etter lav på trea, men berre nokre få og vanlege arter i lungenever-samfunnet vart funne.

Verdsetting: Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det tross alt er innslag av edellauvskog her, men det er fråver av funn av spesielt sjeldsynte eller raudlista artar. Lokaliteten er dårleg undersøkt og avgrensa, og bør difor sjekkast betre.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er truleg å la skogen stort sett få stå i fred. Ekstensivt beite er positivt.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

Ask	08.07.1974
Brunrot	08.07.1974
Lind	08.07.1974
Skogsvingel	08.07.1974
Skogvikke	08.07.1974
Trollurt	08.07.1974

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

92 Langebudalen naturreservat

Etne kommune, 1211

UTM: ED50 32VLM, Ø: 584, N: 434

Naturtype: Annen viktig forekomst H00

Utforming:


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Naturreservat (N.lov §8)

Trusler: Ingen kjente &

Feltsjekk: 26.06.1991 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 09.06.2007, ut frå Lindmo m.fl. (1991):

Lokaliteten ligg i øvre del av Langebudalen på Skromme, mellom ca 600 og 640 m o.h. og er verna som naturreservat (grensa for verneområdet er her nytta). Det er snakk om ein uvanleg høgtliggende førekomst av barlind som ligg heilt opp mot skoggrensa. Lindmo m.fl. (1991) skriv at barlinda her “danner lavvokstte kliner over et ca. 5 daa stort areal i dalens Ø-side. Den høyeste levende stammen er 2.6 m, men flertallet er under 2,1 m høye.” De skriv vidare m.a. at det er både hann- og hunnplanter her, og at barlinda ikkje ber preg av skader frå hjortebeite. Øvrig artsmangfald verkar ganske triviell ut frå deira skildring, med eit tydeleg oseanisk preg på floraen. M.a. veks det søterot her, ein art som er sjeldsynt lenger aust og som er satt opp på den siste raudlista som nær truga.

Lokaliteten let seg ikkje plassere i nokre av dei normale naturtypene, men det er likevel snakk om eit verdifullt miljø. Verdsettinga er vanskeleg, utan ein fastlagt metodikk. Her er lokaliteten ut frå skjønn gitt verdi viktig (B), ikkje minst fordi barlind er raudlista som sårbar (og også søterot er raudlista), men det kan ikkje heilt utelukkast at verdien skulle vore enda høgare. Lindmo m.fl. (1991) skriv om verdien at den er “verneverdig i regional målestokk som den innerste i distriktet og er i lokal sammenheng et interessant innslag i en ellers artsfattig flora. I vidare perspektiv har forekomsten interesse som den nest høystliggende bestand av arten som er kjent i Norge, og såvidt vi vet er dette det eneste sted barlind tregner opp i subalpin sone, og derved er utsatt for helt andre økologiske belastninger enn ellers. Det faktum at begge kjønn forekommer i en så ekstrem utkant-nisje i artens totalareal er av stor interesse, da det her vil kunne skje lokal seleksjon og tilpasning til subalpine forhold. Tilsammen vurderes forekomsten som særdeles verneverdig.”

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Ein må forvente at vernereglane i naudsynt grad sikrar naturverdiane.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 3 registreringer):

Barlind	25.06.1991	Sårbar (VU)
Søterot	25.06.1991	Nær truet (NT)
Kystmaure	25.06.1991	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

93 Dalatjørna - Vatndal

Etne kommune, 1211

UTM: ED50 32VLM, Ø: 357, N: 247

Naturtype: Naturlig fisketomme innsjøer og tjern
E10

Utforming:

Verdi: Svært viktig A

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Forurensing &

Feltsjekk: 01.06.1995 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 09.06.2007, ut frå Eldegaard (1996), som igjen har si omtale ut frå Dolmen (1995a, b):

Lokaliteten ligg i fjellpasset mellom Håland/Stordalen og Vatndal/Åkrafjorden, og omfatter eit tjønn med omliggande myrareal.

Eldegaard (1996) skriv følgjande om lokaliteten: “Eneste kjente lokalitet i kommunen der den truede arten stor salamander finnes. Dalatjørna vurderes som en svært god salamanderlokalitet, og likner på de beste lokalitetene for stor salamander som finnes i Norge. Det er derfor muligheter for å få en sterk bestand. Lokaliteten ligger langt fra andre kjente lokaliteter for stor salamander. Det ble si sin tid dessverre satt ut fisk i tjernet, men fisken døde visstnok ut. For å ta vare på tjernet som levested for salamandere, er det svært viktig å bevare tjernet fisketomt.”

Lokaliteten får her verdi som svært viktig (A), sidan det er eit relativt stort, truleg fisketomt tjønn, som i tillegg er levested for ein regionalt svært sjeldsynt og både nasjonalt og internasjonalt sett truga art. Lokaliteten av avgrensa ut frå kart (yttergrense for ferskvann og myr er følgt).

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det er svært viktig at det ikkje vert sett ut fisk her. I tillegg må ein unngå t.d. ureining og fysiske inngrep i og inntil tjønna.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Registreringer av viltarter på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Stor salamander

01.06.1995

Sårbar (VU)


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

94 Langfoss

Etne kommune, 1211
UTM: ED50 32VLM, Ø: 511, N: 374

Naturtype: Fossesprøytzone E05
Utforming: Moserik utforming E0501
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Varig vernet vassdrag
Trusler:
Feltsjekk: 19.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.06.2007, hovudsakleg ut frå Odland et al. (1985), men også Eldegaard (1996) og egne observasjonar m.a. 19.05.2004.

Lokaliteten ligg like ved E134 inst i Åkrafjorden på eigedomen til garden Eljarvik. Odland et. al (1985) har ingen lang omtale av utsjøandet eller karplantefloraen ved fossen. Eldegaard (1996) skriv at fossen dannar ei stor fossesprutsone, og at det meste av den bratte fjellsida er utan vegetasjon, og berre langs dei nedste 50 metrane finst det innslag av furuskog, gras- og lynghei og berghyller med ein frodig mosevegetasjon. Ut frå egne observasjonar er truleg karplantefloraen triviell og det er helst også lite lav av interesse å finne her. Odland et al. (1985) har derimot undersøkt mosefloraen grundig og funne eit relativt høgt tal fuktkevjangde og oseaniske artar. Dette omfattar m.a. artar som gullhårmose, grannkrekemose, prakttvibladmose, kysttvibladmose, trøssåtmose, glanssåtmose, raspljåmose og bergljåmose. Fleire av artane veks her på eller nær si austgrense i regionen, og nokre av dei er ganske sjeldsynte.

Dette er truleg den mest velutvikla fossesprutsone som er kjent frå Etne og ei av dei beste også i regionen. Sjølv om ingen raudlisteartar så langt er funne her, tilseier dette ein høg verdi, og sidan dette er blant dei best utvikla og største i regionen vert verdien her sett til svært viktig (A). Lokaliteten er dels avgrensa ut fra egne observasjonar, men også i stor grad Eldegaard (1996) sin omtale.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Langfoss er del av eit varig verna vassdrag og truleg eit så kjent og viktig landemerke og attraksjon at lokaliteten er lite truga av negative inngrep. Det er likevel viktig å huske at naturverdiane her er heilt avhengig av den høge og jamne vassføringa. I tillegg må ein sjølvsagt unngå direkte fysiske inngrep i og inntil fossen og fosseengene nedanfor.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 9 registreringer):

<i>Breutelia chrysocoma</i>	Gullhårmose	Bladmoser
<i>Campylopus atrovirens</i>	Pelssåtemose	Bladmoser
<i>Campylopus flexuosus</i>	Trøssåtemose	Bladmoser
<i>Campylopus schwarzii</i>	Glanssåtemose	Bladmoser
<i>Dicranodontium asperulum</i>	Raspljåmose	Bladmoser
<i>Dicranodontium uncinatum</i>	Bergljåmose	Bladmoser
<i>Lepidozia pearsonii</i>	Grannkrekemose	Levermoser
<i>Scapania gracilis</i>	Kysttvibladmose	Levermoser
<i>Scapania ornithopodioides</i>	Prakttvibladmose	Levermoser

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

95 Flåteskar

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 402, N: 218

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming: Bergknaus og rasmare C0104


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Klimaendring &

Feltsjekk: 31.07.1984 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.06.2007, hovudsakleg ut frå Odland et al. (1985).

Lokaliteten ligg i fjellskaret sør for garden Flåte i Stordalen. Odland et. al (1985) skriv at bergrunnen er av fyllitt, noko som kan gi grunnlag for ein relativt rik flora. Dalbotna er for det meste dekket av steinblokker, med sterkt beita grasenger mellom. Spreidd står det her også kravfulle planter som raudsildre, gulsildre og hårstorr. I dei bratte fjellsidene rundt er det ein rik fjellvegetasjon, med kalkkrevjande fjellplanter som reinrose og rukkevier. Her er også lav- og mosefloraen undersøkt, og fleire mindre vanlege er funne her, som kystblæremose, samt ein del kalkkrevjande artar.

Området har ein relativt velutvikla kalkkrevjande fjellvegetasjon til å liggje så langt vest, og får ut frå dette verdien viktig (B). Lokaliteten er berre skjønnsmessig, grovt avgrensa på kartet ut frå områdeomtalen.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Eit ekstensivt beite er truleg positivt. Elles er miljøet nok i liten grad truga (unnateke eit varmare klima).

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 13 registreringer):

Bergstarr	01.06.1984
Dvergjamne	01.06.1984
Grønburkne	01.06.1984
Gulsildre	01.06.1984
Gulstarr	01.06.1984
Hårstarr	01.06.1984
Jåblom	01.06.1984
Loppestarr	01.06.1984
Murburkne	01.06.1984
Reinrose	01.06.1984
Rynkevier	01.06.1984
Rødsildre	01.06.1984
Svartstarr	01.06.1984

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 9 registreringer):

<i>Bryum rutilans</i>	Skjørvrangmose	Bladmose
<i>Mnium thomsonii</i>	Bergtornemose	Bladmose

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

95 Flåteskar

<i>Neckera crispa</i>	Krusfellmose	Bladmoser
<i>Plagiopus oederiana</i>	Nålepute-mose	Bladmoser
<i>Rhytidium rugosum</i>	Labbmose	Bladmoser
<i>Tortella fragilis</i>	Skjørvmose	Bladmoser
<i>Frullania jackii</i>	Kystblæremose	Levermoser
<i>Gyalecta jenensis</i>		Skorpelav
<i>Staurothele succedens</i>		Skorpelav

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

96 Kjeringebotnen

Etne kommune, 1211

UTM: ED50 32VLM, Ø: 470, N: 455

Naturtype: Deltaområde E01
Utforming: Lite og mindre formrikt delta E0102
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Klimaendring &
Feltsjekk: 12.08.1999 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.06.2007, ut frå Moe (2000):

Lokaliteten ligg på grensa mot Kvinnherad, aust for Midtbotnavatnet. Moe (2000) skriv at “Kjerringebotnen er et interessant parti ved Blådalselva ca. 1,5 km nedenfor Folgefonnas sørligste brearm. Her er det blitt sedimentert glaci-fluvialt materiale av sand og grus som har bygget opp noen mindre sletter i og ved elva. På slettene deler elva seg i små løp og disse skifter stadig retning i takt med vannføringen og de aktive prosessene erosjon og akkumulasjon.” Han nevner vidare nokre planteartar og moser herifrå, inkludert jøkelstorr (NT), snøull og blankstorr.

Lokaliteten får under litt tvil verdi viktig (B), sidan det er snakk om eit intakt deltaområde i eit distrikt der slike aktive miljø er sjeldsynte. Det er såpass lite og utan heilt spesielle artsfunn til at høgare verdi er lite aktuelt. Lokaliteten er berre skjønsmessig, grovt avgrensa på kartet ut frå områdeomtalen.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Området er truleg i første rekkje truga av klimaendringar som fører til at Folgefonna trekkjer seg attende (og forsvinn).

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 8 registreringer):

Jøkelstarr	12.08.1999	Nær truet (NT)
Blankstarr	12.08.1999	
Brearve	12.08.1999	
Fjellbunke	12.08.1999	
Fjellkvein	12.08.1999	
Rypestarr	12.08.1999	
Snømyrull	12.08.1999	
Stjernesildre	12.08.1999	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

97 Skjeggeshøset

Etne kommune, 1211

UTM: ED50 32VLM, Ø: 590, N: 474

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming: Bergknaus og rasmark C0104


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Nasjonalpark (N.lov §3)

Trusler: Klimaendring &

Feltsjekk: 04.08.1999 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.06.2007, ut frå Moe (2000):

Lokaliteten ligg i utmarka til garden Benstø, nord for Benstøvatnet, og er ein del av Folgefonna nasjonalpark. Moe (2000) skriv at “i Skjeggeshøset er dalsidene bratte, og den sørvendte lien har et gunstig lokalklima med tørre berghyller, forvittringsjord nedenfor med flere fuktig, næringsrike sig. Skjeggeshøset inneholder en kalkrik bergart i kontrast til de sure gneisene som preger resten av området.” Han nevner i tillegg fleire noko kravfulle artar herifrå, inkludert marinøkkel (NT), kastanjesiv, snøsøte, søterot (NT) og rukkevier.

Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er ein ganske artsrik flora her, med innslag av fleire mindre vanlege og til dels raudlista artar. Lokaliteten er berre skjønsmessig, grovt avgrensa på kartet ut frå områdeomtalen.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Området er truleg lite truga av anna enn eit varmare klima.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanterregistreringer på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

Marinøkkel	04.08.1999	Nær truet (NT)
Søterot	04.08.1999	Nær truet (NT)
Kastanjesiv	04.08.1999	
Kvann	04.08.1999	
Rynkevier	04.08.1999	
Snøsøte	04.08.1999	

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

98 Skjeggesnuten

Etne kommune, 1211

UTM: ED50 32VLM, Ø: 576, N: 487

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet C01

Utforming: Bergknaus og rasmark C0104


Verdi: Viktig B

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Nasjonalpark (N.lov §3)

Trusler: Klimaendring &

Feltsjekk: 03.08.1999 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.06.2007, ut frå Moe (2000):

Lokaliteten ligg i utmarka til garden Benstø, eit par km sør for Sauabreen/Folgefonna, og er ein del av Folgefonna nasjonalpark. Moe (2000) skriv at det ligg eit stor fyllittfelt i dette området, og at det ikkje er kjent andre område på Folgefonnhalvøya som har kalkrike bergartar så høgt oppe (ein må austover til Hardangervidda for å finne tilsvarende). Han skriv vidare at “den rike fjellfloraen i nivået 1200 - 1300 m o.h. under Skjeggesnuten er knyttet til skrifrige berg, bratte berghamrer og bekkkanter. Overalt er det rikelig med fint oppsmuldret forvittringsjord og gode forhold for mineraljordskrevende fjellararter. Rabbevegetasjon mangler, eller forekommer bare fragmentarisk på kanuser som stikker opp i terrenget.” Vidare ramser han opp ein lang rekkje med artar herifrå, som reinrose, fjellkattefot, tuvesildre, bergveronika, raudsildre, fjellsnelle, snøsøte, rynkevier, fjellbakkestjerne, knoppsildre og snøsildre.

Lokaliteten har ein ganske klar verdi som viktig (B), sidan det er relativt velutvikla kalkkrevjande fjellvegetasjon her, om enn utan dei mest sjeldsynte artane. Lokaliteten er berre grovt avgrensa ut frå Moe (2000) sin omtale av området.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Området er truleg lite truga av anna enn eit varmare klima.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanteregistreringer på lokaliteteten (totalt 19 registreringer):

Bekkesildre	03.08.1999
Bergveronika	03.08.1999
Bjørnebrodd	03.08.1999
Dvergssoleie	03.08.1999
Fjellbakkestjerne	03.08.1999
Fjellkattefot	03.08.1999
Fjellrapp	03.08.1999
Fjellsmelle	03.08.1999
Fjellsnelle	03.08.1999
Fjellveronika	03.08.1999
Flekkmure	03.08.1999
Grønnekurle	03.08.1999
Knoppsildre	03.08.1999
Reinrose	03.08.1999

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

98 Skjeggesnuten

Rynkevier	03.08.1999
Rødsildre	03.08.1999
Snøsildre	03.08.1999
Snøsøte	03.08.1999
Tuesildre	03.08.1999

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

99 Ilsvatnet nord

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 330, N: 135

Naturtype: Kystmyr A08

Utforming:


Verdi: Uprioritert U

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Drenering/gjenfylling &

Feltsjekk: 07.07.1978 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.06.2007, ut frå Kofoed (1979):

Lokaliteten ligg i Sørfjellet i Etnefjellet. Kofoed (1979) har omtala myrane her saman med myrareal ved Høylandstoska litt lengre nordvest. Han skriv m.a. om myrane på nordsida av Ilsvatnet at dei inneheld terrengdekkjande myrelement. Vidare at det er stor likskap med myrarealet nord for Holmavatnet (lokalitet 84).

Omtalen av lokaliteten er kortfatta og området vart ikkje undersøkt i 2006. Kunnskapen om dagens status og verneverdiar er difor ganske mangelfulle. Verdien vert difor inntil vidare sett til uprioritert (U). Lokaliteten bør undersøkjast på nytt, og om det ikkje har vore for mykje negative inngrep her i nyare tid, så er det sannsynleg at myrane får verdien viktig (B).

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil vere å la myra få liggje i fred for inngrep.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

100 Susheia NV

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 3358, N: 2619

Naturtype: Gammel lauvskog F07
Utforming: Fuktig kystskog F0703
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 21.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.06.2007, ut frå eigen tur saman med ulike personar tilknytta foreininga "Siste Sjanse" den 21.05.2004 (det vart ikkje teke særskilte notat), og herbariebelegg frå turen:

Lokaliteten ligg i eit småkupert, lauvskogdominert landskap nordaust for Indre Tungesvik i Åkrafjorden. Mykje av hellinga er mot nord. Det er blandingsskog med mest boreale lauvtre som gråor og bjørk, samt noko osp, men også innslag av eik, ask og hassel. Skogen har opplagt vore mykje utnyttat før, men har nå eit middelaldrandreg, med innslag av nokre gamle styvingstre av eik (i sørvest) og ask (særleg i nordaust). Det er lite daudt trevirke. Feltsjiktet er ikkje så rikt. Truleg er det mykje blåbærskog og lågurtskog, ofte mykje modifisert av beite, medan det vart funne lite edellauvskogsartar. Av interesse er særleg funn av fleire kravfulle og dels raudlista lav på gamle lauvtre, inkludert praktlav (VU), hodeskoddellav (VU), kranshinnelav (VU), kystkorallav (NT), gul pærelav (NT) og *Pachyphiale carneola* (VU). Dei to førstnemnde artane vart funne på or (gråor og svartor) i sumpskogsprege parti, kranshinnelav på styva ask, kystkorallav på berg, medan dei siste vaks på hhv. hassel og eik. I tillegg kjem einskilde artar av interesse også av vedbuande sopp, som orekjuke og stor ospeildkjuke.

Verdisetting: Ut frå naturtypar er det nok mest riktig å gje lokaliteten verdi viktig (B), sjølv om kanskje artsfunna kunne tilseie ein enda høgare verdi. Naturtype er diskutabel, ikkje minst sidan delar av verdiane er knytt til gamle, tidlegare styva edellauvtre. Avgrensinga er grov og dårleg. Truleg skulle lokaliteten har vorte delt opp i eit par mindre lokalitetar av ulik type (som rik sumpskog med or, haustingsskog med ask og gammal lauvskog med ulike treslag).

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er truleg å fjerne eventuell innplanta gran, men ellers stort sett la skogen få stå i fred. Ekstensivt beite er berre positivt. Oppatt-taking av styving er også positivt, men helst mindre realistisk. Særleg hogst av edellauvtre som ask, eik og hassel, samt av dels også av or og osp, er negativt (medan hogst av bjørk har mindre verknad).

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 6 registreringer):

<i>Bunodophoron melanocarpum</i>	Kystkorallav	Busk- og bladlav	Nær truet (NT)
<i>Cetrelia olivetorum</i>	Praktlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Leptogium burgessii</i>	Kranshinnelav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Menegazzia terebrata</i>	Skoddellav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Pachyphiale carneola</i>		Skorpelav	Sårbar (VU)
<i>Pyrenula occidentalis</i>	Gul pærelav	Skorpelav	Nær truet (NT)

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

101 Fjæra: Håfoss

Etne kommune, 1211

UTM: ED50 32VLM, Ø: 547, N: 407

Naturtype: Rik sumpskog F06
Utforming: Rik sumpskog F0601
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 24.05.2005 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGA den 10.06.2007, ut frå Tysse (2005):

Tysse (2005) skriv at det på nordsida av elva nedanfor Håfossen ligg ein liten gråorsumpskog. Lokaliteten vert i sør avgrensa av elva, i nord av granskog, i aust av berg og i vest av ein bekk. Sumpskogen har relativt ordinær vegetasjon, men vert dominert av næringskrevjande artar som engkarse og stortujamose. Mot vest går sumpskogen gradvis over i engvegetasjon med vanlege artar. Tysse (2005) skriv vidare at lokaliteten får verdi som lokalt viktig (C), fordi den ikkje oppfyller kriteria til naturtypen rik sumpskog etter DN-handboka, men at den likevel er lokalt viktig. Han har ikkje avgrensa lokaliteten på kart, berre omtala den skriftleg, noko som fører til at plasseringa på kartet er litt usikker.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane vil truleg vere å la skogen få stå i fred for inngrep.

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

102 Tøsse

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 472, N: 372

Naturtype: Gammel fattig edellauvskog F02

Utforming: Eikeskog F0201


Verdi: Lokalt viktig C

Vegetasjon: Ikke registrert

Vernestatus: Ingen vernestatus

Trusler: Skogbruksdrift &

Feltsjekk: 24.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.06.2007, ut frå Gaarder (2005):

Gaarder (2005) skriv følgjande om lokaliteten: “I nedkant av den bratte lia under det nedlagte bruket på Tøsse står det et ti-talls eldre eiketrær i et skogholt. Et par av dem har tendenser til å få dannet hulrom. Det ble bare funnet par vanlige lavararter på trærne, som grynvreng og stiftfiltlav, mens feltsjiktet var helt ordinært (grasrikt, preg av gjengroing til fattig lågurtskog).

Lokaliteten vurderes bare som lokalt viktig (C), siden ingen spesielt sjeldne eller kravfulle arter er påvist og miljøet ikke er spesielt velutviklet. Forekomster av gamle eiketrær, ikke minst trær som er eller er i ferd med å bli innhule, er likevel uansett verdifulle og bør bevares. På sikt vil potensialet for å finne sjeldne og truede arter her kunne bli stort. ”

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Gaarder (2005) skriv at “vannføringen i elva er trolig uten betydning for miljøet. Det viktigste vil være å unngå hogst eller skade av eiketrærne. For øvrig bør lokaliteten få ligge stort sett i fred, men en viss hogst av andre treslag for å unngå tett skog er en fordel. “

Litteraturliste fra Naturtypebasen:


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

103 Eikemo - naturbeitemark

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 4731, N: 3898

Naturtype: Naturbeitemark D04
Utforming:
Verdi: Lokalt viktig C
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Gjødsling
Feltsjekk: 24.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 10.06.2007, ut frå Gaarder (2005):

Gaarder (2005) skriv følgjande om lokaliteten: “På nordsiden av elva ved Eikemo ligger det litt åpen beitemark. Det mest av denne er artsfattig og trolig preget av gjødsling og jordbearbeiding. En liten flekk i en sørvendt skråning utmerket seg litt ved å være mer artsrik med høyere innslag av naturengplanter. Her vokste arter som engfiol, jonsokkoll, heiblåfjør, tepperot, finnskjegg, kystmyrklegg, smalkjempe, gulaks, aurikkelsveve, øyentrøst sp, kystmaure, bråtestarr, blåklokke, kornstarr, legeveronika, engfrytle, kattefot og tiriltunge, sammen med skogsarter som hvitlyng, blokkebær og mjuk kråkefot. Lokaliteten var i ganske god hevd og har potensiale for beitemarkssopp.

Lokaliteten vurderes bare som lokalt viktig (C), siden ingen spesielt sjeldne eller kravfulle arter er påvist og miljøet ikke er ganske lite. Det er skiller seg likevel positivt ut, og en kan ikke utelukke at bedre undersøkelser på høsten også kan medføre at enkelte rødlistede beitemarkssopp dukker opp og fører til at naturverdien bør forhøyes.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Gaarder (2005) skriv at “vannføringen i elva er uten betydning for miljøet. Det viktigste er å opprettholde et fortsatt godt beitetrykk, rydde vekk oppslag av trær og kratt, samt ikke gjødsla denne delen av beitemarka.”

Litteraturliste fra Naturtypebasen:

Karplanteregistreringer på lokaliteten (totalt 17 registreringer):

Aurikkelsveve	24.05.2005
Blåklokke	24.05.2005
Bråtestarr	24.05.2005
Engfiol	24.05.2005
Engfrytle	24.05.2005
Finnskjegg	24.05.2005
Gulaks	24.05.2005
Heiblåfjør	24.05.2005
Jonsokkoll	24.05.2005
Kattefot	24.05.2005
Kornstarr	24.05.2005
Kystmaure	24.05.2005
Kystmyrklegg	24.05.2005
-	-

Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

103 Eikemo - naturbeitemark

Legeveronika	24.05.2005
Smalkjempe	24.05.2005
Tepperot	24.05.2005
Tiriltunge	24.05.2005


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

104 Aksland

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 233, N: 229

Naturtype: Gammel lauvskog F07
Utforming: Fuktig kystskog F0703
Verdi: Svært viktig A
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Skogbruksdrift &
Feltsjekk: 22.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 19.06.2007, ut frå eigen tur saman med ulike personar tilknytta foreininga "Siste Sjanse" den 22.05.2004 (det vart berre teke avgrensa med notat), og herbariebelegg frå turen:

Lokaliteten ligg ovafor vegen heilt vest på Aksland, innafor Taraldsøy. Det er snakk om fuktig, gammal beitemark som no gror att med lauvskog. Truleg har det vore spreidd tresetting her tidlegare, men i periodar helst også ganske ope. Det står nokre eldre styvingstre av ask, og ellers er det ein del gråor, samt innslag av andre boreale lauvtre som bjørk, rogn og osp her. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men ber preg av ein del vass-sig i grunnen. Skogen er ganske småvaksen. På tross av dette så er det ein ganske interessant lavflora på lauvtree. På gråor veks grå buktrinslav (EN) spreidd. På ei styva ask vart olivenfiltlav (VU) funne, samt at det var innslag av einskilde andre artar i lungenever-samfunnet som skrubbenever og grynfiltlav. I tillegg kjem vanleg rurlav. Feltsjiktet verka derimot ganske trivielt. Naturtypeeining er diskutabel, men verdiane er nok særleg knytt til det fuktige lauvskogsmiljøet og i mindre grad kulturpreget.

Verdisetting: Ut frå funn av fleire raudlisteartar er deet klart at lokaliteten minst skal ha verdi viktig (B), og under litt tvil vert den her også sett til svært viktig (A), sidan det er brukbar bestand av ein sterkt truga art. Avgrensinga er litt usikker mot sør, men truleg ganske klar mot vegen i nord og meir åpen beitemark i aust og vest.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er truleg å la skogen få stå i fred (sjølv om dette for ein stor del er attgroande beitemark). Ein bør i det minste vere varsam med å hogge or og ask, medan hogst av bartre og bjørk kanskje kan vere positivt. Ekstensivt beite er helst berre positivt.

Registreringer av andre artar på lokaliteteten (totalt 5 registreringer):

<i>Fuscopannaria mediterranea</i>	Olivenlav	Busk- og bladlav	Sårbar (VU)
<i>Hypotrachyna laevigata</i>	Grå buktrinslav	Busk- og bladlav	Sterkt truet (EN)
<i>Lobaria scrobiculata</i>	Skrubbenever	Busk- og bladlav	
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	Busk- og bladlav	
<i>Thelotrema lepadinum</i>		Skorpelav	


Naturtyper i Etne

Miljøfaglig Utredning AS

105 Ebna: Teigane

Etne kommune, 1211
UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 2117, N: 2262

Naturtype: Hagemark D05
Utforming: Eikehage D0503
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing & Skogbruksdrift
Feltsjekk: 22.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGa den 19.06.2007, ut frå eigen tur saman med Asbjørn Knutsen tilknytt foreninga "Siste Sjanse" sin tur til området den 22.05.2004 (det vart berre teke avgrensa med notat), og herbariebelegg frå turen:

Lokaliteten ligg på Ebna ned mot Skånevikfjorden. Det er snakk om ein del grove og gamle eiketre, dels over 1 meter i brysthøgdediameter, som står spreidd inntil hus og i kulturlandskapet i området. Saman med ein nærliggande førekomst litt nærare vegen er det snakk om eit 20-tals grove eiketre og ein del mindre grove tre i tillegg. Trea står for ein del halvope. Feltsjiktet verkar ikkje særleg interessant og har dels eit noko nitrofilt preg. Derimot veks det nok fleire interessante og dels raudlista skorpelav på eiketrea. M.a. vart raudlistearten *Pachyphiale carneola* (VU) funne, samt vanleg rurlav.

Verdisetting: Ut frå funn av ein sårbar art og brukbart innslag av grove og gamle eiketre verkar det riktig å gje lokaliteten verdi viktig (B). Avgrensinga er litt usikker sidan denne er gjort ei god stund etter at sjølve undersøkinga føregjekk.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la eiketrea få stå i fred, samtidig som det ikkje veks opp skog eller at trea på andre måter vert utskygga. Det bør ikkje gjødslast for mykje inntil trea. Nydanning av middelaldrande og eldre eiketre er viktig.

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 2 registreringer):

<i>Pachyphiale carneola</i>	Skorpelav	Sårbar (VU)
<i>Thelotrema lepadinum</i>	Skorpelav	

Naturtyper i Etne


Miljøfaglig Utredning AS

106 Ebna: hagemark

Etne kommune, 1211

UTM: EUREF89 32VLM, Ø: 214, N: 224

Naturtype: Hagemark D05
Utforming: Eikehage D0503
Verdi: Viktig B
Vegetasjon: Ikke registrert
Vernestatus: Ingen vernestatus
Trusler: Gjengroing &
Feltsjekk: 22.05.2004 (siste)



Naturtypebeskrivelse:

Lokalitetsskildring innlagt av GGA den 19.06.2007, ut frå eigen tur saman med Asbjørn Knutsen tilknytta foreininga "Siste Sjanse" sin tur til området den 22.05.2004 (det vart berre teke avgrensa med notat), og herbariebelegg frå turen:

Lokaliteten ligg på Ebna på nedsida av hovudvegen. Det er snakk om eit lite skogholt på beitemark der det veks fleire grove og gamle eiketree, dels over 1 meter i brysthøgdediameter. Skogen er noko for tett for eiketree og nokre av dei slit tydelegvis med for lite lystilgang. Saman med ein nærliggande førekomst nærare sjøen er det snakk om eit 20-tals grove eiketree og ein del mindre grove tre i tillegg. Feltsjiktet verkar ganske fattig. Derimot veks det nok fleire interessante og kanskje raudlista skorpelav på eiketree. M.a. vart vanleg rurlav funne.

Verdisetting: Ut frå førekomst av fleire grove og gamle eiketree får lokaliteten under litt tvil verdi viktig (B). Avgrensinga og plassering av lokaliteten er noko usikker sidan denne er gjort ei god stund etter at sjølve undersøkinga føregjekk.

Forslag til skjøtsel og hensyn:

Det beste for naturverdiane er å la eiketree få stå i fred. Samtidig bør ein rydda unna ein del andre tre, slik at eiketree ikkje vert så mykje utskygga. Det bør ikkje gjødslast i nærområdet, men beite er berre positivt (så sant dyra ikkje skader tree). Nydanning av middelaldrande og eldre eiketree er viktig.

Registreringer av andre arter på lokaliteteten (totalt 1 registreringer):

Thelotrema lepadinum

Skorpelav

